


**EU-STRIDEN PÅ LEIARPLASS:
EIN RETORISK ANALYSE AV FIRE NORSKE DAGSAVISER**



**Ingunn Breivik
Hovudoppgåve i medievitenskap
for Cand.polit. -graden
Institutt for informasjons- og medievitenskap
Samfunnsvitenskapleg fakultet
Universitetet i Bergen
Våren 2006**

Forsideillustrasjon av Marvin Halleraker.
Frå kronikk i BT av Steinar Hansson: "Mens vi venter på EU".
(<http://www.marvin.no/>)

Forord

Takk til Barbara Gentikow for grundig og motiverande veiledning.

Til pappa og mamma: Tusen takk for alt de har gjort for at eg skulle bli ferdig. Uten den hjelpa hadde eg ikkje klart det!

Til Kristin og Øyvind: Eg er privilegert som har så gode søsken.

Til Stefan: Takk for at du har hjelpt meg så godt du kunne.

Til Lisa og Mikael: ”Kortid skal du egentlig bli ferdig med den oppgava di, mamma?” Meir effektiv motivasjon kan ingen få!

Takk også til venninnene mine, særleg til Ulla som har vore perfekt selskap innimellom skrivinga!

Ingunn Breivik
Bergen, mai 2006

1. Innleiing.....	6
Problemstilling.....	6
Materiale.....	7
Om teori og metode	9
Bakgrunn for folkeavstemminga i 1994.....	11
Oppbygging av oppgåva.....	15
2. Leiarartikkelen si rolle i meiningsdanninga	16
Kjenneteikn ved leiarartikkelen.....	16
Kven avgjer meiningane?.....	17
Avisa som politisk aktør.....	18
3. Retorikk.....	20
Historikk.....	20
Om talen.....	22
Dei retoriske bevismidlane.....	24
Ethos.....	24
Pathos.....	25
Logos.....	26
Elocutio.....	26
Stil.....	26
Dei retoriske formene.....	28
Metafor.....	29
4. Fiendebilete i EU-kampen.....	33
Fordommar, fiendebilete og stereotypiar.....	33
Omgrepet 'den andre'	35
Førekomst av fiendebilete i EU-kampen.....	36
5. Analyse av leiarartiklane.....	39
Klassekampen.....	39
Kven var motparten?.....	39
Ja-aktørane er maktfolk.....	39
Ja-aktørane og ja-folket er elitistiske og snobbete.....	41
Ja-aktørane tar i bruk skitne triks.....	42
Ja-sida framstilt som ei blokk.....	43
Omtale av motstandarane sin argumentasjon.....	43
Folkeleg språkbruk.....	44
Metaforbruk.....	46
Klassekampen var ein tydeleg aktør.....	48
Bergens Tidende.....	50
Kven var motparten?	50
Korleis framstilte BT motparten?	50
BT framstilte seg sjølv som diplomatiske.....	51

Forståingsfull tone.....	52
Metaforbruk og språklege verkemiddel.....	54
Lav aktørprofil?	56
Dagbladet.....	57
Kven var motparten?	57
EU-motstandaren som skeptisk og sta.....	57
Populistiske nei-politikarar og nei-aktørar.....	58
Nei-aktørane er fundamentalistar.....	59
Omtale av motstandarane sin argumentasjon.....	60
Sentrum-periferi.....	61
Metaforbruk og språklege verkemiddel.....	63
Dagbladet som aktør.....	65
Nationen.....	66
Kven var motparten?	66
Omtale av motparten sin argumentasjon.....	66
Ja-aktørane er kyniske maktfolk.....	66
Avbalansert haldning.....	68
Sentrum-periferi.....	69
Metaforbruk og språklege verkemiddel.....	70
Nasjonen som aktør.....	71
6. Framstillingar av motparten: oppsummering av analysane....	73
6.1 Motparten framstilt som ei blokk.....	73
6.2 Motparten tok i bruk 'alle tenkelige midler'.....	73
6.3 Stereotypiske framstillingar av ja-aktørane og ja-sida.....	74
6.4 Stereotypiske framstillingar av nei-aktørane og nei-sida.....	75
7. Den retoriske situasjonen.....	77
Avisene og den retoriske situasjonen.....	78
Bergens Tidende.....	80
Dagbladet.....	81
Klassekampen.....	82
Nasjonen.....	83
Diskusjon av problemstilling og framgangsmåte.....	84
8. Avslutning.....	86
Medieskapt politisk kommunikasjon.....	86
Objektivitet eller journalistikk?	87
'Anti-politik'.....	88
'Argument is war'.....	89
Kontroversens dilemma.....	90
Kjelder.....	92
Vedlegg 1: Oversikt over EU-artiklar.....	97
Vedlegg 2: Formålsparagrafar.....	98

1. Innleiing

Temaet for oppgåva er den norske EU-debatten som fann stad i førekant av avstemminga i 1994, og korleis denne arta seg på leiarplass i Klassekampen, Nationen, Dagbladet og Bergens Tidende. EU-saka er ei politisk sak, men blei tatt opp til diskusjon også i organisasjonar og fora som til vanleg er apolitiske. Til dømes tok blant anna fagforeiningar, næringslivsorganisasjonar og interesseorganisasjonar av varierende storleik offentleg standpunkt i saka. Målrørsla og fråhaldsrørsla tok til dømes eit aktivt nei-standpunkt. Når det gjaldt mediene, så var dei fleste av dei store dagsavisene ja-aviser. NRK og TV2 derimot var nøytrale.

Etter andre verdskrigen er det inga anna politisk sak som har skapt så sterke kjensler i det norske folket som dei to avstemmingane i 1972 og 1994. Saka skapte på same tid eit intenst samhald og ei like intens splitting. Årsakene til den norske EU-motstanden er mange og komplekse. Faktorar som Noreg si geografiske plassering, tradisjonell atlantisk orientering, sentrum-periferi konflikt og dei såkalla motkulturane vert ofte nemnde som forklaringar på den kraftige motstanden. Når det gjeld konfliktnivået i folket, kan sjølve *folkeavstemminga* også hatt noko å seie. I avstemminga var det snakk om å velje eitt av to, eit kompromiss var altså utelukka.

Forutan sjølve saka er dette det som interesserer meg i sjølve EU-debatten: dei sterke kreftene som vart sett i sving i begge leirane. Saka delte folket i to, dette viste seg på valresultatet, og i førekant av den i alle dei opprivande konfliktane som hadde funne stad rundt om i landet. Fokuset mitt er hovudsakleg på nedrakkinga av motparten, og slik sett fungerer EU-saka som ein 'case' for å undersøkje kva språkbruk som gjer seg gjeldande i ordstrid. Som eg argumenterer for nedanfor er leiarartiklar i så måte ein sær s eigna innfallsvinkel.

1.1 Problemstilling

Formålet med oppgåva er å skildre avisene si framferd i EU-striden. Meir spesifikt er oppgåva si overordna problemstilling som følgjer: "Korleis framstilte avisene på leiarplass meiningsmotstandarane i EU-kampen?". Med framstilling tenkjer eg på kva ordval avisene nytta for å beskrive motparten. I tillegg vil eg sjå på i kva grad avisene framsto som aktørar og kva dei gjorde for å verke avbalanserte. Eg vil spesielt legge vekt på metaforisk språkbruk og vil også sjå etter eventuell bruk av fiendebilete og stereotypiar. Ein hypotese er at jo meir involvert avisa var i EU-spørsmålet, jo sterkare var ordbruken.

'Faren' med denne problemstillinga og hypotesen er todelt. For det første er det lett å finne stoff som kan underbygge påstanden min. For det andre er det eit visst normativt preg ved både problemstillinga og hypotesen. Implisitt i spørsmålet 'korleis framstilte avisene motparten' ligg det at det *nødvendigvis* var på ein ufordelaktig måte. Analysane viser derimot at funna ikkje treng vere så opplagte, det er klart at meiningsmotstandarane vart framstilt meir negativt enn den sida avisa var einig i, men dette er ei sjølvfølgje. Det eg meir var interessert i er *graden* av 'nedrakking', kva måtar avisene bruker for å gjere dette, og i kva grad dei passar seg for å vere for krasse. Og ikkje minst *kvifor* dei skreiv slik dei gjorde.

1.2 Materiale

I oppgåva vil eg som nemnt analysere leiarartiklane i fire norske dagsaviser: Klassekampen (KK), Dagbladet (DB), Bergens Tidende (BT) og Nationen. Nedslagsfeltet er frå 28. oktober til og med 28. november 1994, altså sjølve dagen for EU-avstemminga.¹ Eitt av måla med oppgåva er å få eit innblikk i korleis avisene omtalte motparten. Det er naturleg at intensiteten i debatten auka i takt med at ein nærma seg valdagen, og derfor har eg valt å leggje utvalet til dei fire siste vekene før avstemminga. Utvalet er for tynt til at eg kan komme med representative konklusjonar, men for å kunne lage ein kvalitativ tekstanalyse i ei oppgåve av mitt format, er det nødvendig med eit overkommeleg primært materiale.

Ei av årsakene til at eg ønskjer å undersøkje ordbruken på leiarplass, er at avisene på mange måtar var blant dei viktigaste kjeldene til informasjon under EU-debatten. Statistisk sentralbyrå sitt mediebarometer frå 2005 viser at på ein gjennomsnittsdag las 74 % av befolkninga i alderen 9-79 år avis. Talet var enda høgare i 1994, ettersom lesing av trykte aviser dei siste ti-tolv åra har vore synkande. Trass i denne stadige reduksjonen av avislesing vert det i mediebarometeret konkludert med at "[...] nordmenn er ivrige avislesere uansett sosial og økonomisk status".²

Forutan den sentrale stillinga avis som medium har i opinionsdanninga, er det også andre meir praktiske grunnar til at eg vil analysere avisartiklar. Både oversikt og tilgjengelegheit er faktorar som spelar inn her. Materialet var også det som høgde best med problemstillinga mi. Språkbruken kjem tydelegare fram i denne typen artiklar enn til dømes i debattprogram på radio

¹ Eg fekk tilgang til avisene ved Universitetsbiblioteket sin mikrofilmavdeling ved UBBHF.

² <http://www.ssb.no/emner/07/02/30/medie/sa78/avis.pdf>

og fjernsyn, der teksten består av ei rekkje ofte usamanhengande utsegner og der avbrytingar nærast er ein del av sjangeren.

I analysen tar eg utelukkande for meg leiarartiklane, og berre dei som handlar om EU.³ Meir spesifikt har eg som kriterium at artikkelen skal handle om EU og Noreg, det vil seie den norske EU-debatten og Noreg sitt forhold til EU. Artiklar som berre har tatt for seg EU indirekte vert ikkje inkludert.

Valet av leiarartikkelen⁴ framfor andre avissjangerar er eit resultat av interessefeltet, eg var interessert i å sjå på avisene sitt subjektive meningsstoff, og då fall det seg naturleg å velje avisene sine leiarar som analyseområde. Leiarartikkelen er ikkje underlagt same krav til objektivitet som nyhendedekninga, her er det meininga at avisa skal kunne uttrykkje i klartekst kva dei meiner i ei sak: "Siden det i norsk presse er en sterk tradisjon for å skille mellom kommentar og nyheter (Østbye 1989), er det ikke noe merkelig i at de mest artikulerte meningene (og dermed fiendebildene) finner veien til lederen, som er det institusjonaliserte forum for avisas meningsdannelse" (Ottosen 1994: 124). Nettopp dette gjer leiarartikkelen spesielt eigna til min analyse, det er her eg kan finne dei sterkaste synspunkta om EU-debatten og motparten.

Avisene er valde utifrå fleire ulike omsyn. Klassekampen og Nationen er nei-aviser, Bergens Tidende og Dagbladet ja-aviser. I tillegg ville eg ha med aviser med ulik bakgrunn og ulike roller. Klassekampen og Nationen er riksdekkjande nisjeaviser, med eit spesifikt publikum. KK har fortid som partiavis for AKP, og dekkjer den radikale venstresida. Nationen som er tidlegare senterpartiavis vender seg til folk i distriktet, og gjerne også til folk med tilknytning til primærnæringa. Dermed får eg dekkja to ulike sider i motstanden mot EU, både dei venstreintellektuelle og byradikale og også dei som tradisjonelt vert knytta til sentrum-periferi-dimensjonen. Ei utgreiing av dette siste omgrepet kjem seinare i oppgåva.

Dagbladet og Bergens Tidende er også på mange måtar svært ulike aviser. Dagbladet har eg tatt med fordi den er ei av dei største avisene her i landet, og eg ville ha med ei typisk laussalsavis for å få med også den delen av avisspekteret. Der BT framstår som ei seriøs abonnementsavis, vert DB ofte skulda for å vere 'tabloid' også i innhaldet. I DB sitt tilfelle er det likevel ei utbreidd oppfatning at sjølv om mykje av det dei presterer er populærjournalistikk, står dei også samtidig for det beste innan norsk journalistikk. Ein annan opplagt forskjell er sjølvsgt

³ I vedlegg 1. finst ei oversikt over talet på EU-artiklar i kvar avis.

⁴ I kapittel 2. vert det gjort nærare greie for ulike sider ved leiarartikkelen.

at BT er regionavis for Bergen og Vestlandet, medan DB er riksdekkjande laussalsavis med base i Oslo.

1.3 Om teori og metode

EU-saka var og er ei brennbar politisk sak i Noreg, med knallharde frontar. Avisene eg har i utvalet mitt hadde alle fatta eit uttrykt standpunkt og prøvde på leiar/kommentar plass meir eller mindre iherdig å få lesarane over på 'rett' side. Til dette brukte dei ulike retoriske verkemiddel. Metoden eg bruker kan karakteriserast som kvalitativ metode med retoriske analyseverktøy. I denne typen oppgåve er kvalitativ metode eit naturleg val, ettersom eg er opptatt av å finne fram til omtalemåtar og retoriske grep. Ei opptelling av visse typar ord og termar kunne kanskje latt seg gjere i eit meir omfangsrikt materiale enn mitt, men ofte er omtalen meir subtil enn at den kan la seg kvantifisere. Figurativ språkbruk lar seg ofte kjenneteikne nettopp ved at den kan forståast på fleire måtar, og må derfor tolkast for å bli meiningsfull. For min del var det derfor nødvendig med nærlesing for å kunne skimte nyansane i tekstane, og etter fleire gongars lesing kunne komme fram til meir overordna kategoriar i framstillingane. Desse kategoriane kom eg fram til etter eit 'induktivt' prinsipp, og derfor varierer dei også delvis frå avis til avis, nettopp fordi funna varierer.

Nærlesing⁵ inneber som namnet tilseier ei grundig lesing av ein tekst. Leiarartiklane vert ofte ikkje lesne i det heile av lesarar flest, eller kanskje vert dei skumma gjennom. Kontrasten til mine relativt grundige analysar av artiklane vert sjølvsagt stor, og det seier seg sjølv at faren for overfortolking er tilstades i høg grad. Viss ein vender på det, kan denne svakheita med metoden også seiast å vere ein styrke; kvalitativ tekstanalyse inneber jo at ein går djupt ned i eit emne. Målet er ikkje å behandle materialet på ein overflatisk måte, men tvert imot ved hjelp av tolking og analyse å komme fram til meiningar som kanskje nettopp er skjult ved førstegangslesing.

I ein tekstanalyse har ein også som regel ein idé om kva ein forventar å finne, og dette styrer sjølvsagt det ein faktisk finn. Sjølv om dette kan seiast å vere kritikkverdig, er det likevel konstruktivt å ha visse retningslinjer for å vere strukturert og fokusert. Kunsten er å samtidig ha auga åpne for andre interessante aspekt som kjem til syne. Likevel er det uunngåeleg i ei slik type

⁵ Uttrykket 'nærlesing' er eigentleg henta frå litteraturvitskap, det kjem frå det engelske 'close reading', eit omgrep knytta til den såkalla nykritikken. Grovt skissert inneber det eit fokus på dei ulike elementa i det litterære verket, og vekk frå konsentrasjonen om opphav og kontekst (Lothe, Refsum og Solberg 1997: 179). Min bruk av omgrepet inneber ikkje det siste, eg er interessert både i detaljar ved teksten, men òg i konteksten rundt.

oppgåve at analysane får eit visst repeterande preg. Sjølv om avisene på fleire måtar er svært ulike aviser med ulike tilnærmingar til EU-saka og ulike lesarkretsar, skapte den kommande avstemminga liknande situasjonar i alle avisene, dei ville at deira side skulle vinne. Analysane ber preg av dette, ikkje sjeldan er det same type skyts som vert brukt, berre med motsette forteikn. I oppgåva inngår det derfor også eit visst komparativt element, det er naturleg å kommentere forskjellar/likskapar i ei oppgåve av denne typen. Dette er likevel ikkje eit mål i seg sjølv, og eg har ikkje via spesifikk merksemd til samanlikninga.

I retorikken vert omgrepet 'talar' brukt om det som i moderne kommunikasjonsteori vert kalla 'avsendar'. I mange typar tekstar lar ikkje talaren seg definere som ein person, men består gjerne av ei gruppe personar. Den einskilde leiarartikkel er nok stort sett skriven av *ein* person, men artikkelen er som regel usignert. Tradisjonelt er det gjerne ein av redaktørane eller ein betrudd journalist med lang fartstid på huset som står bak artikkelen (Gauslaa og Hauglid 1997). I analysane har eg sett likskapsteikn mellom leiarskribenten og avisa som heilskap, sjølv om eg er klar over dei mange ulike stemmene som finst i ei avis. Likeeins tar eg ikkje stilling til om det er ein eller fleire leiarskribentar, det er summen av desse og det biletet dei til saman skaper som interesserer meg.

Som innfallsvinklar til problemstillinga mi har eg brukt litteratur frå ulike fagområde. Oppgåva tar for seg fleire sider ved den norske EU-debatten, ein del fakta om sjølve saka fungerer derfor som forankring innleiingsvis. Litteratur som tar for seg leiarartikkelen som avissjanger har også vore nyttig, blant anna for å klassifisere kva status og rolle den har blant lesarane. EU-kampen kan på mange måtar kallast ein konflikt, sjølv om det ikkje fann stad fysiske konfrontasjonar i regi av dei offisielle aktørane.⁶ Teori om bruk av fiendebilete er analytisk nyttige, dei har forklaringskraft i forhold til framstillingane avisene hadde av motparten.

Tekstar kan bli inndelte i ulike nivå og sjangrar, i *Metodebok for mediefag* vert det mellom anna vist til inndeling etter diskurstypar, der ein deler inn etter tre hovudtypar: beskrivande, fortellande og argumenterande (Østbye mfl. 2002: 71). Om den sistnemnde skriv dei følgjande: "Argumenterende diskurser forsøker å overbevise mottakeren om noe. Ledere i avisa, politiske taler og debattinnlegg er typiske eksempler" (ibid.: 72). Den retoriske innfallsvinkelen

⁶ At det vart framsett drapstruslar og liknande av anonyme aktørar kan ikkje reknast med, ikkje sjeldan vert slike situasjonar utnytta av pøblar som ikkje dermed treng knyttast til verken den eine eller andre sida.

er dermed svært godt eigna til temaet eg har valt, nettopp fordi det i stor grad dreidde seg om *overtydning*.

Det å framstille motparten i eit uheldig lys er også ein del av *overtydninga*, og dette er ein sentral del av mi oppgåve. Retorikk er på mange måtar ei innfløkt lære med eit sinnrikt system av kategoriar og underkategoriar så å seie i det uendelege. Det gir ikkje meining i ei oppgåve av mitt format å verken skulle gjere seg nytte av eller ramse opp alle desse forgreiningane. I staden er det meir fruktbart å bruke retorikk som eit verktøy for å finne fram til interessante aspekt ved dei aktuelle tekstane. Det retoriske perspektivet på oppgåva fell på mange måtar saman med metoden, det blir kunstig å trekkje eit klart skilje mellom det som gjeld metoden og det eg har brukt som teoretisk innfallsvinkel. Slik sett fungerer for eksempel metafor-teori både som teori og metode, fordi det har vore styrande på korleis eg gjennomførte analysen, samtidig som det nettopp er i lys av desse teoriane eg tolkar resultata.

1.4 Bakgrunn for folkeavstemminga i 1994

Noreg, med regjeringa Brundtland i spissen, søkte om medlemskap i Den Europeiske Union 24. november 1992. Forhandlingane var i gang 5. april året etter. Dette var fjerde gongen Noreg søkte, frå før hadde dei søkt i 1962, 1967 og 1970. I 1962 og 1967 blei søknaden avvist av Frankrike sin dåverande president Charles de Gaulle, som brukte veto for å hindre at Storbritannia vart medlem. I 1969 hadde De Gaulle gått av som president, og søknaden i 1970 vart dermed innfridd. Den rådgjevande folkeavstemminga 25. september 1972 viste eit fleirtall for motstandarane av Det Europeiske Fellesskap, 53,5 prosent svarte nei og 46,5 prosent svarte ja. Danmark og Storbritannia gjekk på si side inn i Fellesskapet (Todal Jenssen 1995).

EF-avstemminga skapte politisk kaos i Noreg, og førte til både partisplitting og kabinettspørsmål. Den EF-vennlege fløyen av Venstre braut ut av partiet under landsmøtet på Røros i 1972 og danna Det Nye Folkepartiet (seinare Det Liberale Folkepartiet). I 1972 hadde motstandarane internt i Ap gruppert seg i Arbeidernes Informasjonskomité mot EEC (AIK). Seinare braut ein del av medlemmane i AIK ut av Ap og gjekk inn i Sosialistisk Valgforbund (seinare Sosialistisk Venstreparti) (Bjørklund 1997). Etter avstemminga gjekk regjeringa Bratteli av makta, som følgje av nei-fleirtalet i folket.

Etter avstemminga i 1972 vart debatten kring EF-spørsmålet lagt død i mange år. Mot slutten av 1980-talet blussa debatten opp igjen, og Stortingsvalet i 1989 vart karakterisert som eit

EU-val. Nei til EF vart oppretta i 1990.⁷ Ved stortingsvalet i 1993 var også EU⁸-spørsmålet den saka som vart heftigast debattert, sjølv om ja-partia prøvde å legge lokk på debatten (Aardal og Todal Jenssen 1995: 33).

Mykje hadde forandra seg frå sist gong Noreg søkte medlemskap. Den kalde krigen var over og det var ikkje lenger utenkjeleg at EU ville utvide østover. Nabolanda våre, Sverige og Finland, hadde allereie søkt om medlemskap. Etableringa av den indre marknaden frå 1. januar 1993 og den formelle opprettinga av EU som union i og med Maastricht-traktaten, gjorde integreringa innanfor EU endå tettare. Dette var også hovudargumenta til Gro Harlem Brundtland for at Noreg burde søkje medlemskap i EU (Todal Jenssen 1995).

Den 27. og 28. november 1994 skulle det norske folket svare på spørsmålet: "Bør Norge bli medlem av EU, Den europeiske union?". Resultatet frå avstemminga var ganske lik den førre, 52.2 stemte nei og 47.8 ja. Valdeltakinga var på 88,8 prosent, omtrent 10 prosent høgare enn i 1972 (79,2). Ein av grunnane til at valdeltakinga var høgare kan ha å gjere med at krysspreset frå 1972 var redusert, i 1994 ville regjeringa unngå å presse veljarane og kabinettspørsmål vart ikkje stilt. EU-motstandarane innan Ap, Sosialdemokrater mot EU, lovde på si side å løyse seg opp like etter avstemminga (ibid.).

I 1972 var Norges Kommunistiske Parti, Senterpartiet, Sosialistisk Folkeparti, Kristeleg Folkeparti og Venstre (etter splittinga) nei-parti. Høgre og Det nye Folkepartiet⁹ var ja-parti. Arbeidarpartiet var splitta. Partia følgde stort sett same mønster i 1994, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Kristeleg Folkeparti, Venstre og Raud Valallianse var mot EU i 1994, Høgre var reint ja-parti, medan Arbeidarpartiet også no var splitta. Framstegspartiet tok ikkje offentleg standpunkt. Gro Harlem Brundtland (Arbeidarpartiet) og Anne Enger Lahnstein (Senterpartiet) vart utpeikte til høvesvis ja- og nei-dronningar. Kristen Nygaard, leiar i Nei til EU og Inge Lønning frå Europabevegelsen var dei mannlege rivalane. Dei mest sentrale organisasjonane på nei-sida var Nei til EU og Sosialdemokratar mot EU, medan ja-sida hadde Europabevegelsen, Europeisk ungdom og Fra nei til ja. Nei til EU var den største med heile 140 000 medlemar hausten 1994. Til samanlikning hadde Europabevegelsen 35 000 medlemar (ibid.).

⁷ 'Opplysningsutvalget om Norge og EF' vart oppretta i 1988, og blei omorganisert til 'Nei til EF' i 1990 samtidig som den blei gjort til medlemsorganisasjon. I 1994 skifta organisasjonen namn til 'Nei til EU' (<http://www.snl.no/article.html?id=691273&o=1&search=eu>)

⁸ EF blei til EU i november 1993 då Maastrichtavtalen tredde i kraft. (<http://www.nrk.no/nyheter/eu/3730466.html>).

⁹ I 1980 skifta det namn til Det Liberale Folkepartiet.

EU-kampen hadde før avstemminga i 1972 intensivert kulturelle, økonomiske, sosiale og ideologiske motsetnader i folket, og i 1994 gjorde dette mønsteret seg synleg att (Todal Jenssen, Listhaug og Pettersen 1995: 149). Skillelinjemodellen til Stein Rokkan og Henry Valen er den modellen som er mest nytta for å forstå veljarframferd i Noreg, og modellen vart brukt for å forklare resultatet av EF-avstemminga i 1972. I *Brussel midt imot: Folkeavstemningen om EU* (1995) baserer Todal Jenssen, Listhaug og Pettersen seg på denne modellen i eit forsøk på å finne ut om den også kan ha forklaringskraft i forhold til folkeavstemminga i 1994.

Den første skillelinja dei tar for seg er den såkalla 'territorielle skillelinja' (ibid.: 144). I fokus her står den klassiske motsetnaden mellom geografisk sentrum og periferi. Grovt skissert går den ut på at jo lengre ein oppheld seg frå makta sitt *fysiske* sentrum, jo lengre er ein *reelt* frå makta. Denne skillelinja handlar altså om den 'evige' motsetnaden mellom bygd og by. EU-debatten er av mange blitt karakterisert som ein sentrum-periferi konflikt: "EU-striden er blitt framstilt som en kamp mellom topp og bunn i samfunnet, mellom elite og grasrot. Ikke bare dreier det seg om geografisk avstand til makthaverne, men også om avstand knyttet til politisk og sosial posisjon" (Bjørklund 1999: 166).

Samstundes er sentrum-periferi konflikten svært samansett og heng også blant anna saman med kommunane sin økonomi og storleik. Mange små kommunar i bygde-Noreg har ein mindre utvikla økonomi og er meir basert på primærnæring enn dei større meir sentrale kommunane. Innanfor landbruks- og fiskerisektoren er det relativt stor semje om at eit eventuelt EU-medlemskap kan få kritiske konsekvensar, av ulike grunnar for dei to næringane. Der primærnæringa er mest redd for konkurranse, er fiskerinæringa i grove trekk mest opptatt av å behalde og sikre seg kvotar og generelle fiskerettar (ibid.: 153). Koplinga mellom å tilhøyre ei utsett næring og vere busett langt frå det politiske sentrum var nok utslagsgjevande for mange nei-tilhengjarar. I EU-saka vart den tradisjonelle skepsisen og motstanden mot sentrum vendt mot eit ytre sentrum, altså EU-hovudstaden Brussel.

'Motkultur'-skillelinja er delvis knytt opp til den førre. 'Motkulturane' oppsto mot slutten av 1800-talet som ein reaksjon blant anna på levesettet i byane: "Fiendligheten var primært knyttet til tre saker: Det danske språkets og senere riksmålets rolle som det offisielle administrative språk og undervisningsspråk; kontrollen over religiøs tenkning og praksis, og de sosiale og moralske problemene som fulgte i alkoholens kjølvann" (Todal Jenssen, Listhaug og Pettersen 1995: 145). Fråhaldsrørsla, lekmannskristendomen og målrørsla er alle delar av den

såkalla motkulturen. Historisk har motkulturane stått sterkt i Noreg, og analytikarar har peika på at dei gjorde seg gjeldande att i dei to folkeavstemmingane, samstundes med at den gamle alliansen mellom byradikalarane, motkulturane og primærnæringane kom på bana igjen (ibid.) I tillegg skapte EU-kampen nye alliansar, medan andre blei brotne: ”At ingen av skillelinjene lenger var sovende førte til at konfliktlinjer krysset hverandre. Venner ble fiender, og fiender venner. I EF/EU-motstandens leir stod nasjonalister sammen med internasjonister, kristne fundamentalister i lag med byradikalere, storbønder med kommunister” (Bjørklund 1997: 208).

Eit anna perspektiv er ’grasrot-elite’-perspektivet. Her tar ein utgangspunkt i ’klassekampen’ mellom dei kapitalsterke som har mykje å tene på fri flyt av varer, kapital og tenester, og dei arbeidande som tradisjonelt har blitt sett på som taparar i ein slik intensivert kapitalisme. Inkludert i denne forklaringsmodellen er også eit fokus på avstand til makta ikkje i første rekkje geografisk, men også avstand som følge av politisk og sosial posisjon (ibid.: 201).

Bjørklund tar for seg fleire andre moglege årsaker for veljarframferda. Ei forklaring på den sterke motstanden mot EU i periferien er blant anna at Noreg som sjølvstendig nasjon er ganske ung, i 1994 var det enno ikkje hundre år sidan unionen med Sverige vart broten. *Union* er for mange eit prinsipielt negativt ladd ord. Argumentet om sjølvråderett var då også eit av dei sterkaste i begge EU-debattane: ”Kampen for løsrivningen av Sverige var koplet sammen med en kamp for demokratiske rettigheter og parlamentarisk styre. Å motarbeide norsk EU-medlemskap kunne framstilles som en forlengelse av kampen for både uavhengighet og demokrati” (ibid.: 196). Todal Jenssen, Listhaug og Pettersen peikar i tillegg på at ”Norges geografiske plassering i den nordlige periferien av Europa og en tradisjonelt atlantisk orientering i handels- og forsvarspolitik, kan ha bidratt til å isolere Norge fra det kontinentale Europa” (1995: 143).

Trass i at EU-saka har skapt politisk storm er Noreg på dei aller fleste nivå eit utprega *fredeleg* land. Johan Galtung har i verket *Det norske samfunn* peika på ei rekkje område der Noreg merkar seg ut som svært lite konfliktfyllt (Galtung 1975: 463). Det er nok mange årsaker til dette, og emnet er for komplekst til at eg kan gå inn på det her. Ei hovudårsak kan likevel vere det faktum at Noreg vert rekna for å vere eit av dei mest homogene landa i verda, både sosialt, kulturelt og økonomisk (Todal Jenssen og Listhaug 1995: 126).

1.5 Oppbygging av oppgåva

I innleiingskapitlet har eg presentert oppgåva og vist kva metodiske og teoretiske utgangspunkt som ligg til grunn. I tillegg har eg gitt eit bakteppe for sjølve EU-debatten. I neste kapittel skal eg ta for meg leiarartikkelen, her diskuterer eg ulike sider ved artikkelen både som sjanger og kva rolle den spelte i blant anna meiningsdanninga hos lesarane. Kva rolle avisa, med leiarartikkelen i spissen, spelte som aktør vert også drøfta.

Ein sentral del av oppgåva er retorikk, både som teori og metode. Dette vert tema for kapittel 3. Der kjem eg med ein kort historikk samt ein gjennomgang av delar av retorikken som er aktuelle i min analyse. Kapittel 4. tar for seg fiendebilete i EU-kampen. Her kjem eg med definisjonar på aktuelle omgrep i oppgåva, og viser til aktuell forskning på området.

Analysane av leiarartiklane kjem i kapittel 5. Analysane er plassert i eitt kapittel, for ordens skuld, men kvar avis er omhandla i kvart sitt underkapittel. I analysane av leiarartiklane ser eg etter kva måtar avisene framstiller meiningsmotstandarane på. Oppsummert har eg diskutert kven motparten kan seiast å vere, i kva grad avisene fylte ei slags aktørrolle, bruk av stereotypiske framstillingsmåtar og metaforbruk.

Kapittel 6. er ei oppsummering av korleis avisene framstilte motparten. Her prøver eg å komme fram til felles framstillingsmåtar for avisene. I tillegg diskuterer eg kva stereotypiar som vart brukt om dei ulike sidene i EU-kampen. Kapittel 7. er ein diskusjon av 'den retoriske situasjonen'. Eg kjem først med ei kort utgreiing av dette omgrepet med utgangspunkt i Lloyd F. Bitzer sin artikkel "Den retoriske situation", og Jens Kjeldsen sin diskusjon av denne i *Retorikk i vår tid*. Med basis i dette prøver eg å komme fram til dei ulike avisene sin retoriske situasjon.

Eg rundar av oppgåva med ein diskusjon av politisk journalistikk i kapittel 8. Med utgangspunkt i blant anna Christian Kock presenterer eg alternative syn på korleis politisk journalistikk kan gjennomførast.

2. Leiarartikkelen si rolle i meiningsdanninga

2.1 Kjenneteikn ved leiarartikkelen

Analyseobjektet for oppgåva er leiarartiklane i Klassekampen, Bergens Tidende, Dagbladet og Nationen den siste månaden før EU-avstemminga i 1994. Hovudproblemstillinga er som nemnt korleis dei ulike avisene omtalte meiningsmotstandarane i EU-saka, og til dette eignar leiarartikkelen seg særst godt: "En analyse av ledere er både interessant som studie av avisenes forsøk på målrettet opinionsdannelse og som uttrykk for avisenes offisielle argumentasjon" (Ottosen 1994: 123). Lars Nord definerer leiarartikkelen på følgjande måte: "En ledare kan enkelt beskrivas som en i allmänhet osignerad text där tidningens politiska åsikter kommer till uttryck" (Nord 2001: 53).

Det er altså i leiar- og kommentarstoffet avisa sine offisielle meiningar kjem til syne. Her kjem eg berre til å fokusere på leiarartikkelen, men mykje av det følgjande kan også seiast å gjelde for kommentarstoffet generelt. Leiaren representerer 'kvintessensen' av avisa, og i eigenskap av å vere usignert er det den som sterkast vert knytta til ansvarleg redaktør. Gauslaa og Hauglid understrekar dette ved å vise til at ved injuriesøksmål i samband med leiarartiklar står ansvarleg redaktør aleine om ansvaret (1997: 75).

Lars Nord har analysert leiarartiklar i svenske dagsaviser, og ser blant anna på forskjellane mellom leiarsjangeren og andre avissjangrar: "Sammanfattningsvis kan således ledartexterna som journalistisk genre traditionellt sägas skilja sig från övrigt material i tidningen på tre grundläggande sätt: de är värderande, egenproducerade och politiskt konsekventa artiklar". Leiarartikkelen kan igjen delast inn i fleire typar. Gauslaa og Hauglid identifiserer blant anna følgjande former: Agitasjon, polemikk, 'den spørrende leder', analyse og det dei kallar 'de små stikk' (Gauslaa og Hauglid 1997: 58).

Dei fleste som diskuterer leiarartikkelen kommenterer også i kva grad leiaren vert lesen. Rune Ottosen skriv at berre 37% av norske avislesarar les leiarartikkelen, og at den dermed er den minst leste delen av avisa (Ottosen 1994). Kor grundig den vert lesen må også takast med i vurderinga. Men *kven* som les leiaren er ikkje minst eit viktig poeng. Den vert i all hovudsak lesen av den kulturelle og/eller økonomiske eliten, dei som har høgast utdanning og tronar øverst i det sosiale hierarkiet. Den minoriteten som les leiarane er altså blant dei mektigaste i samfunnet. Ottosen refererer til den finske medieforskaren Hannu Nieminen som har studert svenske og

finske leiarartiklar: ”Hannu Nieminen har [...] identifisert en egen retorisk struktur som viser at lederskribenter ofte gjør det til et poeng å henvende seg til en ’innvidd elite’ og ikke til ’den gemene hop’ (Nieminen 1991)” (ibid.: 123).

Dette gir leiarartikkelen auka status, og er ei av årsakene til at den faktisk vert skriven, trass i den lave lesarprosenten. Ønsket om å påverke er også ei drivkraft for skrivinga av leiarartikkelen. Mange aviser vart grunnlagde nettopp med dette formålet, særleg partiavisene. Viljen til å påverke er særleg uttrykt i spørsmål med klare alternativ slik som EU-saka. Ikkje sjeldan kan ein også spore ei form for ’opinionsleiar-drilling’¹⁰ i leiarartiklane. Her kan det sjå ut som om hovudpoenget ikkje først og fremst er å omvende, men å forsterke meiningane og ’føre’ dei riktige lesarane med kraftfulle argument. Leiarartikkelen kan altså også brukast til intern moralsk opprusting, slik sett kan fiendebileta og dei slagkraftige argumenta vere meint for innvortes bruk, til allereie overtydde lesarar. Dette gjeld særleg i EU-saka, som var ein så eintydig *todelt* og langvarig konflikt.

2.2 Kven avgjer meiningane?

Kva ei avis meiner i ei bestemt sak, er opp til ansvarleg redaktør å avgjere. Men kven som sit i redaktørstolen er sjølvstøtt ikkje tilfeldig. Ansvarleg redaktør avgjer kva som er avisa si meining, men redaktøren er tilsett av styret og avisa sitt styre er igjen valt av eigarane på generalforsamlinga. Slik sett er avisa sine meiningar til ein viss grad styrt av eigarane, men i dei daglege avgjerdene er ikkje eigarane direkte involvert (Gauslaa og Hauglid 1997: 11). Ofte snakkar ein om at meiningane ’sit i veggane’. Med andre ord at verdisyn og meiningar vert ført vidare frå generasjon til generasjon blant journalistane i avishuset.

Kva verdiar som herskar i avishuset har som regel samanheng med kva politisk farge avisa har, sjølv om dei fleste aviser i namnet har kutta navlestrengen til dei aktuelle partia. Dei første teikna på avpartifiseringa av avisene såg ein allereie på 60-talet (Simensen 1999). Etter EF-avstemminga og splittinga av Venstre på 70-talet, skaut utviklinga for alvor fart. Dei avisene som først erklærte seg uavhengige var då også gamle Venstre-aviser. Høgre-prensa og A-prensa var ein god del seinare ute med å lausrive seg frå partistempelet, dette skjedde først på 80-talet. Først ut på 90-talet ga frigjeringskampen seg resultat i endra formålsvedtekter (ibid.). Det faktum at redaktørane

¹⁰ Omgrepet ’opinionsleiar’ blir i mediehistoria knytt til Lazarsfeld, Berelson og Gaudet sin teori om ’tostegshypotesen’. Uttrykket inneber at budskapet frå massemedia vert fortolka av kunnskapsrike, leiande personar som i neste steg formidlar den vidare til blant anna folk i kjennskapskrinsen (Schwebs og Østbye 1997: 193).

ikkje lenger trong ha ei 'partibok' var òg ein milepæl i utviklinga, i 1999 var 90% av redaktørane utan partimedlemskap (ibid.).

Parallelt med avpartifiseringa fann det stad ei profesjonalisering av journalistikken. Ideal som etikk, åpenheit og integritet vart sett i høgsetet. Denne bevisstgjeringa på journalistikk som *yrke* medverka til auka motstand mot partibindinga. Sjølv om dei formelle banda til partia er borte, følgjer avisene likevel stort sett dei gamle ideologiske tradisjonane. I formålsparagrafane¹¹ er det nedfelt kva verdigrunnlag avisa skal rette seg etter, og dette er i høg grad i tråd med grunnsynet til dei partia dei tidlegare var tilknytta. I følge Simensen uttrykkjer eit fleirtal av norske redaktørar eit ønskje om framleis å lage meningsaviser, og sjølv om partibindinga er broten, er ikkje upolitiske aviser ønskjeleg (ibid.).

2.3 Avisa som politisk aktør

Kva rolle pressa spelar og bør spele i samfunnet er mykje omdiskutert. Det finst mykje teori på dette feltet, både normativ og deskriptiv. Innanfor ramma av denne framstillinga er det ikkje høve til å gi ein utdjupande presentasjon av dette emnet. Her vil eg berre kort komme inn på avisa si rolle som politisk aktør, fordi dette er eit uunngåeleg spørsmål når temaet er EU-saka på leiarplass. I Ver varsam-plakaten er eit av 'påboda' at det skal gjerast klart kva som er kommentarar og kva som er faktaopplysningar (Allern 2001: 131). Dette er også eit allment akseptert prinsipp i avisene. Nyheitene skal i prinsippet vere så objektive som mogleg, sjølv om det i språkbruksanalysar viser seg at også her kan avisa/journalisten si mening skine gjennom (Blakar 1996). Allern understrekar den klare aktørrolla leiarskribentane kan seiast å ha:

Den mest åpne og synlige politiske aktørrollen i nyhetsmediene ivaretas utvilsomt av de politiske kommentatorene og lederskribentene. Gjennom analyser, verdidommer og annen meningsproduksjon har de muligheter til å utøve politisk definisjonsmakt og påvirke politikkenes tolkningsrammer (Allern 2001: 63).

Journalistar vegrar seg ofte mot å bli kalla 'politiske aktørar', hevdar Allern. Årsaka har blant anna samanheng med avpartifiseringa og profesjonaliseringa, journalistar vil ikkje lenger fungere som talerør for politiske parti. Eit ideal om objektivitet har dermed erstatta dei tidlegare partibindingane. Det at navlestrengen er kutta til partia fører likevel ikkje automatisk til at journalistane blir apolitiske: "Journalister er, på ulike måter, politiske *medieaktører*, ikke

politiske partiaktivister. De representerer en selvstendig og særegen institusjon på det politiske feltet, og den politiske aktørrollen ivaretas innenfor rammen av etablerte normer for nyhetsjournalistikk” (ibid.: 309). I følge forfatteren er det heller ikkje ønskeleg at journalistane skal framstå som apolitiske.

Ei anna sak er kor stor påverknadskraft avisene på leiarplass faktisk har. Gauslaa og Hauglid meiner ”lederskribenten [bør] ha et edruelig forhold til sin påvirkningskraft. EU-striden er et sterkt eksempel på hvor svak påvirkningskraften er” (Gauslaa og Hauglid 1997: 17). Dette har nok også samanheng med det faktum at så få lesarar faktisk *les* leiarartikkelen:

Blant de toppolitikere jeg intervjuet, er det en samstemt oppfatning at de politiske kommentarene i presse, radio og fjernsyn har relativ liten betydning for vanlige velgere. Det er først og fremst politikere selv, og det mest aktive sjiktet av politisk interesserte, som er opptatt av sånt stoff (Allern 2001: 289).

¹¹ I Vedlegg 2. finst ei oversikt over avisene sine formålparagrafar.

3. Retorikk

3.1 Historikk

”Retorikken, altså læren om talekunsten, er flere tusen år gammel. Den er den eldste av alle humanvitenskapelige disipliner, og mor til alle andre: Gjennom tidene er filosofien, lingvistikken, litteraturvitenskapen osv. blitt spaltet ut fra denne opprinnelige totalvitenskap” (Johansen 2002: 29). Retorikken slik den vart utvikla i antikken var først ei praktisk lære for talarar, som skulle hjelpe talaren til å verke overtydande i folkeforsamlinga. Som *teori* vart retorikken først utvikla på Sicilia rundt 400-talet f.Kr (Kortner, Munthe og Tveterås 1994: 441). Blant kjende antikke retorikarar vert særleg sofisten Gorgias (ca. 480-380 f.Kr.)¹² nemnt, likeeins eleven hans, Isokrates (436-338 f.Kr.). Demosthenes (384-322 f.Kr.) var den mest kjende athenske talaren. Aristoteles (384-322 f.Kr) var derimot den mest kjende retoriske *teoretikaren*, og hans verk *Ars Rhetorica* er rekna for å vere ein av dei første lærebøkene i retorikk, og er blitt ståande som ein slags retorisk ’bibel’ for ettertida. Den greske retorikken vart vidareutvikla hos romarane, og vart eit ledd i utdanninga av talarane i rettsvesenet og statsleiinga. Sentrale retoriske verk frå romartida er blant anna *De Oratore* og *Ad Herennium* av Cicero (106-43 f. Kr.) og Quintilian (ca.35 - ca.100 e.Kr.) sitt *Institutio oratoria* (Andersen 1995: 6).

Retorikken blir definert utifrå fleire ulike vinklar. Det mest utbreidde er formålsdefinisjonar. Retorikk vert i den samanhengen ofte forbunden med kunsten å overtale: ”[...] ’talerens oppgave er å uttrykke seg slik at det er egnet til overtalelse (*persuasio*); talens formål er å overtale (*persuadere*)’ [...]” (Cicero sitert i Andersen 1995: 14). Aristoteles la meir vekt på det som skjedde i førekant av overtalinga: ”Han definerer retorikk som evnen til å *mønstre de mulige overtalende momentene* i ethvert stoff” (ibid.: 15). Det er altså forarbeidet og føresetnadane som står i fokus. Quintilian meiner retorikk er ”[...] ’vitenskapen om å tale godt’ [...]” (Quintilian sitert i ibid.: 16). I følgje han er verken formål eller middel tilstrekkjeleg for å definere retorikken, ein estetisk og etisk dimensjon trengst i tillegg. Talaren må tale godt, men òg *vere* god. Desse eigenskapane heng etter hans meining saman.

¹² Alle årstal i dette avsnittet er henta frå Øivind Andersen (1995) *I retorikkens hage*.

Mange meiner retorikken dreier seg om det å tale til eit stort publikum. Vanlege leksikonsdefinisjonar bruker ofte dette som eitt av definisjonskriteria. Litteratur- og tekstvitenskaplege retningar har ikkje ei så snever oppfatning av kva som kan kallast retorikk (ibid.: 15). Det danske tidsskriftet *RetorikMagasinet* skildrar for eksempel retorikk som

”[...] en aktivitet, der udøves overalt hvor der er mennesker. Så snart vi gennem tale eller skrift forsøger at lade vore ideer vinde tilslutning hos andre mennesker til en bestemt sak eller handling, så udøver vi retorik. Retorikken dækker over et felt som spænder fra litterær analyse over politisk sprogbrug og fra argumentation til reklame og skjult påvirkning” (<http://www.rhetorforlag.dk/rm/omrm.html>).

Jan Lindhardt kjem med ein enda enklare definisjon: ”Retorik er som nævnt læren om, hvordan man former sit sprog på en sådan måde, at man vinder tilhørere for sig og den sag man ønsker at fremme” (Lindhardt 1999: 10).

I dag opplever retorikk ein renessanse. Jan Inge Sørnbø meiner den noverande interessa for retorikk på så mange fagfelt ikkje kan bagatelliserast som ein forbigåande trend. Årsaka til at fleire og fleire fattar interesse for retorikk, forklarar han med retorikken sin kvalitet som analysereiskap (Sørnbø 1991: 44). Retorikken kan altså seiast å ha mange ulike aspekt: ”En skiller [...] mellom *rhetorica docens* (retorisk teori), og *rhetorica utens* (retorikk i praksis); i dag kunne vi også legge til *rhetorica studens* om den retoriske analyse av tekster generelt” (Andersen 1995: 12). Anders Johansen skriv i boka *Talerens troverdighet* at det som i dag vert kalla retoriske studium for det meste er konsentrert om argumentasjonsstrategiar, metaforbruk og litterær stil. Sidan dette stort sett dreier seg om analyse av skrift og ikkje av tale, meiner Johansen den nye retorikken i all hovudsak er opptatt av det som tradisjonelt var førebuinga til talen. Sjølve framføringa, *actio*, vert dermed oversett (Johansen 2002: 33).

På folkemunne har retorikk ikkje sjeldan blitt brukt som skjellsord på språkblomstrar og floskelaktig tale. Jan Lindhardt tar dette på kornet når han tar utgangspunkt i den folkelege oppfatninga og skriv: ”At en taler eller skribent er ’oratorisk’, betyder som regel, at han pynter sine udsagn med velklingende vendinger, som ikke står i noget egentlig forhold til indholdet, men blot er tomt kling-klang” (Lindhardt 1999: 10).

Sørnbø er opptatt av å klare opp i det han kallar populære misforståingar av retorikken. Han viser til det han kallar den moderne motførestellinga av retorikk, som gjerne utelukkar retorikk frå sakleg og teoretisk litteratur. I følgje Sørnbø er det ingen motsetnad mellom det

retoriske og det saklege. Han meiner mykje av kritikken mot retorikken kan tilskrivast Platon sin kritikk mot sofistane. Slik har retorikken blitt belemra med sofismen sitt dårlege rykte. Sørbø foreslår eit skilje mellom *overtaling* og *overtydning* for å skilje mellom 'god' og 'dårleg' retorikk. Overtaling kan ha islett av manipulasjon, medan overtydning skjer på grunnlag av det han kallar dei faktiske grunnane i ei sak (Sørbø 1991: 46).

Han koplår dei tre krava Aristoteles stiller til god talekunst opp til det han kallar ein enkel kommunikasjonsmodell. *Ethos* gjeld avsendaren, *logos* budskapet og *pathos* mottakaren. Avsendaren skulle altså vere moralsk påliteleg, argumentasjonen fornuftig, og var desse premissa til stades var det mogleg å utøve den ønska effekten på mottakaren (ibid.: 47). Eg kjem nærare inn på desse tre omgrepa i eigne avsnitt nedanfor. God retorikk kunne berre det kallast som tok omsyn til alle dei tre ledda i kommunikasjonsprosessen. Innebygd i retorikken er det altså ein motstand mot det ein populært kallar tom retorikk. Det å kunne argumentere for kva som helst slags sak utan sjølv å vere engasjert, var nettopp det *sofistane* vart kritisert for. Å berre skulle ta omsyn til mottakaren vart kalla *demagogi*, folkeforføring. Retorikken sjølv tar altså avstand frå det den paradoksalt nok sjølv har blitt skulda for (ibid.: 51).

Sørbø hevdar vidare at "Når ein ser på retorikken som eit slags farleg, men velsmakande tilsetjingsmiddel til språket, føresteller ein seg at det finst ein 'rein' tale, utan verkemiddel, medan retorikken representerer ei slags utsmykking som ein kan tilsetja etter smak" (ibid.: 45). I følge forfattaren er dette ein illusjon. Språk er alltid verkemiddel, ein har alltid valet mellom ulike uttrykksmåtar og fortolkingar, retorikken er dermed med på å rive ned myta om at språket er nøytralt og 'usynleg'.

3.2 Om talen

Retorikken vart tradisjonelt delt inn i fem delar. Desse delane vert ofte kalla talarens plikter, og deler så å seie opp den retoriske arbeidsprosessen i fasar. Dei latinske orda for desse delane er *inventio*, *dispositio*, *elocutio*, *memoria* og *actio*. Med norske ord vert dette: finne, ordne, uttrykkje, hugse og framføre (Andersen 1995: 43). Under *inventio*-fasen skal talaren finne og utarbeide argument som kan tene saka best. *Dispositio* er det å skulle ordne dei ulike elementa i talen, slik at kvart argument kjem best fram. *Elocutio* er korleis ein uttrykkjer seg språkleg og stilistisk. *Memoria* vil seie det å lære seg talen, tradisjonelt sett utanatføring. Den siste delen, *actio*, går på sjølve framføringa av talen (ibid.: 43).

Dei ulike delane av talen vert behandla under dispositio-delen. Det er som vanleg mange måtar dele inn talen på, men den mest utbreidde måten er å dele talen inn i seks. Innleiinga (lat. *exordium*) spelar ei svært viktig rolle i talen. Denne delen skal gjere lyttarane "[...] *velvillige, oppmerksomme og lærevillige* [...]" (ibid.: 47). Det er her ein skal fange publikum og etablere kontakt. Det å ta omsyn til den retoriske situasjonen er derfor svært viktig og talaren sin *ethos* er avgjerande for å sette publikum i den rette stemninga. Det finst mange ulike råd om kva ei innleiing bør innehalde. Ein kan få råd om korleis stille seg sjølv i best mogleg lys, og på den andre sida korleis stille motparten i tilsvarende dårleg lys.

Saksframstillinga (lat. *narratio*) skal vise fram fakta og setje folk inn i saka. "De tre klassiske kravene til talens *narratio* er at den skal være *kort, klar og troverdig*" (ibid.: 50). Så følgjer *partitio*, som er ein slags oversikt over materialet. Etter dette kjem argumentasjonen. Denne delen er fordelt på *probatio*, altså støtte til eigne argument, og *refutatio*, tilbakevising av motparten sine argument.

Avslutninga (lat. *conclusio*) skal ideelt sett innehalde fire moment. Det første er ei påminning av hovudpoenga i talen. Talaren bør også her rakke ned på motstandaren sine argument og framheve sin eigne. Dette vert også kalla retorisk 'forstørring' eller *amplificatio* (ibid.: 53). I tillegg skal avslutninga vere ein appell til kjenslene. Pathos høyrer i følgje klassisk retorikk til i slutten av talen.

Aristoteles delte talen inn i tre sjangrar: *genus deliberativum*, *genus demonstrativum* og *genus iudiciale*. Politiske- og rådgjevande talar tilhøyrer den første sjangeren. "Rådgivende taler dreier seg om det fremtidige, og diskuterer hva som er gagnlig eller skadelig" (T. Eide 1999: 72). Seremonielle talar slik ein finn i fødselsdagar og bryllaup er døme på *genus demonstrativum*. Desse vert også kalla *epideiktiske* talar og er i all hovudsak rosande eller kritiserande og rettar seg mot notida (ibid.: 72). Den siste sjangeren er den juridiske talen. Den avgrensar seg ikkje berre til rettsvesenet, men kan også finne stad til dømes i media (Karlberg og Mral 1998: 22). *Genus iudiciale* er enten skuldings- eller forsvarstalar, og fokuset er på fortida (T. Eide 1999: 72).

Karlberg og Mral understrekar at ein tekst kan ha trekk frå fleire sjangrar i seg (1998: 23). *Tekst* er her brukt i samsvar med det utvida tekstomgrepet, som rommar både munnlege og skriftlege ytringar. Ut frå Sørbo sitt syn er det viktig at det ikkje førekjem ei *forveksling* av dei tre talesjangrane, slik at der ein til dømes burde kome med ei vurdering istaden presenterer ei lovprising (Sørbo 1991: 56).

Leiarartiklar i dagsaviser fell nok inn under den politiske eller rådgjevande talen. Det vert diskutert kva som er 'gagnlig eller skadelig' for landet, målet er ofte å påverke i ei viss retning. Sørbo er også klar i si kategorisering:

I ein analyse av avisene sin funksjon i det offentlege må ein primært forstå dei som rådstalar. [...] Ein samlar inn eit omfattande materiale gjennom reportasjane, speglar av nær fortid og samtid, og gir gjennom kommentarar og leiarartiklar råd om kva slags retning ein no bør ta, i lys av dei kunnskapane som finst (Sørbo 1991: 54-55).

Han peikar også på at rådstalen er den mest handlingsretta av dei tre talesjangrane. Den er knytt til framtida, og gir råd om kva som skal og bør hende, men i dette ligg det òg ei samtidsvurdering og ein analyse av fortida (ibid.: 54).

3.3 Dei retoriske bevismidlane

Dei tre overtydingsmidlane i retorikken er *ethos*, *logos* og *pathos*. Aristoteles argumenterer på følgjande måte for kvifor det berre er tre middel for overtyding: ”For alltid når folk blir overtalt, skjer det enten fordi de som skal bedømme noe, selv er blitt gjenstand for påvirkning, eller fordi de har dannet seg en bestemt oppfatning av hva slags menneske taleren er, eller fordi det er blitt ført bevis” (Aristoteles sitert i Andersen 1995: 34).

3.3.1 Ethos

Ordet *ethos* er gresk og kan omsetjast som 'karakter' eller 'preg' (T. Eide 1999: 64). Vidare kan *ethos* forklarast som ”Talerens 'moralske karakter', som forutsetning for hans troverdighet. Ethos brukes også om den 'stemning' taleren må hensette sine tilhørere i for at de skal være mottakelige for hans argumenter” (ibid.: 64). Denne 'stemninga' vert knytta til ein av talarens tre oppgåver, språkhandlinga *delectare*, omsett til *behage* på norsk.

Andersen viser til at Aristoteles vurderte det som viktig at talaren var truverdig som person, men at dette ikkje var det avgjerande for talen sin 'suksess'. ”Det avgjørende er at taleren etablerer sin karakter gjennom selve talen. Det er det som gjør ethos til et teknisk eller retorikkfaglig bevismiddel” (Andersen 1995: 35). Det er altså gjennom argumentasjonen, dei språklege verkemidla og sjølv presentasjonen at den *retoriske* forma for *ethos* kjem fram (Gripsrud 1999: 167). Såleis kan ein seie at *ethos* vert utvikla gjennom *logos*.

Dette er også Lindhardt inne på: ”Det er som tidligere nævnt [...] hans moralske habitus, som publikum skal acceptere og hermed menes ikke hans personlige egenskaper (selv om disse ikke bør være af en sådan karakter, at de på forhånd gør taleren utroværdig), men den etiske karakter, som selve talen åpenbarer” (Lindhardt 1999: 89). Anders Johansen refererer til Aristoteles som lista opp tre eigenskapar talaren måtte ha: ”[...]’forstandighet, dyd og velvilje’ [...]” (Johansen 2002: 31). Johansen meiner vi i dag ville føyd til enda ein eigenskap, evna til å ’vere seg sjølv’. Denne evna som vi set så høgt var ikkje noko krav på Aristoteles si tid. Johansen tar for seg det moderne politikaridealet, der det nærast vert lagd større vekt på å verke truverdig og oppriktig enn å vise sine politiske kvalifikasjonar. ”Spørsmålet om det autentiske uttrykk kan overskygge spørsmålet om kompetanse i håndteringen av de politiske sakene. I noen tilfeller kan det til og med overskygge spørsmålet om sannhet og løgn” (ibid.: 73).

Karlberg og Mral tilrår i sin analysemodell ei undersøking av kva karaktertrekk ein kan skimte i teksten. Er talaren personleg? Legg han vekt på å vise ei bestemt side eller sjonglerer han mellom fleire ’roller’? Talaren kan bruke mange middel for å verke truverdig. Eit grep kan vere å vise til eigen eller andre sin autoritet og ekspertstatus. Eit anna effektivt grep er det Karlberg og Mral kallar ’vi-kjensle’. Her kan talaren ta opp tema han veit interesserer publikum, eller han kan på andre måtar demonstrere teikn på samhald. Karlberg og Mral meiner ethos er svært avgjerande for overtydinga av publikum, at det til dømes innan presse er minst like viktig å *framstå* som påliteleg som å faktisk *vere* det (1998: 31).

3.3.2 Pathos

Pathos kjem også av gresk og tyder ”’sinnsbevegelse’, ’sterk følelse’” (T. Eide 1999: 106). Pathos vert særleg brukt i rådgjevande og rettslege talar og vert knytt til den tredje av talarens oppgåver, språkhandlinga *movere*. *Movere* tyder i denne samanhengen å påverke, røre publikum. I tillegg kan ordet spele på det å skulle påverke til *handling*, eller å flytte seg i overført tyding; skifte meining.

Pathos involverer altså sterke kjensler. Publikum skal bli overtydd etter at talaren har påverka kjenslene, det blir frivillig eller ikkje truffen av talarens pathos, slik at kjenslene nærast kan reknast som affektar (Gripsrud 1999: 168). Dermed ligg det eit element av tap av kontroll for publikum sitt vedkomande, som talaren kan ’utnytte’. Til liks med dette skriv Lindhardt: ”Pathos-erkendelsen skyldes ikke menneskets egen aktive indsats, men den *overgår* mennesket som er

lidende [...] i forhold til den” (Lindhardt 1999: 90). Lindhardt skriv vidare at pathos vert brukt når målet er å ”[...] opnå handling eller definitiv beslutning” (ibid.: 90).

For å tale godt om eit emne, måtte også talaren bli ’riven med’, etter den klassiske retorikkens reglar. I tillegg kan det at ein talar legg for lite pathos i talen sin, få han til å verke mindre påliteleg. Her ser ein korleis dei ulike overtydingsmidlane er tett bundne saman, mangel på pathos kan indikere mangel på ethos (Gripsrud 1999: 169). Skal talaren framprovosere sinne hjå tilhøyrarane, må han altså sjølv verke sint, elles verkar han berre falsk, og ute av stand til å tale godt om eit emne. I følgje den romerske retorikaren Cicero var ikkje dette noko problem, for talaren vart som regel påverka av det han talte om, dei sterke kreftene var å finne i sjølve stoffet (Andersen 1995: 40). Slik sett var det ikkje ei problemstilling at kjenslene skulle vere *ekte* i moderne forstand, men talaren måtte *leve seg inn* i materialet, og på den måten framkalle dei riktige reaksjonane hos seg sjølv.

3.3.3 Logos

Det greske ordet *logos* tyder ”[...]’ord’, ’språklig ytring’, ’tale’[...]” (T. Eide 1999: 91). Logos omfattar dei intellektuelle eller rasjonelle overtydningsmidlane, det er her sjølve *argumentasjonen* for saka kjem fram. Logos gjer seg derfor særlig gjeldande i rettstalar og rådgevande talar. Logos vert knytt til språkhandlinga *docere*, som er den første av talarens tre oppgåver, omset til norsk vert dette *å belære*.

I retoriske analysar av moderne tekstar vert logos gjerne kopla til såkalla harde fakta, slik som tal, statistikkar og fagomgrep. Karlberg og Mral skriv følgjande om logos: ”I textens logos undervisar, opplyser och informerer talaren sin publik [...]. Genom logos vädjar hon till åhörarnas förnuft och kritiska omdöme” (Karlberg og Mral 1998: 34). I følgje forfattarane må ein i retorisk analyse fokusere på korleis talaren bruker fakta og sakleg argumentasjon. Ein kan studere i kva grad slike argument er nytta, kva type fakta som er brukt, til dømes om dei er kompliserte eller relevante og liknande.

3.4 Elocutio

3.4.1 Stil

Språket og stilen i retorikken er tema for dette avsnittet. Dette tilhøyrer den delen av retorikken som kallast *elocutio*. Elocutio er den tredje av retorikkens fem delar. Å analysere elocutio-delen

er i følge forfatterane Karlberg og Mral ei todelt oppgåve. Først kan ein prøve å definere kva *stil* teksten i all hovudsak tilhøyrrer. ”För det andra handlar det om att ta reda på hur talaren gör texten uttrycksfull och tilltalande med hjälp av olika stilfigurer” (Karlberg og Mral 1998: 45). Eg vil kort gjere greie for dei ulike stilnivåa og forsøkje å plassere mitt datamateriale inn under eit av desse nivåa. Dette er mest for ordens skuld, og er ikkje ein sentral del av oppgåva. Deretter vil eg ta for meg stilfigurane, som kjem til å vere ein meir sentral del av analysen.

Ifølgje Tormod Eide har det eksistert mange ulike måtar å dele inn stilartane på, men den mest sentrale skal vere læra om dei tre stilnivåa. Dei tre stilnivåa vert hierarkisk framstilt som ’den enkle stil’, ’den midlere stil’ og til sist ’den høge stil’ som samsvarer med talarens tre oppgåver, høvesvis docere, delectare og movere (T. Eide 1999: 54-55). Den enkle stil har stort sett eit nøkternt språk, og er ikkje prega av retorisk utsmykking. Denne stilen er typisk for den argumenterande og informerande talen. Døme på sjangrar der denne stilen gjer seg gjeldande kan vere sakprosa, faglitteratur, romanar, memoarar og essay (ibid.: 55).

Den ’midlere stil’ er karakterisert av retorisk utsmykking i form av figurar og tropar. Lyrikk, komedie og tekstar av skildrande karakter er eksempel på teksttypar som fell inn under denne stilen. Den høge stilen er ’storslått’ og ’opphøgd’. Den er ofte brukt i talar med utstrekt bruk av affekt og er kjenneteikna av mykje pathos. I denne stiltypen er heile spekteret av retoriske språklege verkemiddel tatt i bruk, og epos, tragedie og høgstemt lyrikk er typiske sjangrar der stilen er å finne (ibid: 55).

Det å skulle velje den rette stilen har å gjere med det som i retorikken vert kalla *aptum*¹³ eller *decorum*. ”Decorum innebär att talaren ska visa sinne för det passande, att tala så att hon inte väcker publikens ovilja eller anstöt” (Karlberg og Mral 1998: 46). Det er vanleg å blande dei ulike stilartane alt etter kva som er det passande for den retoriske situasjonen.

Viss eg skal plassere avisleiarar inn under denne stilinndelinga, vert den enkle stilen den mest nærliggjande. Det er likevel islett av middelstilen, for leiarar og kommentarar tar ofte i bruk språklege verkemiddel som kan knyttast til *ornatus*-omgrepet. Det å bruke figurar og tropar er som nemnt ovanfor eit trekk ved høg- og middelstilen, medan den enkle stilen tradisjonelt ikkje tok i bruk slike verkemiddel. Det er jo på den andre sida viktig å hugse på her at denne kategoriseringa av stilartar var laga for heilt andre typar tekstar enn moderne medietekstar.

¹³ Eg kjem nærare innpå omgrepet *aptum* i kapittel 7.: ’Den retoriske situasjonen’.

3.4.2 Dei retoriske formene

”Klassisk retorikk stiller fire krav til godt språk: Det skal være korrekt, klart, passende (høvelig) og pyntet (forseggjort)” (Andersen 1995: 59). Det siste kravet, at språket skal vere forseggjort, vert også kalla *ornatus*. Ornatus-omgrepet siktar til den språklege utsmykkinga av talen. Det er kanskje denne delen av retorikken som er mest kjent og mest utskjelt, grunnen er det dårlege ryktet retoriske ’språkblomstrar’ har fått. Den språklege utsmykkinga vert ofte assosiert med språk utan innhald, og ’berre retorikk’ er blitt eit ukvemsord. Ornatus er altså den estetiske delen av overtydinga. Det er likevel viktig å ikkje overdrive denne delen, for mykje av det gode kan komme i konflikt med dei andre krava til eit godt språk.

Ornatus er delt i tre område, ordval, orda si samordning og samklang, og til slutt figurlære (Andersen 1995: 66). Her skal eg berre ta for meg den siste delen, figurlæra, som i all hovudsak dreier seg om *figurar* og *tropar*. Det er ikkje høve til å presentere *alle* dei ulike stilfigurane, til det er dei for mange. Eg vil konsentrere meg om *metaforen*, og heller gjere greie for andre retoriske former undervegs i sjølve analysen. ”Stilfigurer är i princip lika med värje konstfull avvikelse från det vanliga sättet att uttrycka något. Man kan säga att stilfigurer är *estetik med ett retorisk syfte*” (Karlberg og Mral 1998: 46). Figurar og tropar er altså det å skulle seie noko på ein måte ein ikkje ville brukt i vanleg daglegtale. Dette er likevel berre delvis sant, for det finst mengder av språkfigurar som er glidd inn i daglegspråket, og som dermed har mista sin ’framandgjerande’ verknad. Dessutan meiner mange språkforskarar at det metaforiske er noko grunnleggjande ved ikkje berre språket vårt, men også sjølve tenkjemåten. Dette kjem eg tilbake til i avsnittet nedanfor om metaforen.

Den hierarkiske framstillinga av figurar og tropar er svært detaljert og til tider innfløkt. Det ser også ut som om ulike lærebokforfattarar i retorikk har forskjellig syn på korleis denne inndelinga skal vere. Det er lett å gå seg vill i alle kategoriseringane, derfor har eg valt å halde meg til Andersen sin terminologi. Med tropar meinast *enkeltord* som vert brukt på ein avvikande måte for å få fram ein ønska effekt. Derimot vert figurar brukt når det er snakk om fleire ord eller større samanhengar (Andersen 1995: 67). Det er likevel ikkje noko vasstett skilje mellom dei to nemningane.

Figurar og tropar fungerer som språklege grep for å gjere språket vakrare og meir behageleg. Dei retoriske formene kan også gjere ting klarare gjennom ’underleggjering’, og det å bruke språket på ein uvant måte kan ha ein klargjerande verknad. Til sist kan figurane i form av

til dømes retoriske spørsmål, personifikasjonar og gjentakingar påverke kjenslene til publikum (ibid.: 70). Talarens tre oppgåver om å skulle docere (undervise), delectare (behage) og movere (røre kjenslene) kan altså setjast i samband med denne forståinga av språkfigurane sin nyttefunksjon.

3.4.3 Metafor

Metaforen er "[...] overføringstropen par excellence" skriv Andersen (ibid.: 71). Den er ei samanlikning som på same tid er prega av avstand og likskap med den omtalte saka. "A metaphorical statement reduces two terms to their shared characteristics, enabling the linguistic transference of one to the other", skriv Coffey og Atkinson (1996: 85).

I følgje Andersen var Aristoteles mest opptatt av analogimetaforen, og det er også den metaforen som er blitt ståande som 'normaltypen' (Andersen 1995: 73). Metaforen skulle ikkje vere for banal, den måtte vere ei utfordring å løyse. Aristoteles samanlikna metaforen nettopp med ei form for gåtegjetting. For ikkje å svikte kravet om å verke klargjerande måtte ikkje metaforen vere altfor sær, slik at forvirring snarare enn tydeleggjering vart resultatet. Nettopp det å skulle sjå saka i eit klarare lys var ei viktig side ved metaforen, og Aristoteles var svært opptatt av *læringsaspektet* som var tilknytta metaforbruken. Heradstveit og Bjørge nemner to ulike perspektiv på kva funksjon metaforen kan seiast å ha:

Samanlikningsteoriane går ut på at eit metaforisk utsagn inneheld ei samanlikning eller påstand om likskap mellom to objekt. **Semantiske interaksjonsteoriar** hevder derimot at metafor involverer ein verbal opposisjon eller interaksjon mellom det metaforiske uttrykket og den omkringliggjande, bokstavelege konteksten. Paradokset skapar eit overskot av meining (Heradstveit og Bjørge 1986: 65).

Samanlikningsteoriane har opphav i den klassiske teorien om metaforen, som blant anna Aristoteles stod for. I følgje denne teoriretninga kan metaforen karakteriserast som ein substitusjon av ord, der ein hentar ord frå eit anna paradigme i staden for å bruke det som ville vore 'naturleg' i den aktuelle samanhengen (ibid.: 66). Implisitt i samanlikningsteoriane er altså ei oppfatning av at det finst ein likskap mellom det opphavlege ordet og metaforen. Kritikarar av denne retninga har peika på det problematiske dersom ein strekkjer denne erkjenninga for langt, då vert det paradoksale med metaforen borte, og meiningsoverføringa vert redusert til berre ei samanlikning.

Heradstveit og Bjørgo meiner metaforen sitt potensiale til å skape ny informasjon delvis kan la seg forklare gjennom samanlikningsteoriane, men hevdar interaksjonsteorien er betre eigna til dette. Talsmenn for den siste retninga er minst like opptatt av det som *skil* metaforen frå det opphavlege uttrykket som det dei har til felles. Dei fokuserer på meiningsoverskottet metaforen skaper, det som vert til overs etter likskapen er identifisert. Ein metafor vert uforståeleg dersom ein les han bokstavigleg, det oppstår ei såkalla 'semantisk spenning' (ibid.: 68). Heradstveit og Bjørgo viser blant anna til I.A Richards og Max Black som i staden for å sjå på metaforen som overføring av mening mellom enkeltord kallar det for "[...] transaksjon mellom kontekstane som orda høyrer heime i" (ibid.: 68). Ein låner eigenskapar hos eit anna område som kan vere med å seie noko kvalitativt nytt om det omtalte emnet. Interaksjonsteorien tar for seg det fruktbare i at metaforen kan skape nye assosiasjonar, nye syntesar når to ulike kontekstar vert kopla saman.

Potensialet dette representerer for politisk retorikk er enormt, ved hjelp av metaforar kan ein seie ting utan å uttale dei, ein kan spele på assosiasjonane ein metafor framkallar hos mottakarane og la dei sjølve trekkje dei kanskje omdiskuterte konklusjonane (ibid.). Det at folk kan tolke metaforen på ulike måtar viser nettopp det tvetydige aspektet ved den, noko som kan vere både ein fordel og ei ulempe for avsendaren. Prisen ein må betale for å spele på konnotasjonar i staden for å seie ting meir i 'klartekst', er at ein i eigne auge kan bli misforstått. Heradstveit og Bjørgo meiner det ikkje treng vere noko motsetnad mellom dei to syna på metaforen, og viser til Haynes som hevdar det heller dreier seg om to ulike *nivå* i metaforen.

Ein metafor kan altså vere innovativ og få folk til å undre seg, tenkje nytt. Det paradoksale er at nettopp slike metaforar som fungerer svært godt har ein tendens til å bli så vanlege at dei til slutt mister all si klargjerande kraft. Daglegspråket er fullt av slike såkalla døde metaforar, det vil seie omskrivingar frå daglegspråket som er blitt så innkjørte og normaliserte at ein ikkje lenger reflekterer over dei. 'Trafikkork', 'jernring', 'munnkurv' og liknande er døme på slike metaforar. Desse er også interessante å studere, ikkje minst med tanke på kva dei kan fortelje om kva vi i vår kultur tar for gitt, men som eigentleg er ideologisk betinga:

Metaphorical statements have a number of features that deserve analytical attention. They can reveal shared understandings and situated realities of the social actor or social group. What terms are used in a metaphorical statement and what shared characteristics are implied can reveal common knowledge and what is taken for granted as shared understandings (Coffey og Atkinson 1996: 86).

Lakoff og Johnson skriv at folk flest tenkjer på metaforar som noko særlege for poesi og retorisk tale, og noko dei ikkje 'treng' i sin eigen språkbruk. Dei sjølve er av ei heilt anna oppfatning: "We have found on the contrary, that metaphor is pervasive in everyday life, not just in language but in thought and action. Our ordinary conceptual system, in terms of which we both think and act, is fundamentally metaphorical in nature" (Lakoff og Johnson 1980: 3). Dei meiner altså at heile vår måte å *tenkje* på er metaforisk, og at dette er avgjerande for korleis vi oppfattar verkelegheita. Forfattarane understrekar det erfaringsbaserte og nærast kroppslege med den metaforiske tenkjemåten. Sjølve tittelen på boka, *Metaphors we live by*, fangar opp denne sentrale idéen om at metaforar styrer livet ikkje berre på det planet som angår intellektet, men også det som gjeld det mest kvardagslege og konkrete (ibid.: 3).

Berit Von der Lippe og Svein Østerud er inne på noko av det same: "Dette antyder noe om metaforenes konstante og evige tilstedeværelse i språkbruk og tenkning. Noen metaforer er ren ornamentering, markedsføring av egen politikk [...], andre metaforer er grunnleggende for tenkningen innenfor hele fagområder" (2004: 197).

I boka *Metaforenas makt* skriv Olof Petersson: "Politiken tolkas inte sällan i bilder hämtade från det mellanmänskliga samlivet" (Petersson 1987: 9). Bileta som vert brukt er i følge forfattaren ofte henta frå blant anna familien, handel, spel, idrett, krig, mekanikk, trafikk, sjøfart og naturfenomen. Petersson skriv i likskap med Lakoff og Johnson at ein ikkje kan velje vekk bruk av metaforar: "För en icke-materiell företeelse som politik är ett inslag av metaforer, medvetna eller omedvetna, sannolikt helt ofrånkomligt. Inte ens ett resonemang om metaforer kan genomföras utan metaforer; som det ofte påpekats är ordet metafor själv en metafor" (ibid.: 11).

Martin Eide skriv i artikkelen "Om journalistikk og metaforikk" om den utstrekke bruken av sports-, krigs- og intimitetsmetaforikk i politisk journalistikk. Han påpeikar at massemedia er ein "[...] hovedarena der det 'settes ord på' – som det heter – nye fenomener. Mediene er en slagmark for en betegnende makt og en metaforenes smeltedigel" (M. Eide 1999: 38). Han skriv vidare at metaforen må sjåast på som mestertropen innan dei fortolknings- og forståingsrammene som journalistar nyttar seg av. Metaforen får i denne samanhengen funksjon som 'knagg' eller 'vinkel'. Språket vi bruker kan ikkje skiljast frå den 'livsverda' vi lever i, slik sett kan ein seie at språket er sosialt konstituerande. I *Medievalkamp* skriv Eide følgjande: "De forståelsesrammer

vi benytter oss av er ikke nøytrale i forhold til den virkelighet de anvendes på. Ja, det kan gå troll i ord” (Eide 1991: 166).

Han understrekar også i den ovanfor siterte artikkelen maktaspektet som ligg i journalistane sin metaforbruk: ”Moderne journalistikk framstår som en særlig viktig leverandør av hverdagslig metaforikk, en metaforikk som kan gi premisser for forståelse og handling” (M. Eide 1999: 38). Eit av Eide sine poeng i artikkelen er at dersom politikk vert formidla i ei sports-, krigs- eller intimetsinnpakning kan dette ha konsekvensar for politikken. Han påstår ikkje at politikk vert fotballkamp, men at det ikkje er *nøytralt* for eit fenomen korleis det blir omtalt.

4. Fiendebilete i EU-kampen

4.1 Fordommar, fiendebilete og stereotypiar

Peter Bejder og Kim Boye Holt skil i utgjevinga *Fjender og fjendebilleder* (2003) mellom fordommar, stereotypiar og fiendebilete. I følgje forfattarane er 'fordom' ei på førehand oppgjort meining ein ikkje er interessert i å forandre på. 'Stereotypi' er ikkje nødvendigvis eit negativt fenomen, vi treng stereotypiane når vi kategoriserer sanseintrykka, generaliseringar er normale tankeprosessar for å skape orden i kaoset. "Man skal passe på ikke at forveksle stereotyper og fjendebilleder. For at kunne forstå verden er man nødt til at kunne si noe generelt og derfor stereotyp" (Anne Knudsen sitert i Bejder og Boye Holt 2003: 6).

I *Sosiologisk leksikon* vert stereotypi forklart på følgjande måte: "Stereotypier, ensidige, overdrevne og oftest fordomsfulle oppfatninger om alle individer innenfor en kategori mennesker. Stereotypier er svært rotfaste, og motstridende informasjon vil derfor sjelden ha noen innvirkning" (Korsnes, Andersen og Brante 2001: 314). James Jasinski skriv om stereotypiar at dei er "[...] common 'rallying points' for members of a particular group" [...]. Groups frequently define themselves in opposition to a stereotypically portrayed enemy or other" (Jasinski 2001: 100).

Fiendebilete vert forklart som eit negativt bilete eller inntrykk ein skaper av motstandaren, matcha av eit proporsjonalt positivt bilete av si eiga gruppe (Bejder og Boye Holt 2003: 5). Det er dette utelukkande negative aspektet som skil fiendebilete frå stereotypiar. Fiendebilete vert dessutan hovudsakleg nytta når personen/gruppa kjenner seg trua på eit eller anna vis (ibid.: 7). Kristof K. Kristiansen går lenger enn Anne Knudsen og hevdar at også *fiendebilete* er nødvendige for oss:

For os alle er det en psykologisk nødvendighed at opbygge en vis mængde fordomme og fjendebilleder. Det afgørende er, at vi lærer å leve med det, og at vi er i stand til at opretholde en vis distance til vores behov for at inddele verden i sort og hvidt. Sagt på en anden måde: at vi vedkender os eksistensen af den indre svinehund og derved bliver i stand til at holde den i kort snor (Kristiansen og Rasmussen 1988: 12).

Todal Jenssen og Listhaug understrekar også projisering som eit aspekt ved fiendebilete. Dei peikar på at moglegheitene for aggressiv framferd er regulert gjennom normer og lover i vårt moderne samfunn: "I slike situasjoner vil mange rettfærdiggjøre egen aggresjon gjennom å

projisere sin egen aggresjon over på motparten. Derfor beskrives motparten som den aggressive parten, parten som bryter spillereglene, osv.” (Todal Jenssen og Listhaug 1996: 127).

Rune Ottosen har i boka *Mediestrategier og fiendebilder i internasjonale konflikter* tatt for seg ei rekkje ulike internasjonale konflikter og korleis desse vert presenterte i dei største norske avisene. Han fokuserer i all hovudsak på leiarane, det var der han fann mest utstrekt bruk av fiendebilete.

Utfrå Ottosen sitt syn kan vi ”[...] ane en slags flokkmentalitet blant journalister når fiendebilder etableres. Det skjer en diffus konsensus blant journalistene i de toneangivende mediene om ’rett’ og ’galt’ - ’fiende’ og ’venn’ når en ny konflikt oppstår” (1994: 92). I forhold til sitatet ovanfor om flokkmentaliteten i media er det interessant å jamføre dette med korleis avisene delte seg i ja- og nei-leirar. Dei største avisene var ja-aviser, nei-avisene var helst aviser som tradisjonelt har tilhøyrt dei såkalla motkulturane eller opposisjonsaviser, flokkmentaliteten kan altså seiast å gjelde også her.

I ein konflikt mellom to ulike leirar er det lett for å gli inn i ei svart-kvit tenking der motparten vert karikert og i nokre ekstreme tilfelle demonisert, medan den ’rette’ sida gjerne vert kanonisert. Ottosen refererer til ei doktoravhandling skriven av Terje Tvedt der temaet er media si handsaming av opptakta til Kenya sitt diplomatiske brot med Noreg. Tvedt kritiserer blant anna Dagbladet og VG for dårleg kjeldegransking og for å ha hatt eit svært avslappa forhold til fakta, slik at stoffet dei presenterte føyde seg inn i ei forenkla ’god-vond’ framstilling (ibid.: 92). Slik stereotypisk framstilling er typisk i samband med bruk av fiendebilete. Om dette skriv Ottosen: ”Dette er ikke nødvendigvis uttrykk for bevisste valg hos den enkelte journalist. Det er et forenklet verdensbilde som skal gjøre kompliserte ting forståelig for leseren, men som samtidig avdekker journalistens tenkemåte og referansenummer” (ibid.: 103).

Personar som ikkje når sine mål eller er redde for å mislykkast, tyr gjerne til aggressiv framferd for å få utløp for frustrasjonen. Verbal utskjelling av motstandaren er ein måte å kanalisere sinnet på, og iblanda i dette er ofte ei stereotyp og karikert framstilling av den utpeika fienden. Todal Jenssen og Listhaug peikar i likskap med Bejder og Boye Holt på at det å tenkje i stereotypiar er ein normal tankeprosess, og at denne prosessen vert forsterka når ein kjenner seg trua. Dersom det på førehand finst etablerte karakteristikkar av motparten vert i tillegg fiendebileta gjerne baserte på desse (1995: 127). Desse etablerte karakteristikkane av motparten eller ’den andre’ er ofte stereotypiske førestellingar. Jasinski skriv at menneske oppnår

'individuell identitet' gjennom sosial samhandling, og at nettopp samhandling med folk som er *forskjellige* frå ein sjølv er avgjerande i skapinga av identitet. Han viser til Blumenberg som hevdar at " [...] 'man comprehends himself only by what he is not' " (Blumenberg i Jasinski 2001: 411).

4.2 Omgrepet 'den andre'

Ottosen refererer til mange forskjellige teoretikarar som har skildra ei rekkje ulike måtar fienden kan bli framstilt på. Sam Keen har identifisert fiendebilete der fienden blir framstilt som blant anna kriminell, torturist, insekt og voldtekstforbrytar (Ottosen 1994: 104). Alle desse framstillingane av fienden kan oppsummerast i ein 'vi' versus 'dei andre'-tenkjemåte. Denne tenkjemåten trekkjer ei demarkasjonslinje mellom 'vi' og den oppfatta fienden. Stephen Harold Riggins skriv at omgrepet 'den andre' "[...] has only recently become part of the common terminology in sociology and has been introduced primarily through the interdisciplinarity of scholars who identify with postmodernism and cultural studies [...]" (Riggins 1997: 3). Han legg likevel til at omgrepet 'the other', i engelske termar, har røtter tilbake til antikken og Platon, men då med eit litt anna innhald enn det som normalt vert lagt i omgrepet i dag.

Elisabeth Eide skriv at omgrepet hovudsakleg er blitt "[...] et samlebegrep både for dem som befolker verden utenfor Vesten, og for undertrykte, marginaliserte grupper i vestlige land" (Eide 2004: 11). Riggins tar til orde for at omgrepet også kan nyttast i eit vidare perspektiv: "Others may also be women for men, the rich for the poor, Californians and New Yorkers for midwestern Americans, the young for the old, conservatives for Marxists, tourists for natives and so on" (Riggins 1997: 4).

Idéen om den andre er sentral når det gjeld utforming av identitet, enten det er på individ- eller gruppenivå. Riggins siterer Sartre: "'The Other is the indispensable mediator between myself and me' [...] 'I need the Other in order to realize fully all the structures of my being' [...]" (ibid.: 5). Edward Said har i boka *Orientalism* vist korleis Vesten definerer alt ikkje-vestleg som 'den andre', og innebygd i dette omgrepet ligg ei negasjonstenking; alt vi er, er ikkje den andre, vi er siviliserte, dei er barbarar (Said 2003).

Kristof K. Kristiansen er inne på det same, men karakteriserer det som ein allmennmenneskeleg eigenskap:

At tillegge andre folkeslag, racer eller blot personer, der tilhører en anden tro eller social klasse, allehånde negative og barbariske egenskaber, synes at udspringe af grundlæggende psykologiske behov i det enkelte menneske. De er et middel til at orientere sig i verden og til at besvare spørsmålet: Hvem er jeg? Hvem er vi? Hvordan er vi? (Kristiansen 1988: 23).

Det er sjølvsagt viktig å understreke at teoriane eg har vist til ovanfor gjeld konflikta av alvorlegare karakter enn EU-debatten i Noreg. Todal Jenssen og Listhaug peikar også på dette, men konkluderer: ”Likevel er det mye som tyder på at de grunnleggende sosiale mekanismene som skaper fiendebildene, er de samme i alle konflikter” (ibid.: 128).

4.3 Førekost av fiendebilete i EU-kampen

Tor Bjørklund reflekterer i boka *Om folkeavstemninger* (1997) over sjølv ordet folkeavstemming. I følge han rommar ordet både samhold og splitting. Samhold fordi det dreier seg om folket som ein heilskap, ikkje oppdelt i klassar. Like fullt er det tale om eit val mellom ulike alternativ, og dermed vert det duka for konflikt (Bjørklund 1997: 34). Pettersen og Valen understrekar konfliktpotensialet i sjølv saka, og også det at den vart avgjort gjennom folkeavstemming:

Som et stridsspørsmål i skjæringspunktet mellom utenrikspolitikk og innenrikspolitikk er det naturlig at spørsmålet om norsk EU-medlemsskap skaper turbulens (Valen 1985). Dessuten har det hatt stor betydning at denne saken ble ført fram til avgjørelse gjennom folkeavstemning. [...] Valgalternativene som velgerne skal ta standpunkt til er nødvendigvis enkle og klare. Dermed blir folkeavstemninger en direkte kamp om opinionen (1995: 67-68).

Todal Jenssen og Listhaug har undersøkt førekosten av fiendebilete i EU-kampen i 1994. I 1972 eksisterte det klare fiendebilete mellom dei to partane: ”Motpartens motiver og redelighet ble ikke bare trukket i tvil, den andre siden ble karikert og svartmalt. Disse outrerte fiendebildene ble etterhvert et underliggende tema i selve argumentasjonen” (Todal Jenssen og Listhaug 1995: 125). Todal Jenssen skriv også at dei siste vekene før avstemminga blei det registrert hærverk på bilar og plakatar, forfalsking av underskrifter, anonyme drapstruslar, samt sjikane mot kjente personar på ja- og nei-sida (Todal Jenssen 1995: 26).

EU-debatten i 1994 var av mange årsaker mindre tilspissa. Den revolusjonære profilen som særleg ungdommen hadde hatt på 70-talet var mindre utbreidd, folk var blitt vane med dei nye

agitasjonsformene slik at desse ikkje blei oppfatta som like provoserande, og regjeringa stilte ikkje kabinettspørsmål denne gongen. Avisene gjekk heller ikkje så langt i 1994 som dei gjorde i 1972. Særleg Aftenposten var oppsiktsvekkjande krass i 1972, då dei samanlikna nei-rørsla med meslingar og raude hundar: "[...] Og akkurat som røde hunder kan svekke et foster når angrepet kommer i svangerskapets kritiske måneder, kan 'Folkebevegelsens' opptreden mens det norske folk går svangert med en viktig beslutning, føre til at beslutningen kommer misdannet eller dødfødt til verden [...]" (Aftenposten 2.2.72 sitert frå Ny Tid nr. 31/94). Så ekstreme var ikkje utsegnene på leiarplass i 1994.

Dei tre danske forfattarane Christine Antorini, Henrik Dahl og Lars Goldschmidt skriv i boka *Det ny systemskifte* om det dei kallar 'modstandsgræsrodsbevægelser'. Dei skil mellom det føregåande og det dei kallar 'prosjektsgræsrodbevægelse' (2001: 107). Den første er karakterisert ved å ikkje kome med noko løysing, berre vere i opposisjon til noko, medan dei grasrotrørslene som har eit prosjekt, er positivt retta mot ei løysing, eit konkret alternativ. Om motstandsørslene skriv dei følgjande:

Til modstandsgræsroddernes institutionelle karakter hører at de har brug for gode fjender som de kan hade af et rent hjerte. [...] Deraf følger et andet træk som også er en helt uomgængelig del af græsrodbevægelsene. Når man hader den gode - dvs. onde – fjende bliver man selv et godt menneske. Modstandsgræsrodderne er således drevet af negativ energi og moralsk merværdsfølelse (ibid.: 110).

Enda eit kjenneteikn ved denne typen politiske rørslar er i følgje forfattarane at dei set likskapsteikn mellom det å vere einig og det å vere god og motsett ueinig-vond. Mykje av det dei skriv om dette emnet er samanfallande med anna fiendebileteteori. Dei peikar blant anna på at motstandsgrasrota vert driven av lidenskapelege kjensler, og at behovet for ein ytre fiende ofte er motivert like mykje for å oppretthalde det indre samhaldet (ibid.: 111). Forfattarane rettar altså kritikk mot organisasjonar som tilsvavar det norske Nei til EU. Det er likevel ikkje utenkjeleg at ein del av dette også kan seiast å gjelde også for ja-sida, sjølv om dei ikkje fell inn under merkelappen motstandsørslar. Også dei gjorde seg skuldige i negativ omtale av motparten, og var opptatt av å sikre indre samhald.

Aslak Bonde¹⁴ skriv om EU-saka at sjølv om det er mange som oppfattar EU-saka som svært komplisert, er det likevel også mange som finn seg vel til rette med det han kallar polariseringa og forenklinga:

Med en slik opinion er det forståelig at nei- og ja-folket blir bombastiske. De må gi sine egne tilhengere næring, og unødige nyanseringer vil bare virke demotiverende for de frelste. Det er unødvendig å legge til at også mediene har interesse av å forenkle og å polarisere denne saken. Synd er det likevel. Det brukes så mye krefter på de uendelige skyttergravskrigene, og når ingen kommer seg opp av skyttergravene, er det heller ingen som vinner.

14

(<http://www.morgenbladet.no/apps/pbcs.dll/article?AID=/20050610/SPALTISTER/106100009&SearchID=7324438>)

5. Analyse av leiarartiklane

5.1 Klassekampen

5.1.1 Kven var 'motparten'?

Før eg tar fatt på analysen, er det nødvendig å klargjere kven som kan reknast som KK sin 'motpart'. Først og fremst var motparten dei tydelege ja-aktørane, altså regjeringa, ja-delen av Arbeidarpartiet og andre ja-parti, Europabevegelsen og profilerte aktørar i andre EU-vennlege organisasjonar. I tillegg kom ja-aviser og ja-veljaren generelt. I ei særstilling sto NRK som KK meinte hadde ein skjult agenda i EU-kampen, formelt var dei nøytrale, men mange på nei-sida meinte dei gjekk i ja-sida si teneste. I det følgjande kjem eg til å bruke nemninga 'ja-aktør' om ja-politikarar og profilerte aktørar som var aktive på ja-sida. Ja-sida sine sympatisørar på grasrotplan er altså ikkje inkluderte i dette uttrykket.

5.1.2 Ja-aktørane er maktfolk

Klassekampen framstiller ja-aktørane hovudsakleg som maktfolk. Det er helst regjeringa med Gro Harlem Brundtland i spissen som vert mest kritisert, men også enkeltpersonar som blant anna dåverande LO-leiar Yngve Hågensen får mykje kritikk. Fleire stader vert det brukt uttrykk som i klartekst teiknar eit maktbilete av ja-aktørane: "*Maktviljen*¹⁵ i regjeringskvartalet er det ingen grunn til å undervurdere" (2.11.94). "*Makteliten vil ikke sky noen midler* i forsøkene på å få til et ja" (8.11.94). "Da reagerte tollbetjentene i Svinesund. Som takk fikk de *munnkurv* i saka" (14.11.94). "[...] som har fått NHO-direktiv om å svartmale situasjonen for ansatte [...]" (15.11.94). "Med en slik holdning til åpenhet og demokratisk behandling er det lett å skjønne hvorfor regjeringa ønsker seg en Union der vedtak skjer i hemmlighet [sic] og ingen står direkte ansvarlig for velgerne" (17.11.94).

Sjølve ordet 'makt' er i denne samanhengen verd ein kommentar. Ordet har mange aspekt, det kan gi assosiasjonar til psykisk og fysisk tvang, brutal og kynisk maktbruk. På den andre sida kan 'makt' ha andre valørar, ein kan understreke det ansvarlege, handlekraftige og oppbyggjande ved makt. I KK vert etter mi meining 'makt' for det meste kopla til dei negative

965872)

¹⁵ Alle kursiveringane som er gjort i avissitata i analysane er mine. Der det er avisene sjølv som har brukt kursiv, er dette markert i fotnote.

aspekta ved ordet. Ofte vert 'makta' brukt på tilsvarande måte som eit ukvemsord, ein kan få assosiasjonar til ord som 'einevelde' når KK nyttar vendingar som: "Makta og folket" (12.11.94).

Koplinga mellom særleg ja-politikarane og denne forma for makt kan fungere stigmatiserande. Ja-aktørane, som ganske riktig *var* dei med mest makt, politisk og økonomisk sett, vert stempla som kyniske maktpolitikarar som visste å utnytte sin posisjon. I teori om fiendebilete er som tidlegare nemnt omgrepet '*den andre*' eller '*dei andre*' svært sentralt. Ved å karikere ja-politikaren som ubarmhjertig maktpolitikar blir dette også bestemmende for korleis 'vi', altså nei-sida med nei-politikarar i spissen kan bli framstilt. Det oppstår ein vinn-vinn situasjon der 'vi' framstår som demokratiske og medmenneskelege, medan 'dei andre' altså er det motsette.

Fleire stader vert også ja-sida *generelt* spesifisert til å vere den gruppa i samfunnet som ein tradisjonelt forbind med makt: "Men også Oslofjordområdet er delt. Menn står mot kvinner, høytlønte mot lavtlønte, funksjonærer mot arbeidere" (28.11.94). "[...] La ikke de velbergede i Oslområdet [sic] stemme ned distriktene, kvinnene, arbeidsfolk og ungdommen" (28.11.94). Deira eigne vert hermed dei 'edle', svake gruppene, dei som vert trakka på og undertrykt av 'makta'.

Parallelt med stemplinga av ja-aktørane som maktfolk vert biletet av den desperate, feige og svake ja-aktøren teikna. Klassekampen skriv blant anna: "[...] er et av mange områder i EU-debatten der regjeringa *kjemper på defensiven* [...]" (14.11.94). "STATSMINISTERENS *siste halmstrå* i EU-striden er *gråtkvalte appeller* til det norske folket [...]" (25.11.94). "Ja-fløyen kunne løst dette ved å gå [...]. Det var de for *feige* til" (3.11.94). "I all mediestøyen om EU satser også NHO-direktøren på at følelser, fortvilelse og erklæringer om en slags unntakstilstand skal nå bedre fram enn vanlige argumenter" (10.11.94).

Jasinski viser til Vanderford som har peika på nettopp ein slik "[...] seemingly paradoxical tendency of social movements groups to portray their antagonists as both powerful and vulnerable" (Jasinski 2001: 203). Vanderford forklarte dette paradoksale synet på fienden med at slike grupper fann det tilfredsstillande å på same tid føle seg både mektig og trua. Dette kan fort bli for sterke ord for den norske EU-debatten, men kan likevel gi ein peikepinn på grunnane til at slike skuldingar vart tatt i bruk.

5.1.3 Ja-aktørane og ja-folket er elitistiske og snobbete

Tett knytt opp til framstillinga av ja-politikarar som maktpolitikarar er framstillinga av ja-tilhengjarar generelt som elitistiske og snobbete. I første rekkje er det politikarane som får gjennomgå. Ein kan få inntrykk av at KK prøver å byggje opp eit bilete av ein slags 'politikaradel' som er ivrige etter å sko seg i EU-systemet: "Statsminister Brundtland og hennes hoff [...]" (15.11.94). "For den politiske *eliten*, som allerede er husvarm i Brussel, er det en skjebne verre enn døden å ikke få være med i *det gode selskap*" (15.11.94). "Hvis Norge bli [sic] medlem av EU, vil en håndfull norske stortingspolitikere allerede fra nyttår flytte til EU-parlamentet og *innkassere* pengene. [...] De EU-ivrige synes sjølsagt dette er utmerket. Men for vanlige folk er det skremmende, for den som tjener en million i året anlegger en livsstil og en tenkemåte som ligger uendelig fjernt fra oss andre" (21.11.94).

Her er biletet av 'den andre' etter mi meining ganske uttalt. 'Dei' er udemokratiske eigennyttige snobbar, medan 'vi' "[...] med hjertet på venstre side [...]" (26.11.94) er det motsette. Denne portretteringa av ja-politikarane som tilhøyrande ei politisk elite fjernt frå folket heng saman med det som kan oppfattast som KK si insistering på at ja-politikarane og også EU-tilhengjarane generelt eigentleg er politisk høgrevridde. Fleire stader vert Ap omtalt som NHO sin allierte i EU-kampen, og Ap si høgredreining vert ofte understreka: "Men Arbeiderpartiet har i EU-kampen kommet så langt til høyre at [...]" (31.10.94). "Kompaniskapet mellom Ap-statsrådene, NHO-direktørene og Høyre-lederne sier mer enn tusen ord" (26.11.94).

Det kan synast som om KK prøver å gjere ja-valet umogleg å sameine med ein radikal politisk ståstad: "Blant 'byradikale' ja-folk er emnet nærmest blitt litt pinlig. Ikke alle vet hva *Salmonella*¹⁶ er, men det regnes uansett som dårlig smak å diskutere sånne uhumskheter i stedet for de mer ideologiske euro-visjonene" (1.11.94). Ved å ty til omgrepet 'byradikal' og i tillegg bruke hermeteikn kan ein ane ein viss form for forakt, her er det ikkje snakk om ekte radikalarar, men heller ei form for jåle-radikalisme. Det å plassere meiningsmotstandarane sine i denne stereotypiske 'snobbekategorien' er effektivt, dei sjølve får med ein gong dei motsette kvalitetane: jordnære, realistiske og på folket si side.

¹⁶ KK si kursivering.

5.1.4 Ja-aktørane tar i bruk skitne triks

Ja-aktørane vert hyppig framstilt som moralsk tvilsame, dei vert skulda for å drive med fusk og for å kome med løgn og desinformasjon: ”Det vil møte betydelig motstand, og oppfattes som et *knep*.” (2.11.94). ”I en slik situasjon tror vi *alle tenkelige midler* vil bli tatt i bruk for å knekke Stortingets mindretall” (2.11.94). ”Unntatt en del ja-folk som ikke klarer å la være å utnytte det i sine forsøk på å *sverte* nei-sida” (7.11.94). ”STATSMINISTEREN driver *desinformasjon* om EØS. Så skarpt må det sies når regjeringas leder gang på gang prøver å gi folk flest et *vrengebilde* av avtalens innhold og framtidsutsikter.” (16.11.94). ”Regjeringa *fusker* når den prøver å innbille folk at dette vil bli et problem” (23.11.94), ”Hun bruker bare episoden for å *kriminalisere* nei-siden i innspurten” (24.11.94). ”Finnes det *ingen nedre grense* for hva slags politiske utspill hun tyr til for å *presse* Norge inn i EU?” (24.11.94). ”I Norge har Øyangens departement *hemmeligstemplet* opplysningene” (17.11.94). ”[...] regjeringas ønske om å *hindre offentlig innsikt*” (17.11.94).

Framstillinga av motparten som uheiderleg har slektskap med skuldinga om å kome med skremsel: ”Statsministerens budskap er *reine skremslar* [...]” (25.11.94). ”*Skremslene* var løgnaktige den gangen, og de er det i dag også” (25.11.94). ”For det andre er det ytterst lite sannsynlig at Arbeiderbladets *skrekk-scenario* blir virkelighet” (29.10.94).

Det å klandre motparten for å drive med fusk og for å ta i bruk tvilsame grep vert i retorikken kalla *diabole* eller mistenkeleggjering av motparten (Andersen 1995: 47). Sjølve ordet siktar til ein demonisering av motparten. ’Demonisering’ er eit sterkt uttrykk, kanskje *for* sterkt i denne samanhengen. Biletet KK teiknar av motparten kan trass alt ikkje samanliknast med til dømes krigspropaganda liknande George Bush sitt omgrep ’ondskapens akse’. At det finn stad ei mistenkeleggjering av motparten er det likevel ingen tvil om. Ord som ’fusk’, ’knep’, ’desinformasjon’ og ’løgn’ taler for seg.

Koplinga mellom ja-sida og det som venstresida tradisjonelt har oppfatta som vonde krefter; høgredreidd politikk, udemokratiske metodar, personleg vinning og liknande har eg vist mange døme på i det føregåande. Når Klassekampen drar inn den korrupsjonsanklaga Silvio Berlusconi til ulempe for ja-sida vert smitte-effekten av ei slik kopling svært synleg: ”Mulighetene for at en av ja-sidas samarbeidspartnere i et ’nytt Europa’ er en korrupt, italiensk statsminister rykker stadig nærmere” (24.11.94). Slik kan eit nei til EU verte likestilt med eit nei

til dei negative kreftene i samfunnet, og på den andre sida eit ja er eit ja til politiske verstingar som Berlusconi.

Resultatet av denne 'svertinga' av motparten kan vere å piske opp stemninga blant lesarane, som i stor grad var nei-folk. Det å overtyde menneske ved å spele på kjenslene deira er som kjent eit av kjenneteikna til pathosappellering. I tillegg er pathos som tidlegare nemnt sentral når det gjeld å få publikum til å handle eller oppnå ei endeleg avgjerd (Lindhardt 1999: 90).

5.1.5 Ja-sida framstilt som ei blokk

Noko som er interessant å sjå nærare på er korleis KK ofte omtaler ja-sida som eit slags 'mangehovda' troll, der politikarar, Europabevegelsen og ja-folk generelt vert skore under ein kam. Her følgjer ein del eksempel: "Følgelig er dette - som *EU-tilhengere* ynder å si når det passe [sic] dem [...]" (29.10.94). "*JA-SIDA* har nå i flere år kjørt en kampanje [...]" (3.11.94). "Stemninga i Sverige kan tyde på at *ja-folket* likvel [sic] har gjort opp regning uten vert" (8.11.94). "De *EU-ivrige* synes sjølsagt dette er utmerket" (21.11.94). Nærast halve befolkninga stemte 'ja' ved avstemminga og var naturlegvis ei svært samansett gruppe. Ved å insinuere at ja-folket var ein homogen masse innrømmer ein ikkje at også motparten har fleire aspekt. Det kan vere med på å auke blokk-tenkinga: Det er 'vi' mot 'dei'.

5.1.6 Omtale av motstandarane sin argumentasjon

Eit mykje brukt middel for å svekkje meiningsmotstandarar er å nedvurdere argumentasjonen deira, eller refutatio som dette vert kalla i retorikken. Her kjem eg ikkje til å analysere KK sin eigen argumentasjon, men konsentrerer meg om korleis dei omhandla motstandarane sine argument.

Fleire ulike grep vert tatt i bruk for å setje argumentasjonen til ja-sida og ja-politikarane i eit dårleg lys. Mange stader vert argumenta omtalt som påstandar: "[...] og må ty til - for å si det forsiktig - mindre nøyaktige påstander" (14.11.94). "Jagland stoler på at det er nok med *påstander*¹⁷, det er hans 'autoritet' som Ap-leder fra et industriarbeidermiljø som skal overbevise velgerne" (22.11.94). "Fullt kjør på en ytterst tvilsom påstand om økt vekst ved EU-medlemskap" (23.11.94). Britt Hultén viser til Tage Danielsson som har illustrert korleis kjenslene styrer språket:

¹⁷ KK si kursivering.

”jag anser

du påstår

han/hon har fått för sig” (Hultén 2000: 54). Når eit argument får stempel som påstand, vert det automatisk degradert. Ordet ’påstand’ har ein negativ klang, det har noko uetterretteleg hefta ved seg som ikkje høyrer heime i offentleg debatt. Slik kan motparten si evne til å framstille argumentasjon basert på *logos* trekkjast i tvil, og dermed følgjer ei svekkjing av ethos i kjølvatnet.

KK er heilt klar i sin kritikk av motstandarane sin argumentasjon, det er tydeleg at dei er i kamp: ”Noe dårligere argument for EU-medlemsskap skal en derfor lete lenge etter” (18.11.94). ”Argumentet med det svenske skolevalget er spesielt svakt” (19.11.94). Dette siste kan sjåast i samanheng med KK sin tydelege aktørprofil i EU-kampen. Ironisk¹⁸ omtale av argumentasjonen er også vanleg: ”MIDT I EU-innspurten fant kommunalminister Gunnar Berge *det naturligvis passende* å offentliggjøre [...]” (18.11.94). ”Følgelig er dette – som EU-tilhengerne *ynder å si når* det passe [sic] dem- et politisk spørsmål” (29.10.94). Argumentasjonen vert også ofte stempla som repetisjon. KK gir uttrykk for at dei er *lei* av å høyre på motparten: ”STATSMINISTER Brundtland har vært i Trondheim og *gjentatt leksa*” (23.11.94). ”I stedet prøver hun å repetere de *falske skremslene* fra 1972” (25.11.94).

Denne lett hånlege haldninga fungerer som *latterleggjering* av motstandarane. Å gjere narr av motparten er eit mykje brukt middel i konflikter, ein frårøvar på mange måtar motparten ’æra’. Slik kan latterleggjering vere effektivt som avvæpning av motstandaren. Ein kan sjå på denne sarkastiske omtalen av motparten sin argumentasjon som ei form for pathos, der det overordna målet er å vekke antipati mot ja-sida hos lesarane.

5.1.7 Folkeleg språkbruk

KK tar hyppig i bruk det som kan minne om krass daglegtale: “[...] syns åpenbart det er helt greit at LO-leder Yngve Hågensen *gir blaffen i [...]*” (7.11.94). “[...] fordi LO-ledelsen *ikke har løfta en finger [...]*” (7.11.94). “[...] kan ikke lenger ta ansvaret for at *landet går til helvete*” (10.11.94). “[...] som om det ikke er verd *mer enn å tørke seg bak med*” (10.11.94). ”Yngve

¹⁸ Tormod Eide definerer ironi på følgjande måte: ”I retorikken er i. som ordfigur [...] uttrykk som betyr det motsatte av det taleren mener. I. innebærer at taleren er så trygg på sin sak at han kan tillate seg å benytte motstanderens språk uten å risikere å bli misforstått” (1999: 82).

Hågensen sto fram som *reinhekla* ja-mann [...]” (16.11.94). ”*Det var ham vel unnt. Man kommer ikke til selskap man ikke er invitert til*” (18.11.94). ”I intervjuet er Jagland også *frekk* nok [...]” (22.11.94).

Språkbruken utmerkar seg i så stor grad at det kan oppfattast som eit intendert grep frå avsendaren si side. Overdriving av denne typen har trekk frå det som i retorikken kallast *amplificatio*, eller *retorisk forstørring* (Andersen 1995: 53). *Amplificatio* byggjer i den klassiske talen hovudsakleg opp under pathosovertydinga, det tener appelleringa til kjenslene. Den krasse språkbruken er eigna til å verke svertande for motparten og til å nære kampånden hos nei-folket. Dette kan tolkast i samanheng med det eg har skrive tidlegare om etablering av fiendebilete av motparten.

Dette kraftspråket kan også ha ein annan funksjon: det å snakke direkte og folkeleg signaliserer at ein er ein del av 'folket', og kan bidra til at lesarane oppfattar KK som truverdig, fordi dei 'ikkje gjer seg til'. Dette fungerer også som ein demarkasjonsteknikk mot motparten, altså i Klassekampen sitt tilfelle 'makta' og 'kapitalistane' som gjerne tradisjonelt nyttar ein meir akademisk eller borgarleg språkbruk. Slik markerer ein avstand til dei gruppene i samfunnet som av venstresida kan oppfattast som elitistiske. Dette å vere villig til å snakke 'så folk forstår' er utbreidd i organisasjonar og parti som appellerer til dei 'lågare' sosiale lag i samfunnet.

Språkbruken er nok ikkje meint primært som eit lettlest alternativ, men heller ei vilje til å vise sine kvalitetar som ei tvers gjennom ærleg og ujalte avis. I eksemplet frå KK der dei gjer narr av dei snobbete EU-tilhengjarane som ikkje nedverdigar seg til å ta opp salmonellafaren ved eit eventuelt EU-medlemskap, kjem denne haldninga klart fram: ”Vi ser ingen grunn til å la emnet ligge” (1.11.94). I tillegg er sjølve *språket* KK nyttar seg av eigna til å dra eit skilje mellom 'dei' og 'dei andre', dei bruker radikalt bokmål, med ord som 'sjølsagt' og a-endingar på substantiv, f.eks 'makta'. Denne språkforma kan oppfattast som eit stikk til det etablerte og borgarlege, og kan seiest å understreke det provokative i leiarartiklane.

Anders Johansen kommenterer i boka *Talerens troverdighet* blant anna Kristin Halvorsen sin språkbruk og snakkemåte i valkampen i 2001: ”Språket hennes var i det hele tatt folkelig, hverdagslig; i dét kom et alminnelig menneske til uttrykk: Gjennom det identifiserte hun seg snarere med velgere flest enn de andre politikerne” (Johansen 2002: 63). Dette er også karakteriserande for KK sin språkbruk.

Vår tids skatting av det enkle og naturlege heng saman med omgrepet autentisitet. Verdien av det autentiske kan ikkje undervurderast i moderne politikk. Anders Johansen skriv blant anna følgjande om korleis dette artar seg: ”Hemmeligheten med det autentiske uttrykk er altså mangel på stil og form i tradisjonell forstand. Elegant og effektivt er jo det språk man skjuler seg bak og forsøker å gjøre inntrykk på oss med. Flyter det lett, er det ’glatt’. Store ord og fakter er ’floskler’” (ibid.: 94).

5.1.8 Metaforbruk

Metaforen vert som nemnt tidlegare ofte omtalt som den mest sentrale av tropane. I lærebøker om retorikk kan ein finne lister over dei ulike figurane og tropane som har latt seg kategorisere. Poenget her er ikkje å setje ein presis merkelapp på kvart einaste språklege bilete, men heller fange opp tendensar i artiklane. Derfor kjem eg til å bruke Petersson si vide oppfatning av metafor i analysane: ”Begreppet metafor forstås här i vid bemärkelse, som beteckning för uttryck använda i överförd betydelse” (ibid.: 10).

Det er særleg metaforar knytta til ulike formar for *kamp* som utmerkar seg i Klassekampen sine leiarartiklar. Innunder ’kamp’ kjem metaforar henta frå ulike område, både spel, sport og krig. Det som sameinar dei ulike typane av metaforar er den felles kjernen av konkurranse, med alle dei ulike sjatteringane dette kan ha. Konkurranse kan jo vere både harmlaus lek og brutal strid, det handlar i begge høve om *å vinne*.

Martin Eide peikar i artikkelen ”Om journalistikk og metaforikk” på den utstrekta bruken av sport- og spelmetaforikk i journalistikken: ”En stakkars avisleser kan lett lide valgets kvaler overfor politiske sportsmetaforer. Foregår politikk i bokseringen? Eller i hippodromen? Eller på sjakkbrettet?” (M. Eide 1999: 40). Vidare skriv han: ”Sportsjargongens ekspansjon utover sine tradisjonelle grenser betyr en atletisering av politikken, en forståelse av politikk i idrettens bilde og følgelig underlagt en sportsjournalistisk inspirert logikk” (ibid.: 40).

Slike sport- og spelmetaforar finn ein også eksempel på i KK sine leiarar: “[...] som skulle være det store *trumfkortet* i *innspurten*, er i praksis *blitt en ball som er lagt død*” (10.11.94). I denne setninga er det brukt både sport- og spelmetaforikk. Enda eit døme på spelmetaforikk: “[...] er ganske enkelt at de anser dette som nei-sidas svakeste *kort*” (3.11.94). Her vert kort-metaforen nytta igjen. Og i frå idretten: ”Her er ja-sidas *innspurtstrategi* tydelig

demonstrert: *Fullt kjør* på en ytterst tvilsom påstand om økt vekst ved EU-medlemskap” (23.11.94).

Det å omtale debatten i høvesvis spel- og sportmetaforar kan tenkjast å ha implikasjonar for korleis lesarane oppfatta EU-kampen. Tidlegare i oppgåva viste eg til Coffey og Atkinson som meinte metaforar var interessante å studere blant anna fordi dei kan seie mykje om kva vi i eit samfunn tar for gitt:

Metaphors are grounded in socially shared knowledge and conventional usage. Particular metaphors may help to identify cultural domains that are familiar to the members of a given culture or subculture; they express specific values, collective identities, shared knowledge, and common vocabularies (Coffey og Atkinson 1996: 86).

I tillegg kan metaforar studerast med tanke på kva intensjon dei er brukt i, altså som eit retorisk verktøy for avsendaren.

Dei fortolkningsrammene KK med sine sport- og spelmetaforar tilbyr er prega av eit konkurranseaspekt, det er om å gjere å 'ta' motparten, finne svake punkt, avsløre det strategiske spelet. Kortspel-metaforikk kan også gi assosiasjonar til juks, noko ja-sida vert skulda for fleire stader i leiarartiklane. Fokuset på korleis motparten *spelte sitt spel*, i staden for ein fokus på sjølve EU-saka, bidrog også til eit auka konfliktnivå.

Spel- og sportmetaforikk skaper tydelege motpartar, sidan det nettopp dreier seg om å vinne. Ein finn også døme på metaforar knytta til dei andre sjatteringane av ordet 'kamp'. KK omtalar fleire stader motparten som fysisk overlegne, og nyttar termar knytt til brutalitet, valdsbruk og militær strid. Her følgjer nokre eksempel: "I en slik situasjon tror vi *alle tenkelige midler* vil bli tatt i bruk for å *knekke* Stortingets mindretall" (2.11.94). "Til nå ser det ut til at nei-sida har akseptert LO-ledelsens totale *sabotasje* [...]" (31.10.94). "Uten slike regler kan nemlig et knapt flertall i Stortinget *overkjøre* mindretallet i saker av helt vital betydning for alles framtid" (3.11.94). "Den samma ja-sida som *forfølger* stortingsrepresentanter, professorer og andre som forsvarer [...]" (7.11.94). "Det er hennes *propaganda-felttog* NRK Dagsrevyen har satt alt inn på å formidle uten kritiske spørsmål" (26.11.94). "Den eneste sikre muligheten til å legge *EU-framstøtene døde* i lang tid framover er ganske enkelt et klart nei-flertall i november" (2.11.94). "Denne Grunnlovsopportunitismen bør nei-sida *angripe langt mer offensivt*" (3.11.94). "I høst har ja-avisene og NRK *dratt fram* den ene ja-SV'eren etter den andre som *angriper* sitt eget partis holdning i dette spørsmålet" (3.11.94).

Det kan seiast å overlappe med det eg skreiv om ja-aktørar som moralsk tvilsame, men eg tar det likevel med her fordi det kan vere interessant å sjå korleis desse metaforane hentar sine bilete frå fysisk og psykisk vald. Ein kan også sjå dette i lys av Lakoff og Johnson sine teoriar om det erfaringsbaserte ved metaforisk tenkjemåte: "We are proposing that the concepts that occur in metaphorical definitions are those that correspond to natural kinds of experience" (Lakoff og Johnson 1980: 118). Rudolf Rydstedt peikar også på denne klargjerande eigenskapen ved metaforikk: "Ur allmän synsvinkel är det viktiga med metaforiken att den gör det möjligt för oss att att [sic] skapa föreställningar om fenomen som vi annars skulle ha mycket svårt att få grepp om. [...] Nästan allt som är abstrakt omvandlar vi till något gripbart med metaforik [...]" (Rydstedt 1993: 206).

Det å klargjere og konkretisere eit fenomen er også avgjerande for korleis fenomenet vert forstått. Rolv Mikkel Blakar er opptatt av korleis språklege verkemiddel også fungerer som maktmiddel: "I ideologisk og politisk debatt er valg av ord og uttrykk eit uhyre vesentleg maktmiddel i struktureringa av den 'realiteten' som striden står om" (Blakar 1996: 51). At denne språkbruken er nytta bevisst er umogleg å avgjere, det sentrale er heller å diskutere kva implikasjonar den kan seiast å ha. Det å bruke termar knytta til kamp og militær krigføring kan nok ha bidratt til å oppildne lesarane som jo i all hovudsak var nei-folk.

5.1.9 Klassekampen var ein tydeleg aktør

Å ramme inn motparten som ein reell motstandar ved hjelp av stridsmetaforar kan på mange måtar bli oppfatta som pathos-overtyding. Ein overdriv og karikerer for å auke raseriet, og dermed gi drivstoff til mobiliseringa. Dette kan sjåast i samanheng med KK si klare rolle som aktør i EU-kampen.

Allern diskuterer i boka *Flokkdyr på Løvebakken* i kva grad journalistar kan kallast politiske aktørar. Allern sin definisjon av aktør er henta frå sosiologien:

Aktørbegrepet er i sosiologien knyttet til enhver som setter i verk eller inngår i sosiale handlinger. Aktører kan være individer, men også kollektiver som bedrifter eller organisasjoner. [...] I en nyhetsbedrift vil for eksempel handlingene påvirkes både av journalistiske normer og forretningsnormer, knyttet til en redaksjonell markedsstrategi (Allern 2001: 62).

Aktørprofilen er etter mi meining svært synleg i KK sine leiarartiklar. Mange stader vert lesarane direkte oppmoda til å delta i nei-rørsla sine markeringar og sitt arbeid generelt og sjølv argumentasjonen ber også ofte preg av å vere mynta på opinionsleiarar, som ei slags 'innprenting' av slagkraftige argument. Her følgjer nokre eksempel: "Hågensen og LO-ledelsens opptreden er etter vårt syn åpen forakt for medlemmene og vi er faktisk nokså overrasket over at den normalt talføre og hardtslående nei-sida i LOs rekke aksepterer LO-ledelsens manipulasjoner i denne saka" (7.11.94). "Men aksepterer LOs mange nei-folk lederens ja-rolle?" (10.11.94). "Demonstrasjonen i Oslo kommende helg bør bli den største i manns minne"(15.11.94). "Å mobilisere [sic] både skoleungdommen og arbeiderungdommen til stemmeurnene, må være en viktig sak for nei-siden i innspurtsuka" (19.11.94). "Møt fram og stem nei. Og ring gjerne venner og bekjente og minn dem på at det er valg i dag" (28.11.94).

5.2 Bergens Tidende

5.2.1 Kven var motparten?

I eigenskap av å vere ja-avis kan det nok argumenterast for at motparten var nei-sida. Slik det kom til uttrykk i artiklane kan likevel ikkje motparten seiast å falle hundre prosent saman med *meiningsmotstandarane* generelt slik ein i større grad kan hevde var tilfelle for Klassekampen. Årsakene til dette er samansette. BT er ei regionsavis med ei svært heterogen lesargruppe med tanke på EU, og måtte derfor trø varlegare enn aviser som Klassekampen og Nationen. Derfor peikar ikkje nei-veljaren i seg sjølv seg ut som ein del av motparten. Den delen av nei-sida som kan karakteriserast som *motparten* kan seiast å vere enkeltpersonar blant nei-politikarane i kommunen og nei-politikarane på Stortinget som ikkje ville bøye av for eit knapt ja-fleirtal. I det følgjande kjem eg til å bruke nemninga 'nei-aktør' om nei-politikarar og profilerte aktørar som var aktive på nei-sida. Nei-sida sine sympatisørar på grasrotplan er altså ikkje inkludert i dette uttrykket.

5.2.2 Korleis framstilte BT motparten?

Samanlikna med dei andre avisene er det oppsiktsvekkjande lite kritikk retta direkte mot sentrale nei-aktørar. Berre den siste dagen i utvalsperioden, sjølve valdagen, kom det direkte kritikk mot ein del stortingsrepresentantar:

Stortinget har vedtatt at det ønsker folkets råd i EU-saken, men slett ikke alle i Stortinget ønsker å følge rådet hvis det kolliderer med deres eget standpunkt. Dette er humbug nr. 1. Så følger humbug nr. 2: Lørdag sendte 79 stortingsrepresentanter ut et opprop med en inntrengende oppfordring til det norske folk om å stemme nei. Dette er i beste fall tankeløst; i verste fall et sørgelig overtramp (28.11.94).

Kritikken er fri for direkte sjikane, men orda 'humbug' og 'overtramp' er utvilsamt negativ omtale av dei aktuelle stortingsrepresentantane. Måten leiarskribenten ordlegg seg på kan seiast å innehalde ei form for arroganse og ei nedlatande haldning. Ein kan også spore ein *moralsk* undertone i artikkelen; utspelet frå politikarane er umoralsk, men kjem dessverre ikkje som noka overrasking: "[...] Av folk i Senterpartiet og SV er det vel ikke annet å vente. Men vi ser til vår sorg at endatil Venstres Lars Sponheim er med på galeien" (28.11.94). Den uttrykte 'sorga' over Lars Sponheim si deltaking i dette kan ha å gjere med BT si fortid som Venstre-avis.

Når det gjeld negativ omtale av EU-motstandarar og nei-sida generelt er det i all hovudsak brukt relativt moderat språkbruk: "Vi bør tenke på det, før noen slipper løs en

irrasjonell skrekk for den grensedbygging som EU idag er den viktigste pådriver for” (31.10.94). ”Motstanderne av norsk EU-medlemskap har gjort ’fri flyt’ til et skremselsbegrep i debatten [...]” (31.10.94). ”Men når man skremmer med fri flyt av narkotika og internasjonal kriminalitet, bør man tenke seg om” (31.10.94). ”Nei-siden har tatt til motmæle mot undersøkelser av denne typen og hevder at de brukes som argument for å overtale de svenske velgerne til å stemme ja. Det synes ikke som om det faller EU-motstanderne inn at svenskene bruker både hode og følelser [...]” (3.11.94). ”Enkelte, som er stivnet i sin mistro til alt statsministeren bringer til torgs, får heller protestere så mye de vil” (7.11.94). ”Norsk nei-side må bruke de nærmeste dagene til å forklare at Sverige er et betydningsløst land i forhold til oss. Det blir vanskelig” (14.11.94).

5.2.3 BT framstilte seg sjølv som diplomatiske

Ikkje sjeldan presenterer BT kritikk retta mot *begge* sidene i EU-kampen. Kritikken er nok ikkje *like* skarp mot ja-sida som mot nei-sida, men det er tydeleg at BT vil framstå som relativt objektive, trass i EU-standpunktet: ”Det er derfor nærliggende å spørre om den opprivende bataljen med politikere og fagfolk på torg og streder mer har vært til forvirring enn til oppklaring for mennesker som er på leting? Feilberegner kamphanene - og hønene - sitt publikum?” (7.11.94). ”Ja-siden fatter naturlegvis mot, og med rette, men det skal lite til før overmotet gjør skade på en god sak. Vi advarer og håper bare ikke det er for sent. Nei-folket er ikke det spor bedre. Gemyttene er enda sterkere i den leiren” (15.11.94). ”Det er ikke så rart, for viljen til saklighet er ikke alltid like imponerende blant våpendragerne” (15.11.94). ”Feilslag har det vært underveis. Statsministeren selv står kanskje for det grovste da hun tidlig i valgkampen karakteriserte en gårdbruker som ’hjernevasket’ fordi han holdt fast på synspunkter som Harlem Brundtland mente bygget på gale forutsetninger. [...] Valgkampens desiderte lavmål står imidlertid den eller de for som organiserte overklistring og tilgrising av ja-sidens plakater. Det samme gjelder hylekoret i Tromsø som førte til at Arbeiderpartiets leder Thorbjørn Jagland ikke fikk fremført sitt budskap” (28.11.94). ”Så kan man spørre, når sluttstrek nå er satt, om både tilhengere og motstandere i utgangspunktet har konsentrert seg for mye om detaljspørsmål?”

Den tilsynelatande diplomatiske tonen kjem også til uttrykk når skribenten rosar leiarane i begge dei rivaliserande organisasjonane: ”Men verken Inge Lønning eller Kristen Nygaard har brukt sitt fag som pant på sitt standpunkt. I så måte har de to professorene holdt en ryddig stil i

denne EU-debatten” (22.11.94). Avisa vier til og med eit eige avsnitt berre til kritikk av Europabevegelsen: ”Det er stort sett regjeringen og statsrådene som må dra lasset for at Norge skal bli EU-medlem. Europabevegelsen er dessverre blitt en klamp om foten” (12.11.94).

Det kan altså verke som om BT gjer eit poeng ut av å vere balanserte, at dei ser det som deira ’plikt’ å opptre meklende. Kanskje kan dette sjåast i samanheng med deira rolle som ’seriøs’ abonnementsavis, som ein kontrast til tabloide alternativ. Det å halde hovudet kaldt ser ut til å ha vore ei prioritert sak hos leiarskribentane, det kan desse eksempla på kritikk også av ja-sida vere eit prov på.

Ikkje sjeldan vert det brukt vendingar som uttrykkjer ein distanse til kampen: ”I hovudsak må vi kunne karakterisere debatten som renslig. Uten de store utbrudd slik man kanskje kunne vente i en debatt om et så omfattende og vanskelig spørsmål som EU-saken er” (28.11.94).”Derfor hadde nok begge sider tjent på å uttale seg med litt mindre skråsikkerhet underveis” (28.11.94). I artikkelen ”Vi frykter det verste” manar dei til ro og sindig oppførsel: ”Kan vi greie å komme gjennom de siste to ukene av EU-valgkampen med ære og anstendighet i behold?” (15.11.94). ”Så lenge debattanter og aktører ellers holder seg i skinnet og unngår hærverk og trakassering av ulikt slag, får vi heller tåle harde angrep og sterke ord fra begge sider [...]” (15.11.94).

Sjølv om BT var *for* EU og argumenterte deretter, kan det at dei viste ei såpass balansert haldning ha gitt inntrykk av objektivitet. Evna til også å rette kritikk mot sine egne kan også verka styrkande for deira allereie høge ethos: ”Flere studier peker på at det er større sannsynlighet for at en ’taler’ vil få styrket troverdighet hvis vedkommende argumenterer for noe annet enn det mottagerne forventer” (Kjeldsen 2004: 127).

5.2.4 Forståingsfull tone

Kritikken av motparten er som eg har vist i det føregåande avdempa samanlikna med andre aviser. BT har stort sett ikkje satsa på *diabole* som ein strategi i overtydinga. Eit trekk ved artiklane som også er verdt å merke seg, er den velvillige og forståingsfulle tonen avisa prøver å formidle. Fleire stader uttrykkjer leiarskribenten ei tolerant haldning for tvilarane og nei-folk generelt: ”Velgere på leting etter svar i EU-spørsmålet har liten glede av politikerne. Nei, for den saks skyld heller ikke av fagfolk på ulike områder. Så paradoksal og trøstesløs synes situasjonen å være for alle som regner seg som tvilere bare tre uker før folkeavstemingen” (7.11.94). ”For

mange nordmenn, både de som sier nei og de som tviler, er støtteordningene for jordbruket [...] temmelig avgjørende for egen eksistens, for familiens, bygdens eller distriktets. Det skal man respektere” (26.11.94). ”Vi ser en skremmende avstand mellom den naturlige uro menigmann føler i et så komplisert spørsmål som EU-saken tross alt er, og den skråsikkerhet de fleste politiske ledere opptrer med” (7.11.94). Berre for kontrasten si skuld er det verd å sitere KK på det som kan oppfattast som den stikk motsette haldninga: ”Å stå utenfor EU gir fortsatt nasjonal kontroll over våre ressurser og større handlefrihet på den internasjonale arenaen. Vanskeligere er ikke valget” (KK 15.11.94).

BT går til og med så langt som å arrangere eit lesarmøte der formålet ifølgje dei sjølve var oppklaring og opplysning. Lesarmøtet vart framstilt som ei hjelp til den ’vanlege’ veljaren fordi politikarane og fagfolk etter BT si oppfatning hadde svikta som informatørar. BT inviterte derfor lesarane til eit møte med Gro Harlem Brundtland: ”Men EU-saken dreier seg om mer enn synsing og meninger. Ikke minst de enkle og hverdagslige spørsmål fortjener avklarende svar. Hvorfor ikke bringe våre lesere i direkte kontakt med landets statsminister? tenkte vi” (7.11.94). BT framstiller lesarmøtet som ein gest til tvilarane, statsministeren var ifølgje leiarskribenten den enkeltpersonen med best totaloversikt i EU-debatten. Sjølv om BT innrømmer at statsministeren hadde klare intensjonar i EU-debatten, er det likevel ganske underleg å omtale møtet som ei ’folkeopplysande’ handling. Tilsynelatande var dette eit ledd i BT sin profil som forståingsfull avis, men å arrangere eit slikt møte der berre ja-sida var representert er vel meir ein overtydingsstrategi enn ein oppklarande gest. Her kan det påpeikast at det i etterkant og også under EU-debatten er blitt retta sterk kritikk mot det som er blitt karakterisert som ei svært servil haldning til Gro Harlem Brundtland frå ja-avisene.

Den forståingsfulle haldninga til ’menigmann’ vert forsterka av kritikken av blant anna akademikarar som hevda å ha svaret i EU-kampen i kraft av sin faglege tyngde: ”Hva skal vel menigmann forresten tro, når de opplever at såkalte eksperter denger hverandre i hodet med stikk motsatt faglige vurderinger? Våre dagers økonomiprofessorer er det beste eksempelet på en ekspertgruppe som i denne forbindelse har skjemt seg ut til gagns. De fungerer overhodet ikke som veivisere” (7.11.94). ”Når professorer bedriver politisk kannestøperi under dekke av å være fagfolk, er det faget og respekten for de akademiske grunnsetninger som blir svekket” (22.11.94). ”Da skal de heller ikke forlange å få siste ordet og mene at det er spesiell tyngde og saklighet i argumentasjonen fordi om den kommer fra de akademiske sirkler” (22.11.94). Dette kan fungere

smigrande for ikkje-akademikarane blant lesarane, BT uttrykkjer ikkje berre forståing for at det er vanskeleg å ta ei avgjerd i EU-saka, men kritiserer i tillegg dei 'bedrevitande' professorane for å utnytte tittelen sin som eit ledd i kampen.

5.2.5 Metaforbruk og språklege verkemiddel

Kritikken av motparten var avdempa i forhold til andre aviser, og eit klart fiendebilete av motparten er vanskeleg å finne. Der avisa likevel kjem med kritikk, er det ofte i form av latterleggjingar og bruk av ironi. Dette var eg så vidt inne på i avsnittet der eg tok for meg framstillinga av motparten, men metaforbruken krev ein nærare analyse. BT ironiserer til dømes over det dei oppfattar som sjølv gode argument frå nei-sida:

'Eit opprørande utslag av EU-politikken', vert det sagt så kjekt. Dermed er det funne enda eit argument mot EU-medlemskap. For vi her lenger nord er så prektige så ... Og mytene gror - inntil vi her om dagen kunne bretta ut over heile førstesida i BT at grisar i hundrevis har krepert hittil i år medan dei var på veg til norske slaktehus! Du verda! Nei, la oss ikkje sluka rått alt som vert servert om umoral og elendige tilhøve i EU. Sanneleg har vi litt av kvart å stå til rette for på vår eigen heimebø før vi jamrar over andre! (4.11.94).

BT ironiserer over den sjølv gode haldninga til nei-folk, og kanskje her særleg bondenæringa i setninga "For vi her lenger nord er så prektige så ...". Også uttrykket "Du verda!" som er eit folkeleg uttrykk for overrasking fungerer ironisk og verkar latterleggjerande for motparten. Ikkje berre vert dei skulda for å 'sluka rått' påstandar om EU, men det viser seg altså at forholda ikkje er betre i Noreg. Uttrykket kan også tolkast som ei insinuering av at desse som 'sluker rått' all negativ omtale om EU er litt einfaldige. Ordet 'heimebø' kan sjåast som eit metonym¹⁹ for det norske land- og gardsbruket generelt. At dei har valt akkurat dette ordet er neppe tilfeldig, og røper kanskje ein irritasjon over bøndene si sverting av landbruket i EU.

BT tydeleggjer si rolle også som 'byavis' når dei kritiserer enkelte *lokale* nei-politikarar for å ha nytta uærlege metodar i sin EU-kamp. Også i kritikken av lokalpolitikarane står latterleggjing sentralt:

¹⁹ Språkfiguren metonymi vert i *Litteraturvitenskapelig leksikon* forklart som "[...] retorisk trope der et ord henviser til et annet som følge av en materiell, kausal eller begrepslig relasjon" (Lothe, Refsum og Solberg 1997: 157).

Skomaker, bli ved din lest, er et ordtak vi alle kjenner – men som en del kommunepolitikere ser ut til å ha glemt. De har fått det for seg at formannskapet i Bergen må ha en mening om EU-medlemskap. Kloakk, vei og avløp er ikke nok. Noen har stukket hodene sammen og regnet seg fram til at et flertall i formannskapet er nei-folk. [...] Så kan altså SME-aktørene Odd Rambøl og Anna Elisa Tryti gi seg til å humre, for attpåtil har de greid å stille partiets egen ordfører i forlegenhet, når han idag er sammen med Gro. Jo, revestrekker kan de lage! (5.11.94).

I *Nynorskordboka* vert 'revestrek' definert som: "lurt (tarveleg) knep, skarvestykke, kjeltringstrek" (Hovdenak mfl. 1986: 577). Ein kan få inntrykk av at desse politikarane har rotta seg saman som rampete skule-elevar og planlagt ein skikkelig pøbelstrek. I tillegg røper ordtaket 'Skomaker, bli ved din lest' ei arrogant haldning til desse kommunepolitikarane. Når leiarskribenten seinare følgjer opp med 'Kloakk, vei og avløp' vert janteloven tydeleg. Folk som til dagleg driv på med slike 'enkle' saker skal ikkje drive med storpolitikk! Slik klarar BT å latterleggjere desse politikarane. Og påfølgjande dag kom følgjande underleiar:

Vi har alltid trodd at Ingmar Ljones og Odd Rambøl var etterrettelige karer som ikke farer med juks og fanteri. Er vi nødt til å revurdere vår oppfatning? Når de friskt og freidig, uten engang å orientere ordføreren, utbasunerer at formannskapets flertall sier nei til EU-medlemskap, burde vi i det minste kunne vente at de hadde dekning for sine ord. Så har de altså bare tatt en sjanse! [...] I løpet av helgen var det så tid for bortforklaringer – og den ene skyldte på den andre. Nåvel, taskenspillene er avslørt. Det er formodentlig utrivelig å stå med buksene nede (7.11.94).

Her er haldninga også prega av ein arrogant tone til liks med den førre teksten. Metaforar som 'taskenspillere' og 'å stå med buksene nede' er skulemeisteraktige i forma, det er som uskikkelege elevar dei opposisjonelle lokalpolitikarane vert omtala. Mitt inntrykk er likevel at det ikkje er den voldsomme harmen som kjem til syne her, men heller ei ovanfrå og ned-haldning til dei omtala politikarane. Dette kjem også til uttrykk i vendingar som 'bortforklaringer' og 'den ene skyldte på den andre'. Ein moralsk peikefinger er synleg, men teksten fungerer også svertande og latterleggjerande for motparten.

Også i BT er det brukt kamp-, sport- og spelmetaforikk. Martin Eide skriv om bruk av sports-, drama- og kampmetaforar at dei kan bidra til å skjule journalistane si rolle som politiske aktørar, ved at dei framstår som uavhengige observatørar til konflikten som utspeler seg: "Hvis politikerne framfører et drama eller hvis de kjemper på banen, kan journalisten være kritiker eller dommer. [...] Disse metaforene skjuler eller underkommuniserer følgelig journalistens rolle som politisk aktør, som deltaker i spillet" (M. Eide 1999: 44).

Eg vil ikkje påstå at BT oppfatta seg sjølve som ståande heilt utanfor kampen, men det kan likevel vere interessant å ha teoriane til Eide i bakhovudet når ein ser på nokre av metaforane BT tok i bruk: ”Det er derfor nærliggende å spørre om den *opprivende bataljen* med politikere og fagfolk [...]” (7.11.94). ”Vi har allerede sett stygge overtramp i *kampens hete*. [...] *Gemyttene* er enda sterkere i den *leiren*. Selv om Kristen Nygaards [sic] *bataljon* har seilt i medvind i hele høst, er nervene på høykant hos *fotfolket*. [...] De er i *forsvarsposisjon*. [...] viljen til saklighet er ikke alltid like imponerende blant *våpendragerne*” (15.11.94). ”Statsminister Gro Harlem Brundtland tok riktig i bruk *storslegga* for å iredesette [...]” (28.11.94). Feilberegner *kamphanene – og hønene* – sitt publikum? Hva skal vel menigmann forresten tro, når de opplever at såkalte eksperter *denger hverandre i hodet* [...]” (7.11.94).

No bør det påpeikast at BT ikkje merkar seg ut som storforbrukar av slike kampmetaforar, i alle fall ikkje blant dei artiklane eg har sett på. Likevel gir dei eit signal til lesarane om korleis den politiske usemja om EU skulle oppfattast, det vil seie som ein *kamp*. Til forskjell frå KK vert metaforane her ikkje brukt utelukkande som sverting av motparten. Som eg har vist fleire stader vert begge sider nokså jamnt kritisert, når ein tar høgde for at BT trass alt var ja-avis. Formålet verkar ikkje å vere egging av lesarane, men heller ei slags understreking av BT si rolle som seriøs observatør. Ved å gi uttrykk for ein profesjonell distanse frå kampen vert dei desto meir pålitelege, og metaforikken tener ethos-overtyinga.

5.2.6 Lav aktørprofil?

Aktørrolla vert gjerne assosiert med sterke utspel og tydeleg engasjement. Som eg har vist i analysen utmerka ikkje BT seg med krass ordbruk eller klare fiendebilete. Den ’forsiktige’ linja BT sto for kan altså gi inntrykk av at avisa hadde ein lav aktørprofil i debatten. Tatt i betraktning at leiarane vart skrivne i den mest intense fasen av EU-kampen, merka leiarane seg ut som nøkterne. Det omtalte ’folkemøtet’ BT arrangerte er likevel ei handling som får avisa til å framstå som aktør, her greip dei inn i ’verkelegheita’, og sto ikkje berre på sidelinja og kommenterte.

5.3 Dagbladet

5.3.1 Kven var motparten?

Dagbladet var ja-avis og nei-sida generelt var dermed den naturlege motparten i EU-saka. Motparten var meir spesifikt nei-politikarar, aktørar frå organisasjonar som var mot EU, nei-aviser og EU-motstandarar generelt. Eg vil også her til å bruke nemninga 'nei-aktør' om nei-politikarar og profilerte aktørar som var aktive på nei-sida. Nei-sida sine sympatisørar på grasrotplanet er altså ikkje inkludert i dette uttrykket.

5.3.2 EU-motstandaren som skeptisk og sta

DB omtaler gjentatte gongar EU-motstandarar som skeptiske, gjenstridige og sta. "Et første mål for Thorvald Stoltenberg kunne passende være å fjerne det fiendebildet en *skeptisk* norsk opinion har av EU og kommisjonen" (1.11.94). "[...] men meklingen med det *gjenstridige* norske folk er heller ikke uviktig" (1.11.94). "[...] at EU-motstanden er like *bastant* som den har vært i lang tid [...]". "[...] vil EU-landenes lyst til å gi de *gjenstridige* nordmennene en tredje sjanse [...]" (16.11.94). Det å føretrekkje at Noreg skulle stå utanfor EU vert synonymt med ein negativ motstand, ei innbitt, sta haldning.

Redselen for forandring går gjerne hand i hand med fåkunne og fordommar. Ein kan få inntrykk av at DB har eit slikt bilete på den jamne nei-veljar. Med uvanleg skarp språkbruk ironiserer dei over motparten: "Av nei-folkenes agitasjon kan man av og til få inntrykk av at EU-landenes ressurs hunger er den egentlige drivkraft bak medlemskapsprosjektet. De fæle utlendingene, med våre gamle fiender tyskerne i spissen, skal liksom ha satt seg fore å røve landet vårt for alt av verdi" (3.11.94). "Det er ikke godt nok å slå om seg med løse påstander om at utlendingene kommer for å fiske opp i fjæresteinene, tømme våre olje- og gassressurser til spottpris og oversvømme vår natur og hyttefelt" (3.11.94).

Redselen og skepsisen vert framstilt som irrasjonell. Slik svekkjer det EU-motstandarane sin ethos, ein lar seg styre av impulsar og kjensler som ikkje tåler dagens lys: "Kanskje kan gårsdagens folkemøte på NRK TV bidra til at noen av de mest *hardnakkede skremslene* i EU-debatten henvises til *de mørke krokene* de er kommet fra" (3.11.94). Til samanlikning skreiv KK følgjande: "Det er sagt mange ganger at de som skal stemme ikke bare vil legge vekt på 'rasjonelle' argumenter. Hjertet og 'magefølelsen' vil også telle. Det tror vi er bra" (KK 26.11.94). Her vert nettopp det ikkje-rasjonelle verdsett som noko positivt.

Dei sarkastiske utsegnene kan også fungere som ei bagatellisering av motstandarane si frykt, 'fjæresteinene' som kan tolkast som eit metonym for kysten og fiskerinæringa, verkar unekteleg ganske knuslete. Her vert skepsisen framstilt som ei barnsleg og egoistisk frykt for at nokre utanlandske fiskarar skal invadere strendene våre. Sett på spissen framstiller DB nei-folk i kyst-Noreg til griske heimfødingar i strandkanten. I tillegg til å bagatellisere frykta verkar desse utsegnene latterleggjerande.

Dessutan kan den gjentatte bruken av ordet 'utlendingene' verke stigmatiserande. Det er på mange måtar eit belasta ord, som høyrer heime i lite fruktbare innvandringsdebattar der 'utlendingane' vert behandla som ei diffus masse der det einaste som samlar dei er det at dei ikkje er norske, men vil nyte godt av godene våre. Slik sett kan det relativt uskuldege ordet gje hint om at EU-motstandarane i røynda er framandfiendtlege, og dermed fungere stemplande. Denne karikerte framstillinga kan falle inn under det retoriske omgrepet diable, fordi det fungerer som ei mistenkeleggjering av nei-folket. Fiendebiletet av i alle fall denne delen av nei-sida er relativt tydeleg, 'dei andre' er framandfiendtlege, egoistiske og lite åpne for forandringar.

5.3.3 Populistiske nei-politikarar og nei-aktørar

DB teiknar ofte eit bilete av nei-politikaren som ansvarslaus og populistisk: "Ved en nei-seier vil drivkreftene i og omkring folkebevegelsen mot EU være borte. De løper fra ansvaret for den situasjonen som oppstår, slik *populistiske* bevegelser alltid gjør" (9.11.94). "Nå har ikke det toneangivende opposisjonspartiet noen troverdighet i forhold til det alternativet som eksisterer, men kan drive Ap fra skanse til skanse [...]" (9.11.94). "Solheims *lokkerop* er et nytt bevis på at *opportuniste* er i ferd med å fylle den plassen som i SV tidligere var reservert sosialisme og internasjonalisme. [...] Men andre politikere bør ikke opptre like *lettsindig*" (16.11.94). "I våre dager driver mange politikere sine valgkamper som en form for dørsalg. Men denne gangen bør ikke Erik Solheim *oppføre seg som om det er støvsugere han selger*".

Nei-politikarane vert også stempla som uansvarlege: "Dette er selvfølgelig en *enorm ansvarsfraskrivelse* som man skulle tro ikke kunne komme fra et parti som angivelig kjemper for fred og [...]" (24.11.94). Populisme og opportuniste er skjellsord i politikken. I samband med dette kan ein sjå på bruken av ord som 'lettsindig' og 'lokking', ord ein ofte assosierer med promiskuøs livsførsel. 'Lettsindig' og 'lokke' kan kallast vulgærutgåvene av dei politiske

skjellsorda, og denne hintinga til det uheiderlege og umoralske kan bidra til ei svekking av motparten sin ethos.

DB karakteriserer altså folkerørsla mot EU som *populistisk*. I KK vart nettopp det folkelege og tverrpolitiske omtalt som noko ekte og positivt, medan her vert det kopla til ansvarsløyse og agitasjon. Todal Jenssen og Listhaug meiner det høge innslaget av politisk 'ufaglærte' på nei-sida kan ha bidratt til å provosere ja-sida meir enn omvendt:

Vi kan heller ikke se bort fra at nei-sidens kampanje provoserte ja-siden mer enn vice versa. Fordi relativt færre av aktivistene på nei-siden enn på ja-siden hadde erfaring fra rutine-politikken, fikk nei-kampanjen et sterkere innslag av 'uryddig' folkelig agitasjon enn den mer polerte ja-kampanjen (Todal Jenssen og Listhaug 1995: 128-129).

5.3.4 Nei-aktørane er fundamentalistar

Motstandarane vert også omtalt som fundamentalistiske: "Selv de aller mest *bokstavtro* nei-folkene vil lete forgjeves etter en angreparagraf i Maastricht-traktaten [...]" (16.11.94). "At landet da havner i en prekær politisk og konstitusjonell krise, affiserer ikke de norske *fundamentalistene* det minste" (7.11.94). "Det er derfor med stor forbauselse vi registrerer at representanter for nei-siden etter dette ikke er villige til å bevege seg en millimeter fra sine *fastlåste* posisjoner" (15.11.94). "Så *unyansert* og *bastant* kan utenrikspolitikk formuleres når den baseres på *reinspikka isolasjonisme*" (15.11.94).

I vår kultur er ordet 'fundamentalist' ein særstigmatiserande og nedsetjande omtale. Etter terrorangrepa i 2001 har ordet blitt enda meir belasta, men også i 1994 fungerte det klart svertande. Fundamentalisme og bokstavtru er forbunde med ekstreme krefter, som lar målet helga midlet. Å vere fundamentalistisk inneber i vårt samfunn det å vere anti-demokratisk, aggressiv og dermed farleg. Å kalle motparten 'fundamentalist' kan derfor oppfattast som ei mistenkeleggjering og fungerer svertande på nei-sida generelt. Effekten vert som eg var inne på tidlegare eit positivt utfall for den som kritiserer, dei blir då automatisk berarar av motsette verdiar og framstår som demokratiske, rause og tolerante.

Denne måten å karakterisere motparten på kan framkalle både latter og sinne hos mottakarane. Dersom ein tenkjer seg at målgruppa er som eg var inne på ovanfor, allereie overtydde ja-folk og tvilarar, verkar det som om målet her er å skape irritasjon over dei bastante nei-folka, og også ei viss humring over kor forstokka ein kan bli.

Jasinski viste som nemnt tidlegare til Vanderford som hadde funne ein tendens hos stridande grupper til å omtale motparten både som mektig og sårbar (Jasinski 2001: 203). I DB sitt tilfelle kan dette kanskje bli for sterke ord, men likevel er det interessant å merke seg korleis motparten på den eine sida blir omtalt som desperat, hysterisk og svak, og på den andre sida vert omtalt som steil, bokstavtru og fundamentalistisk. Nokre eksempel på biletet av den desperate motstandaren: ”Dette er nok et forvarsel om hva en like *desperat* norsk nei-gruppering vil gjøre i Stortinget etter et eventuelt ja” (7.11.94). ”Nordiske EU-motstanderes *hysteriske* skildringer av framtida under Unionen [...]” (7.11.94). ”Bare et tilstrekkelig klart ja fra folket kan fri *svake* nei-politikere fra det ansvaret de påtar seg ved å trosse folkeviljen” (26.11.94).

Det å omtale motparten som hysterisk og desperat kan gi motparten eit patetisk preg. Slik omtale er hånande, og inneber det motsette av uttrykket ’verdige motstandar’. Denne svekkinga av motparten kan også sjåast i samanheng med ein *feminisering* av fienden. Adjektiv som ’hysterisk’, ’desperat’, ’svak’ er tradisjonelt brukt nedsettjande om kvinner, ved å bruke dei om motstandarane tar DB i bruk urgamle hersketeknikkar som går ut på å gi motparten feminine og dermed tradisjonelt sett mindreverdige trekk.

5.3.5 Omtale av motparten sin argumentasjon

Argumentasjonen til motparten vert kritisert på mange ulike måtar. Motparten vert blant anna skulda for å kome med usanningar og skremsel: ”Gjennom de siste årene har Anne Enger Lahnstein gjort det til et glansnummer å *skremme* med unionen. Slik samarbeidet mellom tolv europeiske land framstilles, virker den som *et komplott som har til hensikt å knuse* det norske demokratiet og Stortinget” (8.11.94). ”[...] at det *ikke har vært fnugg av sannhet* i de påstandene [...] som har vært framført av et utall EU-motstandere, at Dagbladets ja til EU var diktert av Jens P. Heyerdahl [...]” (17.11.94). Å skulde motparten for å drive med uærlege metodar er eit persuasivt grep alle avisene eg har analysert har nytta seg av. Formålet synes å vere det same hos alle, å gjere motparten lite truverdig.

I kritikken av argumentasjonen vert det ofte brukt metaforar som hentar bileta sine frå underhaldningsbransjen, det er som om DB stadig vekk manar fram eit inntrykk av motstandarane som uoppfinnsomme artistar: ”Det er forståelig at statsminister Gro Harlem Brundtland blir oppgitt når nei-dronningen *drar sine plater* om den forferdelige unionen og det fryktelige EØS” (8.11.94). ”[...] gjort det til et *glansnummer* [...]” (8.11.94). ”Senterpartiets leder

spilte *igjen sin yndlingsmelodi* fra en lang kampanje [...]” (24.11.94). Den repeterande sida ved underhaldningsbransjen vert her overført til nei-politikarane. I tillegg er det interessant korleis Anne Enger Lahnstein vert omtalt som ’nei-dronningen’, medan Gro Harlem Brundtland vert omtalt som ’statsminister’. Kvifor ikkje Anne Enger Lahnstein? Og kvifor ikkje ja-dronninga? Det er tydeleg i denne kontrasterande ordbruken at det vert lagt vekt på ’statskvinneprofilen’ til Brundtland og dermed også ja-sida, medan nei-sida representert ved Lahnstein vert redusert til ei obsternasig ’masekjerring’.

Klassisk i ordstrid er bruk av ord som ’påstår’, ’hevdar’ og liknande om motparten (Hultén 2000: 54). Dette finst det òg rikelig med døme på i DB sine leiarartiklar. Gjennomgåande i artiklane er også ein nedsetjande språkbruk når det gjeld motstandarane sin argumentasjon: ”Ingen av de nasjonene som er med i dag, frykter at demokrati og selvstendighet går tapt, slik Senterpartiet *påstår*” (8.11.94). ”Nei-sida *framholder* at det vil være en så dramatisk endring [...]” (8.11.94). ”Det er *avslørende* når Senterpartiets leder sier at hvis hun var statsminister [...]” (24.11.94). ”Som et *ekko* av de svenske EU-motstanderne har SV-leder Erik Solheim uttalt at [...]” (16.11.94).

Oppsummert kan ein seie at DB angrip motparten sin argumentasjon ved å kritisere sjølve synspunkta, men også ved å gjenfortelle i slike fornærmande ordelag som eg viste ovanfor. Ved å så tvil om sanninga i motparten sine argument rammar DB både logos og ethos hos nei-sida. Ethos fordi det på denne måten vert sett spørsmålsteikn til om dei er truverdige. Men DB kritiserer også sjølve innhaldet i argumentasjonen, og dermed vert logosdelen ramma, blant anna skriv dei: ”Hvis den slags analyser skal utgjøre grunnlaget for Utenfor-Norges politikk, *kan vi bare betakke oss*” (24.11.94). ”Anne Enger Lahnsteins *utrolige enøydh*et fikk henne til å uttale at [...]” (24.11.94). ”[...] hun *fikk seg faktisk til å si* at våre to naboland vil opphøre som selvstendige nasjoner [...]” (24.11.94).

5.3.6 Sentrum-periferi

Sentrum-periferi omgrepet inneber ei form for splitting av folket, alt etter kvar ein bur og kva bakgrunn ein har. Ved stadig å terpe på dei stridande interessene mellom bygd og by kan ein seie at DB var delvis delaktig i å byggje opp under denne splittinga. Det å peike på forskjellar er ikkje nøytralt, ein bidrar då også til å oppretthalde mønsteret. I likskap med dette skriv Blakar blant anna at ”Språket avspeglar og konserverer sosiale realitetar” (Blakar 1996: 73). Spissformulert

kan det argumenterast for at DB *ønskte* å profilere EU-striden som ein sentrum-periferi konflikt. Dette kjem til uttrykk på ei rekkje ulike måtar.

Fleire stader kjem DB med små stikk til bøndene. Desse syrlege kommentarane kan sjåast på som ei latterleggjering av motparten: "Senterpartiets Per Olof Lundteigen er kommet i tvil om 'Annerledeslandet' lar seg virkeliggjøre i praksis. Det er jo bare en visjon, sier han. Og dessuten i strid med *bøndernes* interesser?" (1.11.94). "Unionen er derfor mer et framskritt enn et helvete. Men det passer ikke inn i det bildet *vårt gamle bondeparti* ønsker å tegne av omverdenen og seg selv" (8.11.94). "Pussig nok har den åpenbart også vunnet gjenklang i vår mest kapitalintensive næring, *bondenæringen*" (16.11.94). Inntrykket ein kan få er at bøndene er griske og eigennyttige.

Det at leiarskribenten ved fleire tilfelle kallar Sp for 'bondepartiet' er også interessant å merke seg. Sp skifta namn for å inkludere fleire veljargrupper og for å bli kvitt stampelet som utelukkande bøndene sitt parti. DB sin bruk av det tidlegare partinamnet er neppe tilfeldig, ved å omtale Sp som bondepartiet kan det fungere som ei insistering på at partiet *ikkje* har forandra seg. Om nettopp dette namneskiftet skriv Blakar: "Bak slike namneendringar kan det naturlegvis ligge både økonomiske, politiske, prestisjemessige og andre motiv – slike 'namneskifte' kan altså klart avspegle makt- og interesse-konflikter. [...] På same måten var det vel når 'Bondepartiet' skifta namn til 'Senterpartiet'" (Blakar 1996: 36).

Samarbeidet mellom Sp og SV vert også gjort narr av: "EU-saken er merkelig sånn: Den setter de fleste tilvante ting på hodet. Slik er Senterpartiet blitt vårt fremste sosialistparti etter SV, mens SV er blitt vår fremste bondeparti etter Sp" (16.11.94). Partia framstår som politisk vinglete, og det tverrpolitiske samarbeidet som ein uærleg allianse.

Sentrum-periferi aspektet vert ytterlegare understreka ved at DB direkte spesifiserer kva grupper i befolkninga som sto for den hardaste motstanden: "Men slik motstanden mot medlemskap nå er, særlig blant *fiskeribefolkningen*, er nok dette mer et fromt ønske enn en realistisk prognose" (1.11.94). "[...] den dype skepsis og motstand mot medlemskapet som vi finner overalt i landet, særlig blant *kystbefolkningen*" (3.11.94). "[...] at det muligens er for seint å snu den kompakte mistro særlig i *Nord-Norge* til en mer åpen, om enn kritisk holdning" (3.11.94).

Det vert også retta uvanleg skarp kritikk til ein av leiarartiklane i avisa Nordlys: "Hvis det ikke skulle være mer enn disse oppblåste fordommene mot annet folk i landet som lå til grunn for

den harde *nordnorske* motstanden mot EU, ville det stått ille til. [...] Hva om noen *sørfra* brukte en tilsvarende kritikk for å karakterisere folket i nord? [...] er med skam å melde en analyse som ikke engang burde tåle et flimrende nordlys. Prøv den propagandaen alle andre steder enn i *Tromsø*- og verden ville snu seg i skam ” (18.11.94).

Sjølv om DB understrekar at Nordlys-redaktør Ivan Kristoffersen sine fordommar forhåpentlegvis ikkje vert delt av nordlendingar flest, er det at dei i det heile *nemner* det insinuering nok i seg sjølv. Det er sjølv sagt ingen tvil om at motstanden var større i distrikta enn i dei tettbygde stadene. Likevel kan dette å eksplisitt peike ut delar av befolkninga opplevast provoserande for dei det gjeld. Det kan verke som om DB avslører sine eigne fordommar mot distrikts-Noreg og samstundes prøver å kople eit nei til EU med utbreidde bygdestereotypiar: det å vere redd for forandringar, for sentralstyring og for ressursane sine.

Ved først å nagle Sp og deira støttespelarar til slike haldningar for så å understreke det tette sambandet til venstresida, får stereotypiane også definisjonsmakt over denne delen av nei-sida. Eit nei til EU vert dermed noko antiurbant, umoderne og vert kopla til det reaksjonære. Dette viser ein manglande vilje til nyansering, eit ikkje uvanleg fenomen i politiske konfliktar (Jasinski 2001: 436).

5.3.7 Metaforbruk og språklege verkemiddel

Som nemnt tidlegare listar Olof Petersson i boka *Metaforernas makt* opp ei rekkje kategoriar med politiske metaforar. Ein av kateogoriane er metaforar som hentar bileta sine frå ”[...] det mellanmänskliga samlivet” (Petersson 1987: 9). Følgjande sitat frå Dagbladet kan seiast å innehalde metaforar som fell inn under denne kategorien: ”Uansett hvordan det går i EU-avstemningen må også Arbeiderpartiet foreta en *loftsrydding* utpå nyåret. Det *selskapet* partiet har havnet i under EU-kampen, må det selsagt komme seg ut av raskest mulig” (29.10.94). ”Da må partiet også peile seg inn mot mer faste og langt mer naturlige *partnere* enn i dagens EU-kamp” (29.10.94). Metaforar som ’loftsrydding’, ’selskapet’ og ’partnere’ er henta frå høvesvis heimen og menneskeleg samhald, og ein kan fort få assosiasjonar til eit (uheldig) venskap eller forhold. Også neste sitat fell innanfor same sjanger: ”Med Danmark som medlem siden 1973 og Finland fra kommende årsskifte, er det bare innenfor EU Sverige og Norge kan forenes med sine nordiske brødre” (12.11.94). Her vert ordet ’brødre’ brukt for nettopp å understreke samhaldet med dei nordiske landa, eit samhald DB meiner er avhengig av også eit norsk EU-medlemskap.

Dagbladet bruker ein god del ironi i artiklane sine. Ironien i det følgjande sitatet er så direkte at den tenderer til det barnslege: ”De fæle utlendingene, med våre gamle fiender tyskerne i spissen, skal liksom ha satt seg fore å røve landet vårt for alt av verdi” (3.11.94). Bruken av ordet ’liksom’ er typisk for ungdomsspråk. Saman med den openberre ironien i ’våre gamle fiender’ og ’røve landet vårt’ gir dette inntrykk av at det ligg sterke kjensler bak, som om skribenten er så irritert at han/ho ikkje har kunna ’beherske’ seg, men har tydd til ein intuitiv språkbruk.

Medan det førre sitatet var meir mynta på den jamne nei-veljar, er det neste ein spesifikk kritikk til nei-avisa Klassekampen: ”Ja-mann og medlem av Arbeiderpartiets sentralstyre Yngve Hågensen har vært på ja-tur med Arbeiderpartiet, melder Klassekampen fortørnet. Verden er full av overraskelser” (7.11.94). Ironien ligg sjølvsagt i den siste setninga, men det er heller ordet ’fortørnet’ som kan seiast å fungere latterleggjerande her. Det er eit ord ein gjerne bruker om folk som lett blir fornærma, ofte for bagatellar, altså ikkje i samsvar med den profilen KK gjerne vil framstå med.

Det er ikkje berre motparten som får gjennomgå med ironiske stikk: ”Inge Lønning tordner mot Anne Enger Lahnstein fordi hun driver politisk prostitusjon i pastor Åleskjærs Nei-avis, melder Vårt Land. Selv bidrar Lønning ustanselig med å høyne nivået i EU-debatten” (6.11.94). Ved å også ironisere over ja-folk aukar DB sin eigen ethos, dei gir inntrykk av å ville kritisere dei som fortener å bli kritisert.

Også i DB er det brukt kamp-, sport- og spelmetaforikk: ”I *innspurten* av valgkampen har statsminister Gro Harlem Brundtland antydnet [...]” (25.11.94). ”I Sverige viser de siste dagenes målinger praktisk talt dødt løp, med nei-siden i svak framgang” (5.11.94). ”Et slikt forslag er straks blitt oppfattet som et forsøk fra ja-sida på å endre *spillereglene* for å få Norge inn i EU” (25.11.94). ”Det er derfor med stor forbauselse vi registrerer at representanter for nei-siden ikke er villige til å bevege seg en millimeter fra sine *fastlåste posisjoner*” (15.11.94). Dette siste sitatet er eit eksempel på ein slik metafor som er så innarbeidd i språket at ein nesten gløymer at det er meint i overført tyding; det er eit uttrykk henta frå krigsstrategi, og gir eit inntrykk av nei-representantane som svært lite samarbeidsvillige.

Ein del av metaforane lar seg ikkje innordne i nokon spesifikk kategori. Det som sameinar dei er likevel nedrakkinga av motparten: ”Kanskje kan gårsdagens folkemøte på NRK TV bidra til at noen av de mest *hardnakkede* skremslene i EU-debatten henvises til de *mørke krokene* de er

kommet fra. Debatten om arvesølvvet viste at vi som EU-medlem vil ha full råderett over norske fiskeriressurser i all framtid [...]” (3.11.94). ’Mørke krokar’ kan gi assosiasjonar til både mørke krokar i eit rom, mørke avsidesliggjande krokar i landet Noreg, og mentale mørke krokar i sinnet. Mørke krokar i sinnet kan koplast til irrasjonelle kjensler som fordommar og mistru. Knytter ein dette til den andre tolkinga, ’grisgrendte’ strøk, blir dette lite flatterande for nei-sida.

5.3.8 Dagbladet som aktør

Dagbladet kom ikkje med klare oppfordringar til *direkte* mobilisering av ja-sida, slik Klassekampen til samanlikning gjorde. Likevel kan det at avisa fleire gongar kom med konkrete råd og anbefalingar til både politikarar og ja-sida generelt vere ein indikasjon på at avisa opptredde som aktør i EU-debatten: ”Derfor bør det bli en hovedoppgave for statsministeren og hennes meningsfeller i ukene som gjenstår å sette unionsavtalen og dens framtidsvyer i sitt rette lys” (8.11.94). “[...] Dette er oppgaver Norge helt naturlig bør delta i, særlig fordi vi ikke blir alene med problemene. Det er utenfor vi blir alene” (14.11.94). ”Det ville være sterkt å beklage om Norge skulle si nei takk til å være med i den innerste kjerne av beslutningstakere akkurat i det en samlet europeisk innsats på Kola kan komme i gang for alvor” (21.11.94).

Også den skarpe språkbruken kan tolkast som ein del av aktørrolla. Den krasse tonen i desse utsegnene kan vere eit teikn på at DB kasta seg inn i kampen på lik linje med andre aktørar. DB var ikkje med på å dempe gemyttane, heller motsett.

5.4 Nationen

5.4.1 Kven var motparten?

Motparten var i stor grad samanfallande med KK sin motpart, også i Nationen sitt tilfelle var dette primært ja-politikarane og ja-aktørar, samt ja-sida generelt. Men i mindre grad enn KK var Nationen kritisk til den jamne ja-veljar, dei uttrykkjer sjeldan antipati mot ja-mennesket på det ein kan kalle grasrotplanet. Som talerør for landbruksnæringa i Noreg var Nationen særleg oppteken av handlingane til landbruksdepartementet i forhandlingane med EU. Ein kan merke dette i artiklane, særleg dåverande landbruksminister Gunhild Øyangen og hennar allierte fekk gjennomgå i avisa.

5.4.2 Omtale av motparten sin argumentasjon

Sjølv om Nationen altså var forsiktig med å komme med direkte kritikk av ja-folk *generelt*, kunne dei samstundes ta i bruk svært krasse omtalemåtar om motparten sin argumentasjon. Til dømes vert motparten skulda for å komme med propaganda og skremsel: ”Og da tyr man i sin *desperasjon* til *skremsler* i innspurten” (7.11.94). ”Men nå er det påfallende taust. For de svenske skatteøkningene kommer jo helt på tverke for viktige deler av ja-sidens *propaganda*” (25.11.94). ”[...] har regjeringen smurt stadig tjukkere på i sin *ja-agitasjon*. Visjoner er erstattet med *skremsler* [...]” (26.11.94). Ordbruken er skarp, det er eit svært negativt bilete som vert teikna av motparten sin argumentasjon i desse leiarartiklane. ’Propaganda’, ’agitasjon’, ’desperasjon’ og ’skremsel’ er ord som kunne vore brukt om fienden i ein krigssituasjon, og fungerer svartmalande for ja-sida. Interessant er det også at ja-sida vert omhandla som ein masse, *heile* ja-sida vert her skulda for å komme med propaganda.

”Hovedpoenget er å *mane* fram et *skremmebilde* av vårt fedreland, mutt alene utenfor det europeiske fellesskap [...]” (26.11.94). ”Men dette tier regjeringen om. Man *maner* heller fram handledisken” (25.11.94). Ordet ’mane’ gir assosiasjonar til trolldom og besverging, og føyer seg inn i det biletet Nationen byggjer opp; nemleg at ja-aktørane tyr til ikkje berre usakleg argumentasjon, men også er slø og bereknande i si framferd.

5.4.3 Ja-aktørane er kyniske maktfolk

Fleire stader vert altså ja-aktørane skildra som kyniske maktfolk: ”Dette er derved blitt historien om en politikergruppes kamp mot folket; om deres standhaftige forsøk på å omvende et

gjenstridig folk. Og underveis er det tatt i bruk midler som innebærer svært tvilsom bruk av den makten regjeringsposisjonen gir når det gjelder å legge premisser og ta initiativ" (11.11.94). "Etter vår mening er dette ett av de to mest kyniske eksemplene på maktbruk fra regjeringens side i EU-saken" (11.11.94). "Joda, det er makta som turer fram" (11.11.94). "Når man nå ser tilbake på utviklingen av EU-saken, avtegner det seg et klart bilde av Gro Harlem Brundtland som maktpolitiker" (11.11.94).

Motstandarane vert ofte skulda for å ta i bruk 'alle tenkelige midler'. Innunder dette kjem kritikk av at dei tar i bruk metodar som Nationen oppfattar som tarvelege og ikkje verdig ein offentleg debatt. Eit av dei mest tydelege eksempla på framstillinga av ja-aktørane som mektige og omsynslause er skildringa av patron-episoden med Gro Harlem Brundtland:

For nå blir det jo påfallende hvordan truslene mot ja-sidens folk blir *utbasunert* for all verden. Det er dessverre bare å innse det sørgelige faktum: Offentliggjøring av truslene fungerer politisk som ledd i en kamp for å stemple motparten som fanatisk og useriøs. Gro Harlem Brundtlands offentlige uttalelse om hvem som er patronens avsender, fungerer nettopp slik. Og det skjønner hun selvsagt. Uttalelsen er ikke en statsminister verdig (24.11.94).

Kontrasten vert stor til nei-sida, som også har mottatt truslar:

Nå viser det seg at også ledende nei-politikere har mottatt direkte drapstrusler i telefonen, framsatt fra folk som samtidig erklærer seg som EU-tilhengere. Nei-siden har hittil ikke villet gå ut med dette, for ikke å forsimplere debatten unødige. De har tidd stille om truslene. Det burde også statsministeren ha gjort (24.11.94).

Her kjem det til syne eit tydeleg skilje mellom 'vi' og 'dei', vi er heiderlege, dei er simple. Eit anna interessant aspekt her er at nei-sida vert omtalt som nettopp 'nei-sida', heile nei-rørsla får her æra av det som nokre få i røynda kan takkast for.

Fleire av regjeringsmedlemene vert skulda for å drive med tilnærma uærlig spel: "Vi har fått nok et eksempel på hvordan regjeringen tar i bruk alle tilgjengelige maktmidler i EU-kampen: Statsrådene Gunhild Øyungen og Gunnar Berge har sendt brev til Brussel og bedt om positive EU-utspill på landbruk og distriktpolitikk" (24.11.94). Særleg dåverande landbruksminister Gunhild Øyungen vert omtalt som svikeyfull og ikkje til å stole på. Den skarpe kritikken mot akkurat henne har nok samband med at Nationen fungerer som talerør for landbruket i Noreg. Avisa er naturleg nok derfor svært opptatt av landbruksministeren sine

handlingar, og det er forståeleg at akkurat Øyangen si politiske framferd vart følgt med argusauge.

5.4.4 Avbalansert haldning

Fleire stader viser leiarartiklane likevel ei meir avbalansert haldning til debatten, blant anna ved å oppmode også sine 'eigne' til å vise fornuft: "Dermed blir det opp til nei-bevegelsen selv å sørge for at helgen forløper rolig. Stort oppmøte og sterkt engasjement kan lett føre til overmøt [...] La oss håpe at ja-folk på stand behandles på høvisk vis, og at hovedstadens mange ja-plakater er like hele og pene når byen våkner til liv igjen søndag morgen" (19.11.94). "Vi tror begge parter i EU-striden gjør klokt i å ta denne erkjennelsen med seg inn i sluttspurten" (8.11.94).

Det blir også vist lojalitet med veljarane, uansett side: "[...] folk som har tatt et selvstendig standpunkt, har krav på respekt for det. Enten standpunktet går ut på ja eller nei" (19.11.94). Det er viktig å poengtere at det å vise seg nøktern og avbalansert også kan fungere som eit retorisk knep, ved å verke diplomatisk verkar ein også meir truverdig. Denne diplomatiske haldninga kan derfor tolkast som eit ledd i ein ethosargumentasjon, der avisa framstår som solid og gjennomtenkt fordi den ikkje framstår som gjennomført fiendtleg overfor meiningsmotstandarane, men er på så trygg grunn at den kan tillate seg å vere balansert.

Det at dei kritiserer sin eigen leir er også i tråd med denne diplomatiske haldninga. I leiarartikkelen den 8. november vart Nei til EU kritisert for å ha vist dårleg dømmekraft når det gjaldt bruk av dokumentasjon: "Likevel stusser vi over at det tydeligvis måtte et oppslag i VG til før man i Nei til EU ble klar over rapportens mangler" (8.11.94).

Det er strategisk lurt å innrømme at motparten har delvis rett, for så å likevel komme med det vinnande trumfkortet. Dette tar så å seie tyren ved horna, ein verkar truverdig fordi ein kan framstå som nyansert, samtidig som ein likevel slår i hel argumentasjonen til meiningsmotstandarane. Eit døme på dette er når Nationen skriv: "EU-tilhengerne har helt rett i at det blir en tøff jobb å bevare det nasjonale demokratiets reelle muligheter [...]. Det som da må veies mot hverandre, er vår innflytelse i EU [...] veid opp mot styringsmulighetene som den nasjonale selvråderetten gir. [...] Når det regnestykket gjøres opp, kommer nei-siden ut med sitt beste argument i EU-kampen" (21.11.94).

Også det at dei stiller seg på den jamne veljar si side kan gjere dei meir truverdige: "Et tilleggsmoment for varsomhet fra kamphanenes side er at folk nå er luta lei av ekspert-krigen

mellom ja- og nei-folket” (8.11.94). Enkelte stader nærmar det seg smiger: ”Til gjengjeld er det grunn til å tro at nordmenn er mer motstandsdyktige enn svensker og finner, når vi stilles overfor skremslar om alenegang, utrygghet og tapte arbeidsplasser. For vi har hørt skremslene før” (26.11.94).

Som nemnt kan det synast som om Nationen skil mellom ja-folk generelt og ja-aktørar på topp-plan. Dette i seg sjølv er eit trekk som peikar i retning av Nationen som ei etter forholda avbalansert avis. Nationen har ei fortid som tidlegare Senterpartiavis og var naturleg nok svært klar som nei-avis i EU-spørsmålet. Det hadde altså ikkje vore overraskande at dei tok i bruk sterkare uttrykk i sin omtale av motparten. Dei få plassane eg fann direkte kritikk av ja-folk gjekk det hovudsakleg på argumentasjonsbruken, det blei ikkje insinuert at ja-folk i seg sjølv var *dårlegare* enn nei-folk.

5.4.5 Sentrum-periferi

Omgrepet sentrum-periferi vert som nemnt sett i samband med ikkje berre avstand til maktsentra, men også blant anna kommunestorleik og primærnærings. I kraft av å vere tidlegare senterpartiavis er Nationen spesielt interessert i denne delen av næringspolitikken, og som ein kan lese utfrå formålsparagrafen har dei også ei generell interesse og ’omtanke’ for bygdefolket i seg sjølv: ”[...] Bladet skal ivareta bygdefolkets og distriktenes økonomiske, sosiale og kulturelle interesser. Avisen skal redigeres i samsvar med denne formålsparagrafen”.²⁰

Denne omtanken viser seg også i ei uforbeholden støtte til bøndene: ”I følge NHO-logikken er jo ingen nærmere til å vurdere landbrukets framtidsutsikter innanfor eller utanfor EU enn bøndene selv. Følgelig skulle Øyangen tatt behørig hensyn til at en helt overveldende andel av bøndene ser EU som et gedigent problem for fortsatt virksomhet. Hun skulle bøyd seg i respekt for slik entydig beskjed fra de som selv sitter med skoen på, og altså har den beste innsikten i hvor trykket merkes” (2.11.94). Ironien i det følgjande sitatet er så enkel og krass at den tenderer til det pathosfylte: ”Kort sagt: Bedriftslederne som NHO har spurt, de har ifølge regjeringen sett sannheten. Nei-gruppene har derimot ikke forstått. Bønder og fiskere er manipulert og misledet av nei-propaganda” (2.11.94). Ironi er eit effektivt retorisk verktøy, det er både flatterande for lesaren å vere ein innvidd som forstår ironien, og på same tid er ironien ofte brukt som eit latterleggjerande ’våpen’ mot motparten.

²⁰ Sjå vedlegg 1.

I EU-striden blei den tradisjonelle opposisjonen mot sentrum vendt mot Brussel: ”’Sentrum’ ble i dette tilfelle ikke først og fremst identifisert med Oslo, men med ’EU-hovedstaden’ Brussel. Den sterke koblingen mellom den geografiske periferi og motkulturene forsterket tendensen i favør av nei til europeisk integrasjon [...]” (Aardal 1995: 173). Dette kjem også til syne i *Nationen*, blant anna i form av ein kritikk av EU sin mangel på demokratisk styre og ei rosande haldning til vårt eige styresett. Brussel erstattar altså den heimlege motstanden mot Oslo: ”Men med all sin ufullkommenhet er likevel vårt demokrati et av verdens beste. Vi nordmenn er kanskje bortskjemte demokrater: Med en befolkning som ikke er større enn en bydel i London er det kortere vei fra representant til velger hos oss enn i de fleste andre land” (21.11.94). ”EU-tilhengerne møter nei-siden med å stemple et demokrati basert på nasjonalstaten som akterutseilt og maktesløst i den nye verden. Deres alternativ er et ’tilleggsdemokrati’, i den form EU-organene står for. [...] Men problemet er at tilleggsdemokrati etter EU-modell også er et ’fjerndemokrati’ etter norsk målestokk” (21.11.94).

Måten dei omtaler den norske modellen på kan tendere til det nasjonalromantiske, samanlikninga med det ’ekstrem-urbane’ får Noreg til framstå som eit trygt og godt lite land som for all del ikkje må bli innlemma i den udemokratiske unionen. Pronomenbruken er også verd ein kommentar: ’vi’ og ’oss’ markerer ein klar avstand til ’dei’, altså som *Nationen* seier ’de fleste andre land’.

5.4.6 Metaforbruk og språklege verkemiddel

Også i *Nationen* finn ein eksempel på kampmetaforikk. Ein del av metaforane er bilete på *fysisk* overmakt: ”Slik skal folket *presses* inn i ja-folden” (12.11.94). ”Framfor den svenske avstemningen i morgen *kjører ja-siden beinhardt* på dette argumentet” (12.11.94). ”Dette er ryggraden i EU-motstanden og det skal mye til før ja-siden klarer å *knekke* den” (15.11.94). Slik språkbruk får ja-sida til å framstå som brutal, medan nei-sida er martyren som vert forsøkt knekt mens dei kjempar for ei ærleg sak. Også dei følgjande sitata inneheld metaforar som indikerer fysisk makt: ”Makta løftes så langt bort fra folket at demokratiet forstrekker seg underveis” (21.11.94). ”For det må da være måte på hvor langt man skal ofre nasjonale interesser på taktikkens alter” (12.11.94).

Olof Petersson nemner ei rekkje område politisk metaforikk tradisjonelt hentar bileta i frå. Eit av dei er det ein kan kalle politikk som byttehandel: ”Ibland likställs politiken med ett

bytesförhållande, som vore politiken handel, kontrakt, produkter, förpackning [...]” (Pettersson 1987: 9). Dei følgjande sitata kan seiast å tilsvare ei slik vinkling på politikk: ”Men de godene vi er ’bortskjemt’ med, er for dyrebare til at de kan handles bort i den byttehandelen ja-siden foreslår” (21.11.94). ”Vi må vel konstatere at begge parter har kastet sine siste argumenter i vektskålen” (15.11.94). ”Det som da må veies mot hverandre, er vår innflytelse i EU – symbolisert med våre tre stemmer i Ministerrådet [...]. På den vekta må vi også legge kostnadene EU vil gi for vårt folkestyre” (21.11.94).

Det finst også døme på sport- og spelmetaforikk i Nationen sine artiklar: ”[...] regjeringen fortsatt har *blinket ut* kystbefolkningen som sin målgruppe for ja-kampen i distrikts-Norge” (1.11.94). ”Dette er argumenter som ja-siden *sikter inn* mot tvilere [...]” (15.11.94). Denne ordbruken kan gi assosiasjonar til ei manipulativ framferd: Ja-sida og regjeringa stiller inn skytset sitt mot harmlause tvilarar for å få gjennom viljen sin. Dette høver godt med maktbiletet avisa teiknar av ja-aktørane. Dei følgjande sitata skaper også eit inntrykk av ja-aktørane som bereknande og taktiske. ”Hittil har regjeringens *frierier* til kystbefolkningen slått feil. Jan Henry T. Olsen har ikke blitt det gode *kortet* man håpet på” (1.11.94). ”Så får vi se om Stoltenberg lykkes som *stemmefisker* langs kysten” (1.11.94).

Leiaren 2.11 tar for seg eit ordtak NHO tok i bruk under EU-kampen: ”Den vet best hvor skoen trykker som selv har den på”. NHO-leiinga brukte det som eit argument for medlemskap i EU, dei viste til at majoriteten av bedriftsleiarane i landet meinte arbeidsplassar kom til å gå tapt dersom vi ikkje blei medlem. I følgje leiarskribenten var regjeringa einig i denne argumentasjonen. Nationen sitt ankepunkt vert dermed kvifor statsleiinga då ikkje høyrer på andre med ’skoen på’, til dømes bøndene og fiskarane. Ironien er derfor klar når Nationen skriv: ”Det er godt at norske tradisjoner tas vare på i EU-kampen. [...] NHO har funnet et godt gammelt ordtak for å belegge sin påstand om 100 000 tapte arbeidsplasser dersom Norge ikke blir med i EU: ’Den vet best hvor skoen trykker som selv har den på’” (2.11.94). Ironien ligg ikkje i at Nationen meiner det motsette av det som vert sagt, det er nok heller ein sarkasme som speler på at nettopp NHO i EU-kampen vart skulda for å bry seg *for lite* om norske tradisjonar.

5.4.7 Nationen som aktør

Nationen markerer seg fleire stader som aktiv i EU-kampen ved å komme med konkrete råd til korleis argumenteringa på nei-sida bør vere: ”Med å koble inn velferden her, har nei-sida noen

gode argumenter de kunne utnytte bedre” (17.11.94). ”Nei-sida kommer ofte skjevt ut fordi den bruker dårlige argumenter og eksempler. Det er unødvendig når det finnes gode velferdsargumenter mot EU” (17.11.94). ”Det som er et relevant nei-argument er debatten om offentlig sektor: Hva vil netto medlemskontingent bety for offentlig sektor” (17.11.94). ”Mot dette har motstanderene bare én ting å stille opp med, nemlig de samme argumentene som man har kjørt hittil i EU-kampen. Og det er ikke lite” (15.11.94). ”Også i argumentet om de 52 millioner fattige kjører nei-sida seg fast, fordi man ikke følger opp med å fortelle hva som er definisjonen av ’fattigdom’ [...]” (17.11.94).

Når det på leiarplass vert brukt plass på slik konkret ’instruksjon’, kan det tyde på at Nationen oppfatta seg sjølv som ein aktør i EU-kampen. Instrueringa kan minne om drilling av argument internt i politiske parti; slik skal det seiast, det er mest effektivt.

Eit anna trekk som viser Nationen som aktør meir enn observatør, er måten dei appellerer til lesarane på: ”Vi vil derfor advare alle nei-folk som føler at de kan sitte hjemme fordi EU-motstanderne på Stortinget likevel vil makte å blokkere et knapt ja i folkeavstemningen” (28.11.94). Appellen rettar seg òg mot dei aktive på grasrotplan: ”I uken som kommer vil innsatsen fra hver enkelt tillitsmann være like avgjørende som nei-kjendisenes” (15.11.94). Denne siste appellen er også eit døme på korleis Nationen i likskap med KK er på den ’vesle mann’ si side.

6. Framstillingar av motparten: oppsummering av analysane

6.1 Motparten omtalt som ei blokk

Det å omtale motparten som ein 'masse' er vanleg i gruppekonfliktar. Oppfatninga av høvesvis ja- og nei-folk som om det er snakk om ei *homogen* gruppe, utan indre nyanseforskjellar, viser seg gjerne i uttrykk som er generaliserande i forhold til heile gruppa, av typen 'ja-folket påstår', 'nei-folkets bastante oppfatning'. Alle avisene gjorde bruk av slike blokkframstillingar, men i varierende grad. Det å bruke uttrykk som 'nei-' og 'ja-folk' er sjølvsagt uunngåeleg i ein debatt som EU-striden. Det inneber likevel ei forenkling, for ved å omtale 'alle som ein' får også grasrota ein del av skulda for dei politiske leiarane sine overtramp.

Karikerte framstillingar er kjenneteiknande for fiendebilete: "Enemies are portrayed as 'monolithic', or all of the various groups to whom one group is opposed are linked to their most extreme elements" (Jasinski 2001: 436). Ein kan trekkje parallellar mellom slik blokktenking og tradisjonelle fiendebilete, der ein føresteller seg fienden som ein uniformert masse som er truande i kraft av sitt omfang og einsretting. Eit trekk ved slik blokktenking er ei utvisking av forskjellar internt hos motparten. Nyansane er vanskelegare å forhalde seg til, det er lettare å halde saman mot ein klart teikna motpart: "Polarizing discourse is the concrete linguistic expression of a type of Manichean 'we/they' or 'us/them' way of thinking. It depicts a world of clear-cut absolutes without any grey areas or ambiguity" (Jasinski 2001: 436).

Blokktenkinga hadde mange aspekt. Eit utslag var ei latterleggjing av uvante koalisjonar, slik til dømes KK gjorde narr av koplinga NHO og Ap, og slik DB sarkastisk kalla SV vårt fremste bondeparti. Begge deler underkjenner det faktum at ein kan vere einig i ei sak, ueinig i ei anna. Dette er også eit uttrykk for eit mishag ved *nyansane* til motparten.

6.2 Motparten tok i bruk 'alle tenkelige midler'

Det å hevde at motparten var i stand til å ta i bruk umoralske metodar for å oppnå viljen sin var noko alle avisene i større eller mindre grad brukte i argumentasjonen sin. Nei-avisene kritiserte ja-politikarane for å drive med blant anna kynisk maktspel, hemmelighetsskremmeri, sverting, desinformasjon og direkte løgn og fusk. Ofte vart maktovertrampa skildra med metaforar som

indikerte *fysisk* maktbruk. Dette er effektivt, det vert skapt eit inntrykk av ein overgripande ja-elite mot ei ærleg og tapper nei-side.

Både ja- og nei-avisene skulda motparten for å drive med agitasjon og propaganda, og for å nytte seg av skremsel. Det er klassisk i konfliktar å kritisere motparten sin argumentasjon. Ved å bruke uttrykk som propaganda, skremsel og agitasjon om motparten sin argumentasjon vert denne automatisk stempla som useriøs og direkte løgnaktig.

Også her kan funksjonen vere å dra eit skille mellom 'vi' og 'dei andre'. Johansen skildrar dette svært treffande: "Det egne, som vi identifiserer oss med, står i et annet lys enn 'det andre'. Det vi *er* må vi også kunne stå for: Identitetsfølelsen kan ikke godt befestes uten en følelse av at det egne er grunnleggende *godt*" (Johansen 1995: 10). Sverting kan nyttast for å betre det indre samhaldet i ei gruppe, men samtidig kan det 'verve' nye medlemar.

Dersom ein skuldar motparten for å kome med skremsel, ta i bruk ufine middel i argumentasjonen, vere populistisk eller maktsjuk, arrogant eller skeptisk, så frigjer ein automatisk seg sjølv for desse negative trekka. Automatikken i denne forma for sverting blir at jo lenger ned 'dei andre' kjem, jo høgare opp kjem 'vi'. Jasinski bruker enkle ord for å vise korleis ei gruppe etablerer sin eigen identitet ved hjelp av ein slags negasjonsteknikk: "For example, 'we' know that we are hard-working because (a) 'those people' (the other) are lazy (the discourse of our group says that this is true) and (b) we know that we are not like 'them'" (Jasinski 2001: 412).

6.3 Stereotypiske framstillingar av ja-aktørane og ja-sida

Det å omtale motparten i stereotypiske vendingar er svært vanleg i konfliktar. I teori som omhandlar stereotypiar og fiendebilete vert det ofte understreka at desse i like stor grad er meint som innvortes opprustning som reell sverting av motstandarane. Ei gruppe er avhengig av ein klart teikna ytre motpart for å greie å halde saman. I ein konflikt som EU-kampen, med så tydelege alternativ, vart motsetningane krystallklare. Men i og med at dette spørsmålet vedkom heile befolkninga, var det nødvendig å risse opp forskjellane mellom gruppene, forskjellar som i mange tilfelle var ikkje-eksisterande.

Både KK og Nationen karakteriserte ja-aktørar og ja-politikarar som *maktfolk*. Det er eit tilbakevendande tema i artiklane til dei to avisene at ja-sida og då særleg ja-politikarar og ja-aktørar utnyttar maktposisjonen dei har for å presse fram viljen sin. Som eg har vist i analysane

av KK og Nationen er ordet 'makt' i ulike samanhengar hyppig brukt, og utelukkande med negative konnotasjonar. Det er særleg politikarane og aktørane som vert kopla til maktovertrampa, men KK indikerer at også *ja-veljaren* generelt er ein del av makteliten. Når dei regelrett omtaler ja-folk som 'de velbergede' frå Oslo-området, og deira egne som 'de med hjertet på venstre side' tenderer dette til diskriminering. I tillegg teiknar dei eit bilete av den typiske 'kapitalisten', med eigenskapane mann, østlending og velbemidla. Dei spelar også på den klassiske motstanden mot den kyniske anti-sosialisten som overhovudet ikkje tenkjer solidarisk. Stereotypien er på mange måtar ufarleg, det er ikkje tabuisert å sparke 'oppover', såleis risikerer ikkje KK mykje på å ty til denne typen ordbruk.

Fleire stader vert det også hinta til at ja-politikarane tilhørde ein slags politikar-adel, som berre var interessert i å mjøle si eiga kake, og dermed ikkje tene folket. Mange av stereotypiane kan samanliknast med stereotypiar som vert brukt om 'pampeveldet' innan politikarstanden generelt. Det vert insinuert at ja-politikarane er 'EU-ivrige' for å klatre oppover rangstigen, at motivasjonen for å stemme ja likså mykje er lukrative posisjonar som personleg overtyding. Jasinski viser til Kornfeld som "[...] noted the way in which the rhetoric of othering constructs 'category of identity... [that] are taken to be divinely ordained, immutable, or natural, determined by biological or psychological heredity'" (Jasinski 2001: 412). Å omtale sine meiningsfeller og sine meiningsmotstandarar i slike ordelag kan ha parallellar til dette siste.

Både Nationen og KK framstilte på ulike måtar motparten som *arrogante*. KK snakkar om dei snobbete ja-tilhengjarane som ikkje nedverdigar seg til å snakke om salmonella, og Nationen kjem med ei rekkje eksempel på regjeringa si arroganse i forhold til særleg bøndene. Arrogansen føyer seg inn i biletet av ja-aktørane som elitistiske og nærast anti-demokratiske, især når dette blir kopla til argumentet om at EU sjølv lid av eit demokratisk underskott.

6.4 Stereotypiske framstillingar av nei-aktørane og nei-sida

Ja-avisene var i særleg grad kritiske til dei nei-politikarane som ville stemme nei uansett utfall i folkeavstemminga, dei vart skulda for å vere udemokratiske og fastlåste som ikkje ville ta omsyn til folkeviljen. Dagbladet gjekk så langt som å kalle dei *fundamentalistar*. Særleg i DB vert også nei-veljaren generelt framstilt som sta og gjenstridig. BT er som nemnt meir tilbakehalden, men synet på nei-sida som bastant skin likevel gjennom. Det å vere *for* noko verkar også automatisk

meir frisinna enn det å vere *mot*. Slik sett kan sjølve saksspørsmålet takast til inntekt for ja-sida, fordi dei uansett kunne skulde motparten for å vere steil utelukkande i kraft av at dei sa *nei*.

DB skriv i klartekst kva dei meiner om nei-sida, og presenterer det eg synes tenderer til stereotypiske framstillingar av nei-folket særleg i bygde-Noreg. BT er ikkje fullt så krass, men også her kom dette synet fram enkelte stader. Nei-veljaren fekk særleg i DB eit stempel som egoistisk og sjølvgod, med ein god porsjon irrasjonell frykt for det framande. Biletet av den mistruiske nordmannen, som er seg sjølv nok og tronar på sin vesle gard, trer ofte fram. Ei reell frykt for eigne arbeidsplassar, og ein motstand mot det mange oppfatta som udemokratisk styremåte, vert redusert til framandfrykt og nasjonalisme. Oppsummert kan ein seie at DB skulda nei-veljaren for å ha 'nisselumentalitet'.

7. Den retoriske situasjonen

Den profilen dei ulike avisene førte i EU-kampen var eit resultat av mange ulike faktorar, blant anna kva fortid avisa hadde, kva standpunkt dei valde i EU-spørsmålet og kva lesarar dei hadde. Når det gjeld fortida, tenkjer eg i første rekkje på kva politiske band avisa hadde, sjølv om dei alle i allefall i namnet var partilause. Avpartifiseringa har ikkje gjort *heilt* slutt på dei politiske banda: ”Ut frå gjeldande normer tek avisene stilling til politiske stridsspørsmål, til dømes eit stortingsval, ut frå avisene sitt grunnsyn og formål. Dei gamle partiavisene er framleis i dei same politiske sfærane, noko som mellom anna viser seg i formålsparagrafane” (Ottosen, Røssland og Østbye 2002: 200). Lesargruppa har også samanheng med dette. Kva situasjon avisene var i, hadde naturleg nok følgjer for korleis dei ordla og oppførte seg i EU-debatten.

I (nyare) lærebøker om retorikk vert omgrepet ’den retoriske situasjon’ ofte brukt. Uttrykket vart først brukt i artikkelen ”The Rhetorical Situation” frå 1968 av Lloyd F. Bitzer. Ein av hovudtankane til Bitzer er at det ikkje er sjøelve talen som er retorisk, men at det er *situasjonar* som så å seie krev ei retorisk handling: ”At sige at retorisk diskurs opstår for at skabe forandring, er dog alt for generelt. Vi er nødt til at forstå at den enkelte diskurs opstår fordi nogle bestemte forhold eller en bestemt situation indbyder til at der siges noget” (Bitzer 1997: 11).

Enkelte situasjonar krev altså ein viss type respons: ”Metaforisk kan man sige at enhver situation udstikker forskrifterne for sin egen passende respons; taleren kan så læse forskrifterne mere eller mindre præcist” (ibid.: 15). Christian Kock er inne på noko av det same når han snakkar om tekst og funksjon: ”Retorikken ser på tekstens funktioner, ikke kun på deres betydninger. I et velfungerende menneskeligt samfund er der visse tekster som skal være der, og som skal udføre bestemte funktioner” (Kock 2003: 159).

Ikkje alle situasjonar er i følge Bitzer retoriske. For at ein situasjon skal vere retorisk må den bestå av tre essensielle delar: ”[...] *det påtrengende problemet* (’exigence’), *publikum* (’audience’) og endelig *de retoriske vilkår* (’constraints’). Forutsetningen for en retorisk situasjon og det mest sentrale elementet i situasjonen er det påtrengende problemet” (Kjeldsen 2004: 79). I korte trekk kan ein seie at ein situasjon er retorisk dersom løysinga på ’det påtrengende problemet’ ligg i kommunikasjon: ”Hvis denne endringen kan settes i gang eller skje helt eller delvis gjennom bruk av tale og skrift - vi kan si kommunikasjon - er det snakk om retoriske situasjoner” (ibid.: 78).

Kritikarar har i etterkant hevda at Bitzer sine teoriar er for deterministiske. Dersom ein oppfattar det slik at situasjonar bestemmer sitt eige utfall, og tvingar fram ein viss type reaksjon, er det då mogleg å tru på forandring? Og kan ein ha tiltru til mennesket si evne til å påverke? Kjeldsen viser til Richard E. Vatz som skuldar Bitzer for "[...] å besitte en platonisk verdensanskuelse. Han mener at Bitzers syn på retorikk og situasjon innebærer en filosofisk 'realisme', fordi Bitzer beskriver den retoriske situasjonen som en objektiv og virkelig eksisterende hendelse med en egen indre mening" (Kjeldsen 2004: 91). I følge Vatz må såkalla objektive realitetar fortolkast og formidlast for å gi mening. Vatz meiner vidare det er *situasjonar* som er retoriske, altså motsett Bitzer som meiner det er *retorikken* som er situasjonell, og at det er retorikken som styrer situasjonen (ibid.: 91).

Omgrepet 'den retoriske situasjon' vert ofte kopla til det retoriske omgrepet *kairos*: "Bitzer nevner ikke i sine artikler begrepet *kairos*, men det er åpenbart at *kairos* og den retoriske situasjonen handler om det samme" (ibid.: 78). Kairos vert brukt om det å seie rett ting til rett tid. Hovudforskjellen mellom dei to omgrepa er i følge Kjeldsen at der *kairos*-omgrepet siktar til dei retoriske moglegheitene i ein situasjon, går Bitzer sitt omgrep meir på føringane som ligg i situasjonen: "Situasjonen ikke bare tilbyr retoriske muligheter, den *foreskriver* bestemte retoriske responser" (ibid.: 78).

Kairos er nært knytt til omgrepet *aptum*: "Det passende eller høvelige (*aptum*) er ikke bare et språkideal, eller et uttrykksideal. Det er også et moralfilosofisk begrep som henger tett sammen med det rette øyeblikket (*kairos*)" (ibid.: 76). *Aptum* tyder 'det som passar seg', dersom ein omset direkte frå latin. I retorikken vert det skilt mellom to ulike former for *aptum*. På den eine sida er det tale om *ekstern* *aptum*, som inneber "[...] et passende forhold mellom taleren og talen på den ene side, og emnet, tilhørerne og talesituasjonen på den andre" (ibid.: 69). Den andre forma for *aptum* tar for seg samsvaret mellom dei ulike delane av talen, dette kallast *intern* *aptum*.

7.1 Avisene og den retoriske situasjonen

For Bitzer var det eit 'påtrengande problem' som utløyste ein viss retorisk reaksjon. "Påtrengende problemer er retoriske når de kan endres til det bedre. Men kun hvis denne endringen krever, eller inviterer til kommunikasjon som kan aktivere eller engasjere mottagere med mulighet for å endre problemet, gjennom tanker, vurderinger eller handlinger" (Kjeldsen 2004: 80). Det opplagte

påtrengande problemet i dei artiklane eg har undersøkt var sjølvsagt den kommande avstemminga. Dette var felles for alle avisene. Mykje stod på spel, både når det gjaldt utan- og innanrikspolitik. Dei mest kompromisslause på begge sider framstilte saka som eit klart val, utan eit reelt alternativ, ettersom innanfor- og utanforskap blei framstilt i ragnarokliknande termar av 'ekstremistane' på høvesvis nei- og ja-sida.

Det kan likevel tenkjast at gemyttane var sterkast blant motstandarane, sidan eit ja til EU var endeleg og eit nei på mange måtar vart eit nei 'inntil vidare'. Det påtrengande problemet skapte altså ein pathosprega situasjon, der det var om å gjere å 'redde' landet. Avisene oppførte seg i varierende grad som aktørar, som brukte sine retoriske evner til å flytte stemmene over til riktig side. Den pathosfylte situasjonen skjerpa argumentasjonen og for å verke overtydande måtte også avisene framstå som truverdige.

Sjølv om det påtrengande problemet på mange måtar var det same for avisene, var dei retoriske vilkåra ulike frå avis til avis. Kjeldsen forklarar dei retoriske vilkåra som dei moglegheitene og begrensingane einkvar talar må forhalde seg til. Dei retoriske vilkåra deler han inn i retoriske og ikkje-retoriske, eller fagmessige og ikkje-fagmessige. Forhold som i prinsippet ligg utanfor talaren sitt herredømme vert rekna til dei ikkje-fagmessige vilkåra, blant anna reglar, konvensjonar, prinsipp, lover og liknande. Dei forholde som er meir direkte knytt opp til talaren, som stil, personleg karakter, emosjonelle appellformer og logiske bevismiddel, vert rekna til dei fagmessige vilkåra (ibid.: 85).

Avisa sin ibuande skrivestil og mentalitet kan også inkluderast i det som kallast dei retoriske vilkåra. Hans Fredrik Dahl skriv følgjande om det han kallar avisa si linje:

Avisens *linje* er en langvarig bevegelse, dertil et åndelig fenomen – produktet av en bestemt mentalitet, en innstilling, drevet fram av impulser av overveiende immateriell art: av de skapende aktørers oppfatning av verden, døgnet og sin egen plass i det – samt av deres estetiske refleks i jakten på det rette uttrykk, språklig og grafisk (Dahl 1993: 395).

Avisa sin mentalitet og skrivestil kan vel helst bli rekna til dei fagmessige vilkåra, i og med at det nettopp er forhold som dei eg nemnde ovanfor som gjer seg gjeldande her. Samtidig er det Dahl kallar avisa si linje noko så innarbeid og veletablert at det ikkje alltid er ei reell moglegheit for 'talaren' å forandre på dette.

Allern skriv om korleis både politiske retningslinjer og haldningar 'sit i veggane':
"Avisene er ikke lenger politiske partiorganer, men det betyr ikke at de er uten politisk profil. [...]"

Enda viktigere er de tradisjonene som 'sitter i veggene', dvs. de grunnholdningene som både lesere og journalister forventer blir fulgt og respektert" (Allern 2001: 307). Dette kan sjåast i samanheng med aptum, fordi dette omgrepet nettopp går på samsvar mellom alle dei ulike delane i ein kommunikasjonssituasjon.

Publikum er også ein del av den retoriske situasjonen: "Retorikk er adressert kommunikasjon, den søker en bestemt form for svar eller respons hos dem som tillaes. Retoriske henvendelser skaper forandring ved å påvirke tanker, beslutninger og handlinger hos personer som kan bidra til å skape forandring" (Kjeldsen 2004: 81). Avisene måtte tilpasse seg lesarane sine og dette førte til at dei måtte opptre ulikt, alt etter kva publikum dei hadde.

7.2 Bergens Tidende

BT har klarare enn nokon av dei andre avisene ein medviten etisk profil. Dei har eit eige skriv dei har kalla 'Journalistikken i Bergens Tidende - normer og etiske regler' (1999). I tillegg har dei oppretta eit eige lesarombod, som fungerer som kontaktledd mellom lesarane og avisa. Dette er endringar som har funne stad etter 1994, og i tillegg har avisa fått ny redaktør, men det gir likevel ein indikasjon på kva prioriteringar avisa kan ha hatt også i EU-kampen. Oppsummert kan ein seie at 'fiendebiletebruken' var lav i BT. Bruken av kampmetaforar var heller ikkje særleg utbreidd. BT hadde i tillegg ein god del færre EU-artiklar i utvalsperioden enn dei andre analyserte avisene. Det var ein diplomatisk tone som prega artikkane, særleg når ein samanliknar med dei andre avisene. Som eg skreiv i analysen tok BT ofte ein (kanskje tilsynelatande) objektiv stilling mellom dei to leirane, og kom med kritikk til såvel ja- som nei-aktørar.

BT er ei regionavis med lesarar i både bygd og by, slik det står i formålparagrafen. Vestlandet var svært delt²¹ når det gjaldt EU-spørsmålet, og dette kan ha hatt noko å seie for BT si framferd i EU-debatten. Sjølv om avisa var klar i sitt ja, var det altså påfallande kor lite krasse dei var mot meiningsmotstandarane sine. Dei måtte sannsynlegvis vere varsame for ikkje å fornærme den store nei-delen blant lesarane sine. Det høvelege for BT var dermed å ligge lavt i terrenget. Den balanserte haldninga kan derfor vere taktisk begrunna; den retoriske situasjonen gjorde det nødvendig å vere avdempa. Slik sett treng ikkje BT si framferd vere meir nobel enn dei andre avisene, det kan tolkast som like manipulativt å opptre varsamt som kras. Ottosen, Røssland og Østbye skriv om seriøs journalistikk versus tabloid journalistikk at "Ein strategi som

²¹ I Bergen var det ja-fleirtal, medan det i distriktet stort sett var nei-fleirtal.

går ut på seriøs rapportering, grundig sjekka informasjon bygd på fleire kjelder, kan vere like kommersiell (dvs. profittorientert) som uetterretteleg populærjournalistikk” (2002: 164). Allern skriv om litt av det same: ”Aviser med lesere i alle politiske leire har derfor lenge forsøkt å balansere behovet for en ’politisk profil’ med behovet for å provosere færrest mulig av sine lesere, ikke minst av hensyn til opplag og annonseinntekter” (Allern 2001: 132).

BT som seriøs avis ville kanskje også skilje seg frå dei meir tabloide alternativa. I følge formålsparagrafen skal den redaksjonelle leiinga ”[...] ha som oppgave å lage en avis som gir sine lesere [...] saklig og sann orientering om det som foregår lokalt, nasjonalt og internasjonalt”. Dette er ikkje utradisjonelle verdiar i avis-samanheng, men det viser likevel at BT set *det saklege* høgt. Markeringa av avstand til mindre seriøse aviser blir også klart uttrykt: ”BT er ikke som Dagbladet, VG eller BA- og skal ikke være det. Våre lesere forventer en seriøs og pålitelig avis, som ikke er så opptatt av kjendiseri, av fiffen – en avis de kan stole på” (lesarombod Terje Angelshaug i BT 25.11.04). Viljen til å framstå som troverdig er grunnleggjande i BT og kan ha vore det som ’tvinga’ fram ei såpass sindig haldning under EU-debatten.

7.3 Dagbladet

Dagbladet er ei av Noregs største riksdekkjande aviser og vert kalla ’tabloid’ både når det gjeld innhald og format. Medievitarar har karakterisert avisa som *schizofren* fordi den står for både det beste og det verste i norsk journalistikk. Delar av avisa byr på seriøse politiske analysar og djuptgåande kulturstoff, andre delar konkurrerer med sladreblada i stoffet. Denne samansette profilen gjer at DB sin lesarskare også er svært heterogen, den appellerer til ulike segment i befolkninga fordi den er så mangesidig. Det er høgt sannsynleg at det blant lesarane i 1994 også var mange nei-folk. I motsetnad til BT som også var ja-avis med mange nei-lesarar fór ikkje DB like varsamt fram i EU-debatten.

Som eg har vist i analysen, var kritikken ofte krass mot EU-motstandarane, og avisa verka ikkje redd for å skremme bort eventuelle nei-folk. Kanskje kan noko av årsaka vere nettopp det at DB er ei splitta avis med motstridande sider. Mange av lesarane kjøper ikkje avisa primært for den seriøse journalistikken, det er heller den populærjournalistiske sida som er det avgjerande. Ut i frå ein slik bruk er avisa sitt EU-syn irrelevant, noko som kan ha gjort det lettare å opptre meir kompromisslaust i debatten. Kanskje kan det også ha hatt noko å seie at også VG var ja-avis, det var altså ikkje noko nei-alternativ blant dei to store laussalsavisene. DB trong dermed

ikkje vere redd for å miste lesarar til konkurrenten på grunn av EU-synet sitt. Den retoriske situasjonen var dermed ein heilt annan for DB enn for BT. Det høvelege for BT var å opptre avbalansert og nøkternt, trass i det klare standpunktet for EU. Noko anna ville vore ei form for disrespekt for alle nei-lesarane deira. Eit anna poeng er sjølv sagt at dei sikkert ikkje ville risikere å *miste* desse lesarane. For DB sin del var det altså kanskje ikkje så stor risiko å gå så sterkt ut mot meiningsmotstandarane som dei gjorde. Ein annan viktig del av den retoriske situasjonen er det faktum at Dagbladet er ei utprega *Oslo-avis*. Dette kjem til syne blant anna i haldninga eg meinte å kunne spore mot nei-folk i distrikta.

Historisk har Dagbladet også tradisjon for å vere kompromisslaus og subjektiv i skrivemåten. Martin Eide skriv om den såkalla 'Dagbladstilen', denne stilen var prega blant anna av ein vilje til sjangerblanding, subjektiv journalistikk og ei omtaleform som ofte grensa til sjikane. Eide skriv blant anna:

Dagbladstilens ideologi og mye av dens praksis kan klart anføres under kontoen for en samfunnsdebatt med temperatur. Journalistikken skal ikke bare måle temperaturen, den skal drive den opp. Avisen skal ikke være et termometer. Den skal bære ved til bålet for å holde oppe gløden i det offentlige ordskifte (Eide 1993: 477).

Sjølv om omgrepet 'Dagbladstilen' er brukt i historisk samanheng, og Eide i all hovudsak skriv om avisa sine skribentar frå tida før 1970, er sitatet ovanfor også treffande for artiklane eg analyserte. Eide skriv også at Dagbladstilen framleis kan skimtast i avisa.

7.4 Klassekampen

Varemerket til KK er å vere hard mot meiningsmotstandarane sine, formålsparagrafen inneheld sterke ord og er ei slags kamperklæring i seg sjølv: "[...] inspirere og bidra til ideologisk kritikk, organisering og politisk kamp mot slike forhold ut ifra et revolusjonært, sosialistisk grunnsyn".²² Den retoriske situasjonen for KK var dermed klar; dei 'måtte' vere kompromisslause i EU-striden. Slik EU-kampen framsto i KK, var det snakk om ein kamp mellom 'folket' og 'makta'. I lys av teori om den retoriske situasjonen blir då den einaste riktige reaksjonen på dette å kjempe mot EU og EU-tilhengjarane med så sterke ord som mogleg.

Vinklinga på EU-saka gjorde det 'umogleg' å vere forsonande, KK framstilte EU-spørsmålet på ein svært lite nyansert måte, som gjorde at avstemminga fekk preg av å vere eit val

²² Sjå vedlegg 2.

mellom godt og vondt. Ei slik vinkling kan også ha vore med på å presse fram den skarpe språkbruken. KK skal altså blant anna bidra og inspirere til ideologisk kritikk, og det er nettopp dette leiarartiklane om EU-saka gir inntrykk av. EU-tilhengjarar vart nærast utelukkande framstilt som bemedla maktmenneske, gjerne menn og frå urbane strøk. Dette er ein *del* av sanninga, men slik KK presenterte det, føyde dette seg inn i ei klassisk 'folket mot makta'-forteljing. Derfor kunne KK sin kritikk mot EU bli ein meir altomfattande ideologisk kritikk mot skeivfordeling i samfunnet både når det gjaldt pengar og makt. Ved å gjere EU-spørsmålet til ikkje berre eit politisk spørsmål, men også til å bli eit etisk spørsmål der ja-folk vart likestilte med kyniske egoistar, kunne dette legitimere denne forholdsvis sterke bruken av fiendebilete som KK gjorde nytte av.

Den radikale venstresida er kjent for å ha ein folkeleg, uhøgtidleg og 'rufsete' stil. Her tar eg berre for meg språkbruken, og i KK-analysen kommenterte eg det eg ga merkelappen 'folkeleg språkbruk'. Dette er det folk forventar å finne i Klassekampen, slik sett kan det sjåast i samanheng med det som innan sjangerlæra vert kalla ei slags sosial kontrakt mellom mottakar og avsendar (Østbye mfl. 2002: 70). Klassekampen er ikkje avisa for kompromiss og forsoning, og ein kan kanskje strekkje det så langt som å seie at det 'sømmelege' for KK var å vere det andre ville kalla *usømmeleg*.

7.5 Nationen

I følge formålsparagrafen skal Nationen "[...] ivareta bygdefolkets og distriktenes økonomiske, sosiale og kulturelle interesser".²³ Dette kjem klart til syne i leiarartiklane, ein stor del av artiklane var vinkla utfrå bønder flest sitt syn på EU-saka. Nationen er tidlegare senterpartiavis, og mange av lesarane sympatiserer med partiet og er sjølve også tilknytta primærnæringa. Det høvelege for Nationen var dermed å vinkle EU-stoffet slik dei gjorde, med eit klart nei til unionen, samt eit kritisk blick på Landbruksdepartementet. No var ikkje Nationen like krass mot ja-sida som KK. Årsaka ligg kanskje i det at Nationen ikkje har samme tradisjon som KK i å vere ei uttrykt *kamp*-avis. Skrivestilen til ei avis er ofte noko innarbeid og tradisjonsprega, og det er ikkje utenkjeleg at dette gjorde det lettare for KK å ty til krassare språk enn det som var tilfelle for Nationen. Kampånd à la Klassekampen lar seg ikkje omsetje til leiarartiklar utan vidare.

²³ Sjå vedlegg 2.

Som nemnt tidlegare kjem ikkje Nationen med direkte kritikk av ja-veljaren i seg sjølv, men kritiserer heller argumentasjonen til ja-veljarar generelt. På dette punktet skil avisa seg frå KK. Litt av grunnen kan vere noko av det same som eg var inne på ovanfor, at Nationen har ein annan bakgrunn og tradisjon enn KK. Den politiske forhistoria seier ein heil del om kva type aviser det er snakk om, og sentrum er som namnet tilseier meir moderat enn det radikale venstre. Nationen er mykje meir stillfaren, formålsparagrafen inneheld ikkje ei einaste kamytring. Dette kan ha lagt ein dempar på bruken av fiendebilete og krass språkbruk, sjølv om dei i like stor grad som KK var engasjerte i EU-kampen.

7.6 Diskusjon av problemstilling og framgangsmåte

I innleiingskapitlet formulerte eg hovudproblemstillinga i oppgåva slik: "Korleis framstilte avisene på leiarplass meiningsmotstandarane i EU-kampen?". Gjennom nærlesing og tekstanalyse har eg prøvd å kategorisere framstillingsformene til dei ulike avisene.

Som eg nemnde i metodeintroduksjonen er det ein fare ved denne typen oppgåver at den deskriptive delen vert for dominerande. Det er ei vurderingssak i kor stor grad ein skal dokumentere og underbygge kategoriane ein kjem fram til. Framgangsmåten min har vore å sitere fyldig frå avisene, og grunnen til dette er todelt. For det første fungerer det som direkte dokumentasjon på påstandane mine. For det andre er det vanskeleg å skrive meiningsfylt om språkbruk og framstillingsmåtar utan støtte i dei konkrete utsegnene, det blir for abstrakt og lite lesarvennleg.

Den deskriptive sida ved oppgåva er vegd opp med at eg undervegs i analysen har tolka dei ulike framstillingsmåtene i lys av det eg med eit sekkeomgrep har kalla 'fiendebileteteori' og og retoriske analyseverktøy.

Hypotesen eg arbeidde utifrå var at jo meir involvert avisa var i EU-kampen, jo sterkare var ordbruken. Tolkinga av funna mine kan tyde på at dette berre delvis stemmer. Det kan argumenterast for at til dømes Nationen var like involvert som KK, men at tradisjon og skrivestil også var bestemmande for ordbruken. Likeeins kan ein tenkje seg at DB si fortid som uredd 'rabulist' kan ha ført til at dei brukte ein sterk ordbruk, utan at ein dermed kan konkludere med at dei var meir engasjert enn til dømes BT. Det som også må takast med i biletet, er den retoriske situasjonen, og konteksten rundt. Forhold som publikum, skrivestil og kommersielle omsyn var også faktorar som spelte inn og regulerte måten avisene opptredde på i EU-debatten.

Materialet er for tynt til at eg kan komme med nokon handfaste konklusjonar, nedslagsfeltet var berre på fire veker, og av desse handla heller ikkje alle leiarartiklane om EU. Analysane kan likevel gi ein indikasjon på dominerande trekk ved dei ulike avisene sin journalistikk på leiarplass. I avrundinga som følgjer vil eg utvide perspektivet og komme med ei drøfting av politisk journalistikk på meir generell basis.

8. Avslutning

8.1 Medieskapt politisk kommunikasjon

Christian Kock²⁴ kritiserer både media og politikarar for å vere for opptatt av *kamp*-aspektet ved politikk. Han kjem med ein interessant diskusjon rundt denne oppfatninga av politikk som kamp: ”Er det da ikke sandt at politikk i sit væsen *er* kamp mellom modsatte holdninger? Er der et bedre alternativ til denne oppfattelse af hvad politik handler om? Et alternativ er at sige at politik [...] handler om statskunst, eller vi kunne sige samfundskunst, dvs. det bedst mulige styre af samfundet” (Kock 2003: 161). Dette alternative synet på politikk utelukkar ikkje i følgje Kock at det vil eksistere ulike oppfatningar om kva som er dei beste løysingane. Men forståinga av politikk som statskunst inneber mellom anna at: “[...] den politiske kommunikation i et demokrati må handle om forskellige bud på samfundets bedste styre og give borgerne bedst muligt grundlag for at danne sig en mening herom” (ibid.: 161).

Kock hevdar at ”Den politiske diskurs bliver i disse år presset ind i et diskursivt regime præget af antagonisme, personorientering og strategitænkning – og væk fra politisk hold [...]” (ibid.: 177). Når representantar frå mediene (særleg dei mest kommersielle) vert konfronterte med dette, er ofte svaret at dei leverer *det folk vil ha*. I følgje Kock er dette ein myte, folk vil ikkje ta avgjersler basert på hanekampdekking av politikken. Han kallar det ei alvorlig ’feilslutning’ av journalistane å tru at den vinklinga som er riktig for dei, automatisk vil vere den same som lesarane er interesserte i.

Årsaka til denne kampvinklinga på politikken er blant anna å finne i den aukande *profesjonaliseringa* av journalistikken, meiner forfattaren. Det at journalistikk er ein eigen profesjon, tvingar fram ei markering av forskjell frå andre grupper som befattar seg med same tema, som blant andre forskarar og politikarar sjølv. Kampsynet på politikk er såleis ei ’takknemleg’ vinkling fordi det markerer ein distinksjon, og samstundes er det ei lite krevande vinkling, reint kunnskapsmessig. Politikk er eit samansett og komplekst tema, og så snart ein bevegar seg under overflata, krev det innsikt og spesifikk viten. Kampframstillinga er slik sett lett å ty til, og i tillegg er det altså ei utbreidd oppfatning blant mediefolk at marknaden får det marknaden vil ha. Politikarar er altså også ifølgje Kock delaktige i denne prosessen. Ofte er det

²⁴ Kock skriv om danske forhold. Det er likevel grunn til å tru at mykje av det han skriv kan vere gjeldande også for den norske situasjonen.

likevel berre halvhjarta, kanskje som eit resultat av å ha blitt ført inn i eit spor som mediene har lagt opp, og der alternativa verkar lite strategiske.

Martin Eide koplar i likskap med Kock mediespråket saman med ei spesifikk profesjonsutvikling i journalistikken: ”Når det gjelder tendensen til atletisering og intimisering i den politiske journalistikken, representerer den en utilstrekkelig politikkforståelse. Dens gjennomslag kan delvis forstås som uttrykk for en profesjonsideologisk markering av journalistisk uavhengighet” (M. Eide 1999: 45).

Kock peikar på det han kallar to grunnreglar for medieskapt politisk kommunikasjon. Den første er den eg har vore inne på ovanfor, at politikarar vinn fram med det han kallar ein antagonistisk, personorientert diskurs. I tillegg er det altså eitt prinsipp til som gjer seg gjeldande: ”[...] nemlig at alt hvad politikerne siger og gør, beskrives som ’strategisk’ motiveret. Man tolker principielt politiske ytringer og initiativer som manøvrer i en kamp hvor det for alle parter alene gælder om at forbedre deres egen position” (ibid.: 165). Siri Meyer kjem med liknande karakteristikkar: ”Den politiske journalistikken styres av et bestemt syn på politisk kommunikasjon: Politikk er kamp. Og kampen er et strategisk spill om posisjoner om innflytelse mellom personer og enkeltgrupper. Det dreier seg om konflikter og personer, ikke om politiske saker” (Meyer 2003: 19).

8.2 Objektivitet eller journalistikk?

Christian Kock meiner avisene rett og slett vert mindre truverdige dersom dei er altfor bastante: ”Når f.eks en avis og dens kommentatorer skråsikkert træder frem som advokater i sagen og ensidigt kører enten den ene eller den anden argumentation – så bliver avisen også utroværdig” (Kock 2002: 50). Vidare er han kritisk til den ’doktrina’ innan journalistikken som tar utgangspunkt i at ”[...] man arbejder ud fra en bestemt vinkel, undertiden kaldet en ’præmis’, også når man udvælger og skriver politisk stof. Dette synspunkt [...] går hånd i hånd med en ofte gentagen tese om at objektivitet i journalistik ikke eksisterer” (ibid.: 45). Kock tar derimot til orde for at *objektivitet* (igjen) skal vere eit ideal avisene bør strekkje seg etter, han meiner at det at ein arbeider utfrå ei spesifikk vinkling kan føre til at ein leiter etter svar som passar til hypotesen, altså motsett gjengse vitenskaplege forskingsprinsipp.

Dag Nordbotten Kristoffersen peikar med utgangspunkt i offentleg pressepolitikk på dei ulike ’funksjonane’ pressa kan ha, og nemner informasjons-, aktør- og forumfunksjonen som tre

grunnleggjande funksjonar (Kristoffersen 1996). Dersom det finn stad ei svekking av informasjonsfunksjonen samtidig med ei styrking av aktørfunksjonen vil dette i følgje Kristoffersen "[...] undergrave forutsetningene for det representative demokratiet fordi velgerne ikke får relevant og tilstrekkelig faktaorientert informasjon som grunnlag for den politiske debatt" (Kristoffersen 1996: 12).

Allern sitt syn på politisk journalistikk står i kontrast til Kock sitt. Han vektlegg ikkje kompromisset i så stor grad, og meiner ikkje ei avis blir mindre truverdig av å vere bastant. Tvert imot kan det verke som om Allern står for eit motsett syn, at jo klarare ein viser sine politiske verdiar, jo meir styrka vert ethos-sida.

Allern er kritisk til det han (og fleire) kallar 'journalisme'. Han viser til ein journalist som hevdar å følgje 'journalistiske verdiar' i den journalistiske metoden, og i følgje Allern er det problematiske med eit slikt prinsipp at det blir for uklart kva verdiar som eigentleg vert følgde: "Hva som vurderes som svakheter i samfunnet, er nødvendigvis knyttet til politiske og verdimeslige vurderinger uavhengig av det rent journalistiske" (Allern 2001: 23). Etter hans syn er altså framleis dei politiske verdistandpunkta til stades, men dei vert forsøkt skjulte, og kan også føre til ei 'flokktenking' blant journalistane, fordi det er lettare å halde seg til allment aksepterte haldningar. I likskap med dette skriv Kristoffersen:

Det er heller ikke gitt at uavhengigheten bare styrker pressens bidrag til en fungerende politisk offentlighet. En uavhengig, deskriptiv og analyserende tilnærming på lederplass kan over tid bidra til å svekke avisenes samfunnsmessige engasjement ved at mangfoldet av meninger reduseres. En slik utvikling kan føre til 'flokkjournalistikk' eller 'politisk korrekthet i den menings-orienterte journalistikken (Kristoffersen 1996: 66).

8.3 'Anti-politik'

I følgje forfatarane Antorini, Dahl og Goldschmidt er det eit stort problem i dagens samfunn (i Danmark) at det dei kallar '*anti-politik*' erstattar politikk. Antipolitikk kan skildrast som ein 'skyttergravskrig', der det ikkje er rom for diskusjon og konstruktiv meningsutveksling. Ifølgje forfatarane skal politikk innebere nettopp dette siste, medan "Motsat sker der i anti-politik det, at de enkelte parter ikke tilkender modparternes synspunkter nogen rimelighed eller berettigelse og derfor på forhånd har afgjort at uanset hvad der kommer frem i debatten vil de ikke flytte sig" (Antorini, Dahl og Goldschmidt 2001: 27). Dei nemner særleg Europapolitikken og innvandringspolitikken som område der dette fenomenet gjer seg gjeldande:

”Indvandringsspørsmålet er utsatt for en lignende anti-politik. Mellom de indvandringspositives råd: ’du er idiot’ og de indvandringsnegatives råd: ’det kan du selv være’ er der ikke plass til politikk. Kun fordømmelse og anti-politik” (ibid.: 26).

Sjølv om forfattarane bruker Danmark som erfaringsmateriale, er mykje av det dei skriv kjenneteiknande også for situasjonen i Noreg. Dei skriv til dømes følgjande om avstemmingane i Europapolitikken: ”Mellom afstemningerne er der en påtrængende tavshed fra både regering og opposition. Så kommer afstemningerne med deres oppiskede og lidet eftertænksomme grundstemning af gammelt familieskænderi” (ibid.: 26). Situasjonen som blir skildra stemmer likevel ikkje heilt med den norske. Her i landet har særleg ja-partia prøvd å unngå EU-spørsmålet i ein del valkampar i frykt for å tape stemmer. Nei-partia har derimot ofte sankt stemmer på grunn av EU-standpunktet og dermed sett seg tent med ein EU-debatt. Likevel er ’gammelt familieskænderi’ svært treffande også på den norske situasjonen. Mykje av argumentasjonen og nedrakkinga var ein repetisjon frå debatten frå 1972 (Todal Jenssen 1995).

8.4 ’Argument is war’

I følgje Kock fører den type journalistikk som einseitig framstiller politikk som ’selvisk magtkamp’ til både ei desinteresse for politikk hos lesarane, og i tillegg ei meir generell politikarforakt (ibid.: 65). Han kallar denne journalistiske vinklinga det ’strategisk-kyniske’ synet på politikk. Kanskje kan dette synet sjåast i samanheng med den spesielle forma for spel- og kampmetaforikk som mange har påpeika som eit trekk ved politisk journalistikk. Denne språkbruken framstiller også politikk som eit kynisk maktspel, der politikarane først og fremst synest å vere ute etter personleg vinning og der sjølve det politiske arbeidet vert redusert til ein kamp for kampens skuld. I tillegg representerer ein slik språkbruk ofte ei forenkling av kompliserte politiske saker, ei forenkling som i staden for å forklare snarare tilslører samanhengane. Martin Eide er inne på noko av det same når han skriv:

Sportsmetaforer og intimitetsmetaforer vil i seg selv innebære en særdeles mangelfull forståelse av politikk. De vil lett invitere til en individualisering og begå den populærjournalistiske synden det er å tilby ’the experiences of the individual as the direct and unmediated key to the understanding of social totality’ (M. Eide 1999: 43, Sparks (1992: 41) i sitat).

Lakoff og Johnson skriv som eg har vore inne på tidlegare om korleis metaforar ikkje berre styrer språket vårt, men også er strukturerande for måten vi tenkjer og handlar på. Eit av eksempla dei bruker for å illustrere dette er det metaforiske uttrykket 'argument is war' (Lakoff og Johnson 1980: 4). Dei kjem med ei rekkje eksempel på korleis vi i vår kultur (den vestlege, går eg utifrå) omtalar 'argument'²⁵ som kamp. Eit av hovudpoenga deira er blant anna at: "The language of argument is not poetic, fanciful, or rhetorical; it is literal. We talk about arguments that way because we conceive of them that way – and we act according to the way we conceive of things" (ibid.: 5).

Kock forklarte den utbreidde kampvinklinga i politisk journalistikk blant anna med den aukande profesjonaliseringa av journalistyrket. Lakoff og Johnson sine teoriar om metaforen som strukturerande også for handlingane våre gjer denne kampvinklinga meir allmenngyldig. Å tenkje seg diskusjon utan i kamptermar er så å seie umogleg for oss. Forfattarane illustrerer dette med å skissere ein alternativ tenkjemåte. Dei oppfordrar oss til å tenkje på 'argument' som *dans*: "In such a culture, people would view arguments differently, experience them differently, carry them out differently, and talk about them differently. But *we* would probably not view them as arguing at all: they would simply be doing something different" (Lakoff og Johnson 1980: 5).

Å tenkje seg diskusjon som kamp, er så inkorporert i oss at det kan vere problematisk å forstå at det *er* snakk om ein metaforisk talemåte i det heile. Forfattarane peikar også på at det som gjer det mogleg å tenkje metaforisk automatisk også skuggar for andre forståingsmåtar. Til dømes det at ein oppfattar 'argument' som kamp, hindrar oss i å sjå andre sider ved fenomenet: "Someone who is arguing with you can be viewed as giving you his time, a valuable commodity, in an effort at mutual understanding. But when we are preoccupied with the battle aspects, we often lose sight of the cooperative aspects" (ibid.: 11). Christian Kock si oppfordring til også å sjå politikk som det best moglege styre av samfunnet, ikkje berre ein kamp mellom motsette haldningar, kan sjåast i samanheng med dette (Kock 2002).

8.5 Kontroversens dilemma

Leiarartiklane vert lesne av den delen av befolkninga med mest makt. Desse forvaltar ei makt over økonomiske ressursar, men også over meiningsdanninga. Leiarane vert altså skrivne for

²⁵ 'Argument' vert i engelsk-norsk ordbok omsett slik: "1. trette; krangel; uvennlig diskusjon; 2. diskusjon; meningsutveksling; argumentasjon; 3. argument; [...]" (Kirkeby 1995: 33).

opinionsleiarar, og såleis kan ein seie at avisene på leiarplass spelar ei mektig rolle i opinionsdanninga, trass i den lave lesarprosenten. Denne makta over meiningsdanninga medfører eit visst ansvar. Pressepolitisk er også *ansvaret* til pressa understreka, og er blant anna det som legitimerer pressestøtta.

At avisene har klare synspunkt er på mange vis eit gode for lesarane. Avisene kan då fronte meiningsane, skape debatt og unngå 'ullen' common-sense tenking. Som Allern (2001) skriv, kan fråveret av politiske standpunkt skape ei flokktenkjing blant journalistane. Denne flokktenkjinga kan innebere ei like stor grad av verdisyn og meiningar som rein 'partijournalistikk', men er pakka inn i ei felles forståing og fortolkningsrammer slik at det nærast kan kallast ein ideologisk arbeidsmetode.

Det kan likevel setjast spørsmålsteikn til enkelte av avisene si framferd i EU-striden. Det dreidde seg om ei politisk komplisert sak der utfallet hadde store konsekvensar for landet, både når det gjaldt innan- og utanrikspolitikken. At folket så å seie var delt på midten er også symptomatisk for sjølve saka. Kanskje burde avisene på leiarplass reflektert dette meir? Når avisene i så stor grad nytta seg av negative karakteristikkar av motparten kasta dei seg inn i kampen som aktørar på lik linje med andre politiske aktørar i EU-striden. Spørsmålet er om *det* er avisene si oppgåve, og om det lar seg sameine med dei andre rollene dei er sett til å ivareta.

Kontrovers er likevel sunt, og ulike synspunkt er ein del av eit demokrati. Posisjonering og tydeleg markering av divergens kan vere ein pådrivar for debatten. Motsette synspunkt kan i 'kollisjonen' drive fram ein ny syntese, eit kompromiss som ideelt sett inneheld det beste av dei ulike innfallsvinklane. Dilemmaet ved folkeavstemminga var at eit kompromiss var utelukka, utfallet *måtte* bli eitt av to. Kanskje hadde det likevel vore mogleg å flagge sitt eige synspunkt på saka utan å måtte ty til stereotypisk språkbruk? Ei påverking av opinionen treng ikkje vere synonymt med ei *sverting* av den divergerande opinionen.

Lakoff og Johnson sin invitasjon til å tenke på argument som andre fenomen enn krig fungerer 'underleggjerande' og verkar slik ein metafor etter Aristoteles sitt syn skulle. Det får ein ut av den sementerte tankegangen om at argument nødvendigvis og absolutt er ordstrid. Utan å risikere å bli for idealistisk burde det vore mogleg også i ein konflikt som EU-kampen faktisk å sjå på meiningsmotstandaren som ein som *har ei anna meinig*, og ikkje berre ein *motstandar*.

KJELDER

Litteratur:

Allern, Sigurd (2001) *Flokkdyr på Løvebakken: Søkelys på Stortingets presselosje og politikken medierammer*. Oslo: Pax.

Andersen, Øivind (1995) *I retorikkens hage*. Oslo: Universitetsforlaget.

Antorini, Christine, Henrik Dahl og Lars Goldschmidt (2001) *Det ny systemskifte*. København: Gyldendal.

Bejder, Peter og Kim Boye Holt (2003) *Fjender og fjendebilleder*. København: Mellomfolkeligt Samvirke.

Bitzer, Lloyd F. (1997) "Den retoriske situation". (Dansk omsetjing av Jens E. Kjeldsen). *Rhetorica Scandinavica*, nr. 3: 9-17.

Bjørklund, Tor (1997) *Om folkeavstemninger: Norge og Norden 1905-1994*. Oslo: Universitetsforlaget.

- (1999) *Periferi mot sentrum: Landsomfattende folkeavstemninger i Norge*, doktoravhandling. Oslo: Institutt for samfunnsforskning.

Blakar, Rolv Mikkel ([1973] 1996) *Språk er makt*, 6. utgåve. Oslo: Pax.

Coffey, Amanda og Paul Atkinson (1996) *Making sense of qualitative data. Complementary research strategies*. London: Sage Publications.

Dahl, Hans Fredrik (1993) "Da Dagbladet ble 'Dagbladet'" i Hans Fredrik Dahl, Gudleiv Forr, Leiv Mjeldheim og Arve Solstad (red.) *Utskjelt og utsolgt. Dagbladet gjennom 125 år*. Oslo: Aschehoug.

Eide, Elisabeth (2004) "Inn i det tredje rom" i Elisabeth Eide og Anne Hege Simonsen *Å se verden fra et annet sted: Medier, norskhet og fremmedhet*. Oslo: Cappelen.

Eide, Martin (1991) *Medievalkamp*. Oslo: Tano.

- (1993) "Pøbler i mellom: på sporet av Dagbladstilen" i Hans Fredrik Dahl Gudleiv Forr, Leiv Mjeldheim og Arve Solstad (red.) *Utskjelt og utsolgt. Dagbladet gjennom 125 år*. Oslo: Aschehoug.

- (1999) "Om journalistikk og metaforikk". *Rhetorica Scandinavica*, nr. 11: 38-45.

Eide, Tormod (1999) *Retorisk leksikon*. Oslo: Spartacus.

Galtung, Johan (1975) "Norge i verdenssamfunnet" i Natalie Rogoff Ramsøy og Mariken Vaa (red.) *Det norske samfunn, bind 2*. Oslo: Gyldendal.

Gauslaa, Stein og Stein B. Hauglid (1997) *VI: en bok om ledere*. Fredrikstad: Institutt for journalistikk.

Gripsrud, Jostein (1999) *Mediekultur, mediesamfunn*. Oslo: Universitetsforlaget.

Heradstveit, Daniel og Tore Bjørge (1986) *Politisk retorikk. Eit kommunikasjonsteoretisk perspektiv*. NUPI-Rapport nr.94. Oslo: NUPI.

Hovdenak, Marit, Laurits Killingbergtrø, Arne Lauvhjell, Sigurd Nordlie, Magne Rommetveit og Dagfinn Worren (red.) (1986) *Nynorskordboka. Definisjons- og rettskrivingsordbok*. Oslo: Det Norske Samlaget.

Hultén, Britt (2000) *Journalistikanalys: en introduktion*. Lund: Studentlitteratur.

Jasinski, James (2001) *Sourcebook on Rhetoric: Key Concepts in Contemporary Rhetorical Studies*. Thousand Oaks, California: Sage.

Johansen, Anders (1995) *Den store misforståelsen: "kulturarv" og "nasjonal egenart" i norgesreklame og politisk kultur: en advarsel*. Oslo: Tiden.

- (2002) *Talerens troverdighet: tekniske og kulturelle betingelser for politisk retorikk*. Oslo: Universitetsforlaget.

Karlberg, Maria og Brigitte Mral (1998) *Heder och påverkan*. Stockholm: Natur och kultur.

Kirkeby, William A. (1995) *Engelsk-norsk ordbok*. Oslo: Universitetsforlaget.

Kjeldsen, Jens E. (2002) *Visuel retorikk*, doktoravhandling, IMV-utgjeving nr. 50. Bergen: Institutt for medievitskap.

- (2004) *Retorikk i vår tid: en innføring i moderne teori*. Foreløpig utgåve. Oslo: Spartacus.

Kock, Christian (2002) "Ud af hvalfiskens bug" i Christian Kock (red.) *Forstå verden - politisk journalistik for fremtiden*. Fredriksberg: Samfundslitteratur.

- (2003) "Magtkamp eller statskunst: politisk kommunikation på mediernes præmisser" i Kjell Lars Berge, Siri Meyer og Tom Are Trippestad (red.) *Maktens tekster*. Oslo: Gyldendal akademisk.

Korsnes, Olav, Heine Andersen og Thomas Brante (1997) *Sosiologisk leksikon*. Oslo: Universitetsforlaget.

Kortner, Olaf, Preben Munthe og Egil Tveterås (1994) *Aschehoug og Gyldendals store norske leksikon*. Oslo: Kunnskapsforlaget.

Kristiansen, Kristof K. (1988) i Kristof K. Kristiansen og Jens R. Rasmussen (red.) *Fjendebilleder og fremmedhad*. København: FN-forbundet.

Kristoffersen, Dag Nordbotten (1996) *Pressens politiske funksjoner: kanal for informasjon, selvstendig aktør eller forum for debatt?: en innholdsanalyse av fire riksavisers omtale av Stortinget*, hovudoppgåve, Oslo: Institutt for statsvitenskap.

Lakoff, Johnson og Mark Johnson (1980) *Metaphors we live by*. Chicago, London: The University of Chicago Press.

Lindhardt, Jan (1999) *Retorik*, 3.utgåve. København: Rosinante.

Lippe, Berit von der og Svein Østerud (2004) "Språk og bilde i massemediene" i Berit von der Lippe (red.) *Medier, politikk og samfunn*. Oslo: Cappelen akademisk.

Lothe, Jakob, Christian Refsum og Unni Solberg (1997) *Litteraturvitenskapelig leksikon*. Oslo: Kunnskapsforlaget.

Meyer, Siri (2003) "Som det står skrevet. Tekst og makt: en introduksjon" i Kjell Lars Berge, Siri Meyer og Tom Are Trippestad (red.) *Maktens tekster*. Oslo: Gyldendal akademisk.

Nord, Lars (2001) *Vår tids ledare: en studie av den svenska dagspressens politiske opinionsbildning*. Stockholm: Carlsson.

Ottosen, Rune (1994) *Mediestrategier og fiendebilder i internasjonale konflikter: norske medier i skyggen av Pentagon*. Oslo: Universitetsforlaget.

- , Lars Arve Røssland og Helge Østbye (2002) *Norsk pressehistorie*. Oslo: Det Norske Samlaget.

- (2004) "Fiendebilder i journalistikken" i Berit von der Lippe (red.) *Medier, politikk og samfunn*. 4. utgåve. Oslo: Cappelen akademisk.

Petersson, Olof (1987) *Metaforernas makt*. Maktutredningens publikationer. Stockholm: Carlsson.

Riggins, Stephen Harold (1997) "The rhetoric of othering" i Stephen Harold Riggins (red.) *The Language and Politics of Exclusion: Others in Discourse*. Thousand Oaks, London, New Dehli: Sage.

Rydstedt, Rudolf (1993) *Retorik*. Lund: Studentlitteratur.

Said, Edward W. ([1978] 2003) *Orientalism*. London: Penguin Books.

Schwebs, Ture og Helge Østbye ([1988]1997) *Media i samfunnet*. 3. utgåve. Oslo: Det Norske Samlaget.

Simensen, Jens O. (1999) *Meningsbærer eller meningsløs? Om avisenes samfunnsrolle*. Fredrikstad: Institutt for Journalistikk.

Sørby, Jan Inge (1991) *Offentleg samtale. Innføring i presse-etiske grunnspørsmål*. Oslo: Det Norske Samlaget.

Todal Jenssen, Anders (1995) "Ouverturen" i Anders Todal Jenssen og Henry Valen (red.) *Brussel midt imot: Folkeavstemningen om EU*. Oslo: Ad notam Gyldendal.

- og Ola Listhaug (1995) "I kampens hete: Mistillit, fiendskap og intoleranse" i Anders Todal Jenssen og Henry Valen (red.) *Brussel midt imot: Folkeavstemningen om EU*. Oslo: Ad notam Gyldendal.

- , Ola Listhaug og Per Arnt Pettersen (1995) "Betydningen av gamle og nye skiller" i Anders Todal Jenssen og Henry Valen (red.) *Brussel midt imot: Folkeavstemningen om EU*. Oslo: Ad notam Gyldendal.

Østbye, Helge, Knut Helland, Karl Knapskog og Leif Ove Larsen (2002) *Metodebok for Mediefag*, 2.utgåve. Bergen: Fagbokforlaget.

Aardal, Bent (1995) "Ideologi på tvers?" i Anders Todal Jenssen og Henry Valen (red.) *Brussel midt imot: Folkeavstemningen mot EU*. Oslo: Ad notam Gyldendal.

- og Anders Todal Jenssen (1995) i Anders Todal Jenssen og Henry Valen (red.) *Brussel midt imot: Folkeavstemningen mot EU*. Oslo: Ad notam Gyldendal.

Avisartiklar:

Bergens Tidende: 25.11.04 "BTydelig makt over saker og sinn".

31.10.94, 3.11.94, 4.11.94, 5.11.94, 7.11.94, 12.11.94, 14.11.94, 15.11.94, 22.11.94, 26.11.94, 28.11.94 (leiarartiklar).

Dagbladet: 29.10.94, 1.11.94, 3.11.94, 5.11.94, 6.11.94, 7.11.94, 8.11.94, 9.11.94, 12.11.94, 14.11.94, 15.11.94, 16.11.94, 17.11.94, 18.11.94, 21.11.94, 24.11.94, 25.11.94, 26.11.94 (leiarartiklar).

Klassekampen: 29.10.94, 31.10.94, 1.11.94, 2.11.94, 3.11.94, 7.11.94, 8.11.94, 10.11.94, 12.11.94, 14.11.94, 15.11.94, 16.11.94, 17.11.94, 18.11.94, 19.11.94, 21.11.94, 22.11.94, 23.11.94, 24.11.94, 25.11.94, 26.11.94, 28.11.94 (leiarartiklar).

Nationen: 1.11.94, 2.11.94, 7.11.94, 8.11.94, 11.11.94, 12.11.94, 15.11.94, 17.11.94, 19.11.94, 21.11.94, 24.11.94 25.11.94, 26.11.94, 28.11.94 (leiarartiklar).

Ny Tid: nr. 31/94 ”Da nei-folket var røde hunder”.

Nettadresser:

<http://www.ssb.no/emner/07/02/30/medie/sa78/avis.pdf> (14.05.06).

<http://www.rhetorforlag.dk/rm/omrm.html> (14.05.06).

<http://www.snl.no/article.html?id=691273&o=1&search=eu> (14.05.06) (tilgjengeleg for abonnentar).

<http://www.morgenbladet.no/apps/pbcs.dll/article?AID=/20050610/SPALTISTER/106100009&SearchID=73244383965872> (14.05.06) (tilgjengeleg for abonnentar).

<http://www.nrk.no/nyheter/eu/3730466.html> (14.05.06).

VEDLEGG 1:**Oversikt over EU-artiklar i utvalsperioden 28. oktober – 28. november 1994.**

Der leiarartiklane består av fleire delar er dette markert i oversikta. Dagbladet var den einaste av avisene som hadde søndagsutgåve i 1994.

Klassekampen	Dagbladet	Bergens Tidende	Nationen
<p>Del 1: 25</p> <p>(27, 28, 29, 31. okt. 1, 2, 3, 7, 8, 9, 10, 11, 12, 14, 15, 16, 17, 18, 19, 22, 23, 24, 25, 26*, 28. nov.)</p> <p>* Den 26. nov. var ikkje leiarartikkelen delt.</p>	<p>Del 1: 16</p> <p>(29. okt. 2, 3, 7, 8, 9, 12, 14, 15, 16, 18, 21, 24, 25*, 26, 27. nov.)</p> <p>* Den 25. okt var ikkje leiaren tredelt.</p>	<p>Del 1: 9</p> <p>(31. okt. 7, 12, 14, 15, 19, 22, 26, 28. nov.)</p>	<p>Del 1: 19</p> <p>(27 okt. 1, 2, 7, 8, 9, 11, 12, 15, 16, 17, 19, 21, 22, 23, 24*, 25, 26, 28 nov.)</p> <p>* Den 24. nov var leiaren todelt, begge delane handla om EU.</p>
<p>Del 2: 13</p> <p>(27. og 31. okt. 7, 8, 9, 12, 15, 16, 18, 21, 23, 25, 28. nov.)</p>	<p>Del 2: 13</p> <p>(3, 5, 7, 8, 10, 14, 15, 16, 17, 18, 21, 25, 28. nov.)</p>	<p>Del 2: 8</p> <p>(31. okt. 3, 4, 5, 7, 12, 23, 28. nov.)</p>	
	<p>Del 3: 16</p> <p>(29. okt. 1, 3, 5, 6, 7, 9, 10, 12, 14, 15, 16, 19, 24, 26, 27. nov.)</p>		

VEDLEGG 2:

Formålsparagrafar:²⁶

Dagbladet:

”A/S Dagbladets formål er å drive det i Oslo utkommende dagblad av samme navn, i det dette skal fortsette som et uavhengig venstreorgan for frisinnnet og fremskrittvennlig politikk i nasjonal, sosial og økonomisk henseende. Virksomheten skal ikke tjene private eller personlige formål eller interesser av noen art. Selskapet skal også kunne drive forlag og annen beslektet virksomhet”.

Nationen:

”Selskapets formål er å utgi avisen Nationen. Bladet skal ivareta bygdefolkets og distriktenes økonomiske, sosiale og kulturelle interesser. Avisen skal redigeres i samsvar med denne formålsparagrafen. Selskapets hovedkontor er i Oslo”.

Klassekampen:

”Klassekampen skal drive en seriøs kritisk journalistikk, med allsidige og økonomiske avsløringer av alle former for utbytting, undertrykking og miljøødeleggelser – samt inspirere og bidra til ideologisk kritikk, organisering og politisk kamp mot slike forhold ut ifra et revolusjonært, sosialistisk grunnsyn”.

Bergens Tidende:

”Avisen Bergens Tidende skal være en frittstående, liberal, borgerlig (ikke-sosialistisk) avis, partipolitisk uavhengig. Avisens generelle grunnsyn skal bygge på et progressivt og menneskelig samfunnssyn. Den redaksjonelle ledelse skal ha som oppgave å lage en avis som gir sine lesere i by og bygd saklig og sann orientering om det som foregår lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Redaksjonsledelsens integritet skal være uavkortet så vel utad som innad”.

²⁶ Formålsparagrafane har eg fått tilsendt på e-post av redaksjonane. Desse gjaldt også 1994.

